

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Møtebok for Kommunestyret

Den 08.12.2009 kl 10:00 – 16.45 , heldt Kommunestyret møte på Kommunehuset.

Følgjande saksnummer vart handsama i møtet: 080/09 - 105/09

Innkalling til møtet var sendt ut den: 02.12.2009.

### Desse møtte:

|                          |                       |                       |
|--------------------------|-----------------------|-----------------------|
| <b>Arbeiderpartiet:</b>  | <b>Høgre:</b>         | <b>Senterpartiet:</b> |
| Jan Otto Daae, vara      | Marianne Ulvatn, vara | Vigdis Søvik          |
| Lars Solheim             | Frode Langhelle       | Jon Terje Sætre       |
| Dina Merete K. Dyrhovden | Wenke Fredheim Ekren  |                       |
| Bjørn Egil Nordland      | Karstein Totland      |                       |
| Laila Solhaug Reknes     |                       |                       |
|                          |                       |                       |
| <b>FORFALL:</b>          | <b>FORFALL:</b>       | <b>FORFALL:</b>       |
| Liv Oda Dale             | Håkon Matre, ordførar |                       |

|                                 |                          |                      |
|---------------------------------|--------------------------|----------------------|
| <b>Kristeleg Folkeparti:</b>    | <b>Framstegspartiet:</b> | <b>Venstre:</b>      |
| Kari Skår Sørheim, varaordførar | Willy Borge              | Leila Torsvik Andvik |
| Marit Steinestø, vara           | Erlend Kvamsdal, vara    | Per Einar Langhelle  |
|                                 |                          |                      |
| <b>FORFALL:</b>                 | <b>FORFALL:</b>          | <b>FORFALL:</b>      |
| Siri Tangedal Kratzmeier        | Tore Helland             |                      |

### Frå administrasjonen møtte:

|   |
|---|
| Rådmann Lovisa Midtbø                         |
| Ass. rådmann Svein Helge Hofslundsengen       |
| Sekretær Gerd Allis Håheim som førte møteboka |
| Rådgjever Alf Strand                          |

| Ugilde | Sak | Følgjande varamedl. møtte |
|--------|-----|---------------------------|
|        |     |                           |

|                           |  |
|---------------------------|--|
| <b>Møteleiar:</b>         | Fungerande ordførar Kari Skår Sørheim  |
| <b>Utlevert i møtet:</b>  | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Til sak 81/09: Brev frå politiet og Miljøverndepartementet</li> <li>• Til sak 85/09: Ref. frå møte i idrettsrådet den 26.11.09</li> <li>• Til sak 98/09: Div. innspel til budsjett 2010 (sjå på saka)</li> <li>• Tilleggssak 105/09 Søknader om avsetjing av unyttar midlar 2009 rekneskapen</li> </ul> |
| <b>Orientering:</b>       |  |
| <b>Sp.mål/interpell.:</b> |  |

Fungerande ordførar Kari Skår Sørheim ynskte velkomen til det siste kommunestyret i 2009.

Det var ingen merknad til innkallinga og den vart godkjent.

Fungerande ordfører Kari Skår Sørheim sa at det vil bli sendt ei blomehelsing til ordfører Håkon Matre frå kommunestyret.

Sørheim orienterte om ei tilleggsak 105/09 Søknader om avsetjing av unytta midlar i 2009 rekneskapen, og spurde om den kunne bli tilført saklista.  
Kommunestyret godkjende det.

Sørheim orienterte om dagsorden og sa at det ville bli delt ut eit framlegg til kjøreplan.

Sørheim gjorde framlegg om Erlend Kvamsdal og Laila S. Reknes til å skriva under møteboka.

Framlegget vart samrøystes godkjent.

**Sakslista vart etter dette godkjent.**

## Sakliste

| <b>Sak nr.</b> | <b>Arkivsaknr</b> | <b>Sakstittel</b>   | <b>Sidetal</b> |
|----------------|-------------------|---|----------------|
| 080/09         | 09/828            | Godkjenning av møteprotokoll  | 5              |
| <b>Sak nr.</b> | <b>Arkivsaknr</b> | <b>Sakstittel</b>   | <b>Sidetal</b> |
| 081/09         | 09/827            | Skriv og meldingar  | 6              |
| <b>Sak nr.</b> | <b>Arkivsaknr</b> | <b>Sakstittel</b>   | <b>Sidetal</b> |
| 082/09         | 09/804            | Etablering av oppreisningsordning - barnevern   | 8              |
| <b>Sak nr.</b> | <b>Arkivsaknr</b> | <b>Sakstittel</b>   | <b>Sidetal</b> |
| 083/09         | 09/77             | Klasseturar - skuleturar - studietur 2009   | 11             |
| <b>Sak nr.</b> | <b>Arkivsaknr</b> | <b>Sakstittel</b>   | <b>Sidetal</b> |
| 084/09         | 09/776            | Høyring - Forslag til endring i opplæringslov og privatskulelov - Leksehjelp, skyss og politiattest | 14             |
| <b>Sak nr.</b> | <b>Arkivsaknr</b> | <b>Sakstittel</b>   | <b>Sidetal</b> |
| 085/09         | 06/761            | Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2007 - 2010   | 16             |
| <b>Sak nr.</b> | <b>Arkivsaknr</b> | <b>Sakstittel</b>   | <b>Sidetal</b> |
| 086/09         | 06/1082           | Bygdekino   | 20             |
| <b>Sak nr.</b> | <b>Arkivsaknr</b> | <b>Sakstittel</b>   | <b>Sidetal</b> |
| 087/09         | 09/709            | Barnehagesatsar 2010  | 25             |
| <b>Sak nr.</b> | <b>Arkivsaknr</b> | <b>Sakstittel</b>   | <b>Sidetal</b> |
| 088/09         | 09/726            | SFO satsar for 2010   | 26             |
| <b>Sak nr.</b> | <b>Arkivsaknr</b> | <b>Sakstittel</b>   | <b>Sidetal</b> |
| 089/09         | 09/710            | Elevbetaling i kulturskulen 2010  | 27             |
| <b>Sak nr.</b> | <b>Arkivsaknr</b> | <b>Sakstittel</b>   | <b>Sidetal</b> |
| 090/09         | 09/743            | Elevbetaling idrettsskulen 2010-2011  | 29             |
| <b>Sak nr.</b> | <b>Arkivsaknr</b> | <b>Sakstittel</b>   | <b>Sidetal</b> |
| 091/09         | 09/738            | Regulering av husleige for kommunale bustader og omsorgsbustader - revisjon vedtekter               | 30             |
| <b>Sak nr.</b> | <b>Arkivsaknr</b> | <b>Sakstittel</b>   | <b>Sidetal</b> |
| 092/09         | 09/708            | Rammetimetalet 2010 - 2011  | 34             |
| <b>Sak nr.</b> | <b>Arkivsaknr</b> | <b>Sakstittel</b>   | <b>Sidetal</b> |
| 093/09         | 09/746            | Eigenbetaling pleie og omsorg 2010  | 36             |
| <b>Sak nr.</b> | <b>Arkivsaknr</b> | <b>Sakstittel</b>   | <b>Sidetal</b> |
| 094/09         | 09/745            | Gebyrsatsar renovasjon og slam for Masfjorden kommune for 2010                                      | 39             |

| <b>Sak nr.</b> | <b>Arkivsaknr</b> | <b>Sakstittel</b>   | <b>Sidetal</b> |
|----------------|-------------------|---|----------------|
| 095/09         | 09/720            | Kommunale avgifter for 2010 - vatn, avlaup, slam og feiing + landbrukssaker | 41             |
| <b>Sak nr.</b> | <b>Arkivsaknr</b> | <b>Sakstittel</b>   | <b>Sidetal</b> |
| 096/09         | 09/748            | Gebyrregulativ for teknisk sektor for år 2010 for Masfjorden kommune        | 44             |
| <b>Sak nr.</b> | <b>Arkivsaknr</b> | <b>Sakstittel</b>   | <b>Sidetal</b> |
| 097/09         | 09/749            | Kraftfondsbudsjettet for 2010   | 46             |
| <b>Sak nr.</b> | <b>Arkivsaknr</b> | <b>Sakstittel</b>   | <b>Sidetal</b> |
| 098/09         | 09/573            | Årsbudsjett 2010 og økonomiplan 2010 - 2013 for Masfjorden kommune          | 49             |
| <b>Sak nr.</b> | <b>Arkivsaknr</b> | <b>Sakstittel</b>   | <b>Sidetal</b> |
| 099/09         | 09/826            | Delegerte vedtak  | 57             |
| <b>Sak nr.</b> | <b>Arkivsaknr</b> | <b>Sakstittel</b>   | <b>Sidetal</b> |
| 100/09         | 06/422            | Masfjorden gards- og ættesoge (Masfjordboka) på internett                   | 58             |
| <b>Sak nr.</b> | <b>Arkivsaknr</b> | <b>Sakstittel</b>   | <b>Sidetal</b> |
| 101/09         | 09/830            | Val av fungerande varaordfører i ordføraren sin sjukemeldingsperiode        | 59             |
| <b>Sak nr.</b> | <b>Arkivsaknr</b> | <b>Sakstittel</b>   | <b>Sidetal</b> |
| 102/09         | 09/831            | Lokalsamfunnsutvikling i Masfjorden 2010 - 2012 - Handlingsplan og budsjett | 60             |
| <b>Sak nr.</b> | <b>Arkivsaknr</b> | <b>Sakstittel</b>   | <b>Sidetal</b> |
| 103/09         | 09/443            | GMU A/S - søknad om driftstilskot frå kraftfondet - 2. handsaming           | 63             |
| <b>Sak nr.</b> | <b>Arkivsaknr</b> | <b>Sakstittel</b>   | <b>Sidetal</b> |
| 104/09         | 09/494            | Uttale til Plan for tannhelsetenester i Hordaland 2010 - 2013               | 66             |
| <b>Sak nr.</b> | <b>Arkivsaknr</b> | <b>Sakstittel</b>   | <b>Sidetal</b> |
| 105/09         | 09/820            | Søknader om unytta midlar 2009 rekneskapen                                  | 69             |

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

| SAKSGANG       |            |                     |                   |
|----------------|------------|---------------------|-------------------|
| Politisk organ | Møtedato   | Saksnr              | Sakshands.        |
| Kommunestyret  | 08.12.2009 | 080/09              | Gerd Allis Håheim |
| Arkiv: N-      |            | Arkivsaknr.: 09/828 |                   |

### SAK 080/09 - GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen frå kommunestyret den 03.11.2009 vert godkjent slik han ligg føre.

#### KS-080/09 VEDTAK:

Møteprotokollen frå kommunestyret den 03.11.2009 vert godkjent slik han ligg føre.

#### Det skjedde i Kommunestyret den 08.12.2009:

Framlegg til vedtak vart samrøystes godkjent.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

| SAKSGANG       |            |        |                   |
|----------------|------------|--------|-------------------|
| Politisk organ | Møtedato   | Saksnr | Sakshands.        |
| Kommunestyret  | 08.12.2009 | 081/09 | Gerd Allis Håheim |

|           |                     |
|-----------|---------------------|
| Arkiv: N- | Arkivsaknr.: 09/827 |
|-----------|---------------------|

### SAK 081/09 - SKRIV OG MELDINGAR

| Nr | Dok.ID  | T | Dok.dato   | Avsender/Mottakar                       | Tittel   |
|----|---------|---|------------|---|--|
| 1  | 09/4887 | U | 20.11.2009 | Statens vegvesen<br>Region Vest         | Trafikktryggleik E39<br>gjennom Masfjorden -<br>Haugsvær |
| 2  | 09/5044 | I | 19.11.2009 | Statens vegvesen<br>v/Gunnar Hjellestad | Vedtaksbrev om særskilt<br>fartsgrense på Haugsvær       |
| 3  | 09/5047 | I | 23.11.2009 | Fylkesmannen i<br>Hordaland             | Skatt på eige og inntekt pr<br>31.okt. 2009              |
| 4  | 09/4953 | X | 25.11.2009 |   | Nasjonale prøvar 2009                                    |

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

#### KS-081/09 VEDTAK:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre med desse tillegga:

**Oppmoding frå Ap i høve skriv 4) Nasjonale prøvar, om å førebu sak til kommunestyret ut på våren.**

#### Det skjedde i Kommunestyret den 08.12.2009:

Fungerande ordførar Kari Skår Sørheim orienterte om at det er lagt fram to tillegsskriv til sak om skriv og meldingar:

Skriv 5) Politiet dagsett 03.12.09 om opningstida ved avdelingskontoret i Masfjorden

Skriv 6) Miljøverndepartementet, dagsett 07.12.09 – Delegering av myndighet etter Forurensingsloven til kommunene- lagring av brukte gjenstander som medfører Fare for forurensing.

Fungerande ordførar gjekk no gjennom skriv og meldingar. Det vart gjeve høve til å koma med merknader undervegs.

Skriv 4) Nasjonale prøvar

**Dina Dyrhovden, Ap**, la fram dette skrivet til ordførar med oppmoding om at det blir førebudd sak på dette temaet.

”Masfjorden Arbeidarparti har lest og drøfta resultatata frå Nasjonale prøvar 2009. Desse resultatata veit me svingar frå år til år, og i små grupper får ein skild- Elevar sine prestasjonar store utslag. Det er viktig at det er den enkelte elev si læring, sine resultat og vidare utvikling som skal stå i sentrum.

Administrasjonsutvalet gav i sitt møte den 30.11.09 ein uttale der ein er bekymra for dei høge kostnadane som er i skulen i høve til elevtalet. **Me er informerte om vanskar med å rekruttere utdanna lærarar med rette fagkombinasjonar.**

Me som sit i Masfjorden kommunestyre er skuleeigarar. Me må interessera oss for resultatata som våre skular har. Me skal vera opptekne av at våre elevar skal ha gode oppvekst- og læringsmiljø. Me vil at dei skal få gode resultat i grunnskulen, slik at dei har eit godt fundament å byggja vidare på.

Me i Masfjorden arbeidarparti vil sjå på korleis me brukar ressursane innan skule i dag, og få vurdert kva me kan gjere for å setje fokus på utvikling og resultat i skulen? Me er interessert i organisering, bruk av kompetansehevingsmidlar, har me robuste og utviklande fagmiljø? Korleis er det sosiale miljøet i elevgruppene?

Masfjorden arbeidarparti bed om at rådmannen førebur ei sak til formannskap og kommunestyre til våren, gjerne til mars-møtet.”

Skriv 6) Delegering av mynde etter forureiningslova

Rådmann Lovisa Midtbø orienterte om skriv 6 frå Miljøverndepartementet.

### **Orienteringar:**

Fungerande ordførar Kari Skår Sørheim orienterte om munnleg melding den 07.12.12 om at veglysa på Hosteland no er godkjent. Det vil bli markering på dette no i adventstida.

Rådmann Lovisa Midtbø orienterte om arbeidet med kommuneplanen er blitt litt forseinka.

Me har jobba med temakart som skal liggja i botn for kommuneplanen.

Kjerneområdet for landbruk i Masfjorden er no ferdig og vil koma til handsaming

Det er fyrste gongen ein har ei samla framstilling på landbruksressursane i kommunen.

### **Spørsmål:**

**Dina Dyrhovden, Ap**, spurde om korleis prosessen er for å få inn kompetanse for landbrukssjefen som no skal slutta.

Rådmannen orienterte om dette. Det er no 1,8 stilling på landbruk. Det er ikkje trong for så stor stilling berre på landbrukssida. Me vil no bruka litt tid på å finna ut kva andre fagområde som kan kombinerast med ein stilling på landbruk.

**Skriv og meldingar vart samrøystes teke til orientering.**

Ikkje offentleg

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

| SAKSGANG       |            |        |                  |
|----------------|------------|--------|------------------|
| Politisk organ | Møtedato   | Saksnr | Sakshands.       |
| Formannskapet  | 30.11.2009 | 088/09 | Ørnulf Lillestøl |
| Kommunestyret  | 08.12.2009 | 082/09 | Ørnulf Lillestøl |

|                    |                     |
|--------------------|---------------------|
| Arkiv: N-36, N-049 | Arkivsaknr.: 09/804 |
|--------------------|---------------------|

### SAK 082/09 - ETABLERING AV OPPREISningsORDNING - BARNEVERN

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Masfjorden kommune opprettar ei kommunal erstatningsordning, kalla kommunal oppreisningsordning.
2. Ordninga skal gjelda for personar som var plasserte i institusjon eller fosterheim av Masfjorden kommune si barnevernsteneste eller forløpar for denne.
3. Når ein person vert utsett for overgrep eller omsorgssvikt, vert det innvilga kommunal oppreisning når dette er rimeleg. Overgrep eller omsorgssvikt må ha skjedd før 01.01.1993 utan avgrensing tilbake i tid. I tidsrommet 01.07.1954 til 31.12.1979 vert personar som var plassert i fosterheim av andre kommunar i Masfjorden kommune, gitt høve til å søkja om erstatning.
4. Det vert lagt til grunn at det skal etablerast eit samarbeid med plasseringskommunen i kvart enkelt høve og at denne kommunen tek ansvaret for det økonomiske oppgjeret. Masfjorden kommune opnar for å ta imot slike søknader i perioden frå kunngjering og eit år fram i tid.
5. Vedtekter og andre retningsliner som er foreslått i denne saka, vert lagt til grunn for oppreisningsordninga. Rådmannen får fullmakt til å oppnemne/engasjere 3 medlemmer til eit Oppreisningsutval i tråd med saksframlegg.
6. Brukarutvalet er klageinstans for klager etter oppreisningsordninga.

#### Finansiering

Nødvendig finansiering vert innarbeidd i budsjett/budsjettrevisjon og ved handsaming av økonomiplan.

#### Heimel



## **FS-088/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

1. Masfjorden kommune opprettar ei kommunal erstatningsordning, kalla kommunal oppreisningsordning.
2. Ordninga skal gjelda for personar som var plasserte i institusjon eller fosterheim av Masfjorden kommune si barnevernsteneste eller forløpar for denne.
3. Når ein person vert utsett for overgrep eller omsorgssvikt, vert det innvilga kommunal oppreisning når dette er rimeleg. Overgrep eller omsorgssvikt må ha skjedd før 01.01.1993 utan avgrensing tilbake i tid. I tidsrommet 01.07.1954 til 31.12.1979 vert personar som var plassert i fosterheim av andre kommunar i Masfjorden kommune, gitt høve til å søkja om erstatning.
4. Det vert lagt til grunn at det skal etablerast eit samarbeid med plasseringskommunen i kvart enkelt høve og at denne kommunen tek ansvaret for det økonomiske oppgjeret. Masfjorden kommune opnar for å ta imot slike søknader i perioden frå kunngjering og eit år fram i tid.
5. Vedtekter og andre retningsliner som er foreslått i denne saka, vert lagt til grunn for oppreisningsordninga. Rådmannen får fullmakt til å oppnemne/engasjere 3 medlemmer til eit Oppreisningsutval i tråd med saksframlegg.
6. Brukarutvalet er klageinstans for klager etter oppreisningsordninga.

### **Finansiering**

Nødvendig finansiering vert innarbeidd i budsjett/budsjettrevisjon og ved handsaming av økonomiplan.

### **Heimel**

### **Det skjedde i Formannskapet den 30.11.2009:**

Saka vart drøfta og alle gav uttrykk for at dette var ei viktig sak.

**Dina Dyrhovden, Ap**, sa at ordninga må kunngjerast på ein god måte slik at den/dei som måtte ha bruk for dette får kjennskap til ordninga.

Rådmannen orienterte om saka. Ho spurde om formannskapet var samd i at saka og vart handsama i kommunestyret då ei slik ordning kan ha ein økonomisk konsekvens.

Formannskapet slutta seg til at saka også vert handsama i kommunestyret.

### **Røysting:**

**Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

## **KS-082/09 VEDTAK:**

- 1. Masfjorden kommune opprettar ei kommunal erstatningsordning, kalla kommunal oppreisningsordning.**
- 2. Ordninga skal gjelda for personar som var plasserte i institusjon eller fosterheim av Masfjorden kommune si barnevernsteneste eller forløpar for denne.**
- 3. Når ein person vert utsett for overgrep eller omsorgssvikt, vert det innvilga kommunal oppreisning når dette er rimeleg. Overgrep eller omsorgssvikt må ha skjedd før 01.01.1993 utan avgrensing tilbake i tid. I tidsrommet 01.07.1954 til 31.12.1979 vert personar som var plassert i fosterheim av andre kommunar i Masfjorden kommune, gitt høve til å søkja om erstatning.**
- 4. Det vert lagt til grunn at det skal etablerast eit samarbeid med plasseringskommunen i kvart enkelt høve og at denne kommunen tek ansvaret for det økonomiske oppgjeret. Masfjorden kommune opnar for å ta imot slike søknader i perioden frå kunnngjering og eit år fram i tid.**
- 5. Vedtekter og andre retningsliner som er foreslått i denne saka, vert lagt til grunn for oppreisningsordninga. Rådmannen får fullmakt til å oppnemne/engasjere 3 medlemmer til eit Oppreisningsutval i tråd med saksframlegg.**
- 6. Brukarutvalet er klageinstans for klager etter oppreisningsordninga.**

### **Det skjedde i Kommunestyret den 08.12.2009:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

## **SAKSTILFANG:**

Søknad med krav om opp oppreisning

## **SAKSUTGREIING:**

### **BAKGRUNN**

Masfjorden kommune har motteke søknad eller krav om oppreisning etter mangelfull eller uverdigg oppfylgning av barnevernet. Dette er ei sak som fann stad på 60 talet.

Mange kommunar har etablert ordningar som vurderer å gje erstatning i slike saker. Dei fleste fylgjer eit opplegg etablert av Stavanger kommune for nokre år sidan. I Hordaland har Odda, Sveio og Bergen etablert ordningar.

**Kva er ein Kommunal Oppreisningsordning?**

Det er ein moralsk og "ikkje-juridisk" oppreisningsordning for personar som har vært utsett for overgrep eller opplevd uverdige omsorgsforhold i institusjon under barnevernet sin omsorg eller medan dei var i fosterheim oppnemnt av barnevernet. Den kjem i tillegg til Stortingets Rettferdsvederlagsordning (tidl. Statens Billighetserstatning).

Med oppreisningsordninga ynskjer kommunane å ta eit moralsk ansvar for urett som har skjedd tidlegare, og dei ynskjer å gje ein uforbeholden unnskyldning for overgrep og omsorgssvikt som barn og unge vart utsett for medan dei var under barnevernets omsorg.

Oppreisninga skal ikkje ta sikte på å utmåle erstatning for økonomisk tap. Oppreisningsbeløpet er meint som ein symbolsk og økonomisk kompensasjon for den smerte og dei lidingar mange tidligare barnevernsbarn har blitt påført. Størrelsen på oppreisninga vil variere frå kr 200.000,- til maks kr 725.000,-.

## FAKTA

### Juridisk grunnlag

Barnevernslova vart vedteken 17.07.1953 med verknad frå 01.07.1954 og var gjeldande fram til 01.01.1993. Kommunane sitt ansvar for barnevernsinstitusjonane gjaldt for perioden 01.07.1954-01.01.1980. Etter dette overtok fylkeskommunen ansvaret for desse institusjonane.

Barnevernslova erstatta Vergerådslova av 1896, Fattig-/forsorgslova av 1900, Lov om tilsyn med pleiebarn av 1905 og Barneforsorgslova av 1915. Av nytt i lova av 1953 kan bl.a. nemnast at prinsippet om barnet sitt beste vart sett i sentrum. Vidare vart ansvaret for det kommunale barnevernet samla i ein instans, barnevernsnemnda. Barnevernsapparatet besto etter dette av det kommunale barnevernet under leiing av barnevernsnemnda, fylkesmennene og Sosialdepartementet.

I samsvar med barnevernslova § 1 skulle barnevernsnemnda *"følge nøye med i de forhold barn og ungdom lever under og virke for tiltak til bedring av barnevernet i kommunen."* Barnevernsnemnda skulle undersøka og setja i verk hjelpetiltak i heimen. Dersom hjelpetiltak/førebyggjande tiltak ikkje var tilstrekkelege, kunne nemnda setja barnet bort til oppfostring utanfor heimen, til dømes i barneheim eller hjå fosterforeldre. Barnevernsnemnda kunne også plassera barn i spesialskular og observasjonsskular, men desse falt då utafør barnevernslova sitt rettsområde. Barnevernsnemnda hadde ansvar for å finna ei passande plassering for barn som den hadde tatt over omsorga for, jfr § 22. Her vart særleg understreka barnevernsnemnda sitt ansvar for at barnet fekk *"forsvarlig pleie, oppfostring og opplæring."*

I barneheimsforskrifta vart det stilt krav til desse heimane. Det sto m.a. at barneheimen skulle vere ei erstatning for barnet sin naturlege heim, og skulle søkja å gje barnet like gode oppvekstvilkår og utviklingsmoglegheiter som i ein god privat heim. Kwart enkelt barn hadde ifølge forskrifta krav på den forståing, hjelp og rettleiing som det hadde behov for etter sin alder og sine fysiske og psykiske føresetnader. Særleg vekt skulle leggjast på at barna treivst og kunne kjenna seg trygge.

Rettstilstanden frå 01.01.1980 til 31.12.1992

Frå 01.01.1980 fekk fylkeskommunen ved ei endring i barnevernslova ansvar for etablering og drift av institusjonar som var omfatta av barnevernslova og for å hjelpa kommunen med plassering av barn utafør heimen. Fylkeskommunen fekk også ansvar for rekruttering og formidling av fosterheimar gjennom fosterheimsentralane, og for at desse heimane fekk nødvendig opplæring og rettleiing. Det er på denne bakgrunn vanleg å leggje til grunn at kommune og fylkeskommune hadde eit delt ansvar ved barnevernet si plassering av barn utafør heimen i perioden.

Framlegg til oppreisningsordning er moralsk grunngeve. Ofre for overgrep og omsorgssvikt på barnevernsinstitusjonar eller i fosterheimar i aktuelle periode vil kunne oppleve å ikkje nå fram via rettslege steg når det gjeld erstatning. Dette kan vere pga at saka er forelda i rettsleg samanheng.

Uavhengig av dette meiner rådmannen at kommunen har eit moralsk ansvar, både for eventuelt manglande tilsyn i fosterheim og ikkje minst gjennom det plasseringsvedtak som er gjort av kommunen si barnevernsnemnd. Det er ei kjensgjerning at slike vedtak som ikkje minst gjaldt Romanifolket, kunne ha eit rettsleg grunnlag som ikkje var tilfredsstillande. Heile oppreisningsordninga byggjer primært på etiske og moralske prinsipp og først sekundært på juridiske prinsipp. Det betyr at dersom det ikkje er samsvar mellom f.eks det strengt juridiske kravet til prov, må det akseptierast at kravet om dette kan fråvikast når tydelege moralske omsyn tilseier at det skal gjevast ei oppreisning.

### **Retningslinjer og sakshandsaming av konkrete saker**

Reint statistisk vil det vere få aktuelle saker i Masfjorden. Rådmannen oppfattar det som viktig å skilje sakshandsaming av einskildkrav, som bør vere fagleg handsama og diskusjon og fastsetjing av sjølve ordninga med retningslinjer som må politisk vedtakast.

Rådmannen tilrår ei ordning som vurderer omfang og alvorsgrad opp mot kompensasjon. Kompensasjonsspennet vert tilrådd å vere mellom avslag og opp til 750.000,-

### **Vurderingsgrunnlag**

Rådmannen gjer framlegg om tilsvarende kriteria for vurdering og utmåling av erstatning som i Oslo og Stavanger. Grunnvilkåret for oppreisning er etter dette at det vert å sjå på som rimeleg. Ved utmåling vert det skilt mellom overgrep og grov vald på den eine sida og omsorgssvikt på den andre sida. Ved seksuelle overgrep, andre gjentekne overgrep og grov vald vert gjeve ei oppreisning på inntil kr 725.000. Ved andre overgrep, dvs andre former for overgrep (enn seksuelle overgrep og grov vald) som har skjedd ein gong, vert det gjeve ei oppreisning på inntil kr. 500.000. For omsorgssvikt gjer rådmannen framlegg om at det vert gjeve oppreisning på inntil kr 300.000.

Utval oppnemnt for sakshandsaming av konkrete krav/søknader.

### **Oppreisningsutval**

Rådmannen går inn for at det vert sett ned eit uavhengig oppreisningsutval på 3 medlemmer. Utvalet bør settast saman med relevant kompetanse innan jus, gjerne med erstatningsrettslig kompetanse forutan barneverns pedagogikk/psykologi.

Det vert høve til klagebehandling. Brukarutvalet vert foreslått som klageinstans.

Det vert opna for at søknader kan takast imot frå det tidspunktet oppreisningsutvalet er i funksjon, vonleg frå og med 01.01.2010 og eitt år fram i tid.

## **Forslag til vedtekter for kommunal oppreisningsordning**

KOMMUNAL OPPREISNINGSORDNING FOR PERSONAR SOM HAR VORE UTSETT FOR OVERGREP ELLER OMSORGSSVIKT I INSTITUSJON ELLER FOSTERHEIM MEDAN DEI VAR UNDER PLASSERING AV SVEIO KOMMUNE SITT BARNEVERN I PERIODEN FØR 01. 01. 1993

### **§ 1 Føremål**

Masfjorden kommune ønskjer med denne oppreisningsordninga å ta eit moralsk ansvar for og be om orsaking til dei personar som har vore utsett for overgrep eller omsorgssvikt i institusjon eller i fosterheim under plassering av barnevernsteneste/-nemnd

eller forløpar for denne i perioden før 01.01.1993.

## § 2 Oppreisningsutval

Det vert oppretta eit oppreisningsutval. Utvalet skal ha tre medlemmer. Leiar for utvalet skal vera jurist, og bør ha erfaring frå påtalemynde, domstolane, eller ha tilsvarende kompetanse. Rådmannen får i oppdrag å oppnemna/engasjera desse.

## § 3 Vilkår for å søkja om kommunal oppreisning

Masfjorden kommune opprettar ei kommunal erstatningsordning. Ordninga skal gjelde for personar som var plassert i institusjon eller fosterheim av Masfjorden kommune v/barnevernet. Når ein person vart utsett for overgrep eller omsorgssvikt, vert det innvilga kommunal oppreisning når dette vert sett på som rimeleg. Overgrep eller omsorgssvikt må ha skjedd før 01.01.1993 utan avgrensing tilbake i tid.

Ved vurdering av søknaden vert det gjort ei fri sivilrettsleg bevisvurdering av den dokumentasjonen som ligg føre i saka. Det må i utgangspunktet krevast klar sannsynlighetsovervekt for at utvalet skal leggja til grunn at søkjar har vore utsett for ei straffbar handling. Ved den skjønnsmessige vurderinga utvalet her må gjere, skal søkjar si eiga forklaring tilleggast stor vekt, sjølv om det ikkje er andre bevis som støttar denne forklaringa.

Etter at summen for oppreisning er fastsett, er det eit vilkår for endeleg innvilging og utbetaling av oppreisning at søkjar forpliktar seg til ikkje å gå til søksmål mot Masfjorden kommune for same forhold vedkommande er innvilga oppreisning for.

## § 4 Kriteria for utmåling av oppreisning

”Ved vurdering av om vederlag skal gjevast og storleiken på vederlaget, vert det skild mellom aktive overgrepshandlingar, dvs. konkrete ulovlege og straffbare handlingar og det som kan kallast passive handlingar, dvs. omsorgssvikt.

### Overgrep

Til dei som gjennom eigenerklæringar og eventuell annen dokumentasjon gjer klårt at dei har vore utsette for seksuelle overgrep eller grov vald vert det gjeve eit vederlag på inntil 725 000 kroner. Det same gjeld for dei som har vore utsett for fleire overgrep

Til dei som gjennom eigenerklæringar og eventuell annan dokumentasjon gjer klårt at dei har vore utsett for andre overgrep, vert gjeve eit vederlag på inntil 500 000 kroner.

Til dei som ikkje er i stand til å gi utfyllande eigenerklæringar på kva overgrepet var, vert gjeve eit vederlag på inntil 300 000 kroner.

### Omsorgssvikt

Til dei som gjennom eigenerklæringar og eventuell annen dokumentasjon gjer klårt at dei har vore utsett for omsorgssvikt vert gjeve eit vederlag på inntil 300 000 kroner.

Til dei som ikkje er i stand til å gi utfyllande eigenerklæringar om kva omsorgssvikt det var tale om, vert gjeve eit vederlag på inntil 200 000 kroner.

Søkjarar som får eit vederlagsbeløp for å ha vore utsett for overgrep, kan ikkje i tillegg få vederlag for omsorgssvikt.”

Oppreisning vert gjeve til den som sjølv har søkt om det. Dersom søkjar døyr etter at søknaden er innlevert, skal søknaden likevel realitetshandsamast. Eventuelt oppreisningsbeløp som vert gitt etter søkjars død, fell til buet.

## § 5 Sakshandsaming

Søknad om oppreisning vert sett fram for oppreisningsutvalet. Administrasjonen i Masfjorden kommune er sekretariat for klageorganet. Søknaden skal vera skriftleg. Den skal innehalda

namn, adresse og personnummer. Vidare må søknaden gjera greie for dei tilhøve som ligg til grunn for kravet om oppreising.

Ved søknad om kommunal oppreising frå tidligare fosterheimsbarn er aktuelle fosterforeldre part i saka.

I dei høve der personar er plassert av andre kommunar i fosterheim i Masfjorden, skal utvalet i desse sakene sørgja for å ta kontakt med plasseringskommunen før oppreisninga endeleg vert fastsett. Intensjonen er m.a. at plasseringskommunen tar størst mogleg økonomisk ansvar. Oppreisningsutvalet kan be søkjar eller andre formelle partar i saka om supplerande opplysningar, dersom det er nødvendig for å sikra at søknaden blir godt nok opplyst til at det er forsvarleg å treffa vedtak.

Møta i oppreisningsutvalet er lukka møter. Det skal førast protokoll frå møta. Vedtaka skal grunngjevast. Oppreisningsutvalet skal avvise søknader som fell utafør ordninga.

### **§ 6 Klage**

Oppreisningsutvalet sitt vedtak kan påklagast til Masfjorden kommune ved brukarutvalet..

### **§ 7 Frist for framsetjing av søknad**

Søknader om kommunal oppreising må setjast fram innan eitt år frå den dato oppreisningsutvalet gjer kjent at dei tek imot søknader. Etter dette fell ordninga bort.

### **§ 8 Vedtektsendringar**

Mindre endringar i vedtektene kan gjerast av formannskapet.

## **KONKLUSJON**

Sjå framlegg til vedtak.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

| SAKSGANG       |            |        |            |
|----------------|------------|--------|------------|
| Politisk organ | Møtedato   | Saksnr | Sakshands. |
| Formannskapet  | 30.11.2009 | 085/09 | Alf Strand |
| Kommunestyret  | 08.12.2009 | 083/09 | Alf Strand |

|              |                    |
|--------------|--------------------|
| Arkiv: N-210 | Arkivsaknr.: 09/77 |
|--------------|--------------------|

### SAK 083/09 - RETNINGSLINJER FOR KLASSETURAR - SKULETURAR OG STUDIETURAR I MASFJORDSKULANE

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Dersom elevar, foreldre og skulen er samde om det, kan det arrangerast klasseturar i 10. klasse. Turane vert avvikla etter desse retningslinene:

1. Klasseturen i 10. klasse kan gå både innanlands og til utlandet. Klassekasse og tidsbruk til førebuing og gjennomføring set rammene for turen.
2. Som ein hovudregel vert klasseturen avvikla etter munnleg eksamen, dvs. rundt midten av juni. Dersom ein klasse vel å reisa med Aktive Fredsreiser, Hvite busser eller anna selskap som arrangerer klasseturar, kan turen gå på eit anna tidspunkt.
3. Turen skal vara i maksimalt 5 dagar. (Turar med Aktive Fredsreiser, Hvite busser e.l er unnateke frå denne regelen). Skulen sine ordensreglar gjeld fullt ut på heile turen.
4. Medfølgjande lærarar får godtgjersle etter den sentrale avtalen (SGS 1010).
5. Når det etter skulane si vurdering er føremålstenleg, kan elevane frå dei tre skulane **reisa på klassetur saman.**

#### Finansiering

Skulane må leggja inn lønsmidlar i budsjettet til å dekkja godtgjersle til medfølgjande lærar

#### Heimel

**KS-083/09 VEDTAK:**

Dersom elevar, foreldre og skulen er samde om det, kan det arrangerast klasseturar i 10. klasse. Turane vert avvikla etter desse retningslinene:

1. Klasseturen i 10. klasse kan gå både innanlands og til utlandet. Klassekasse og tidsbruk til førebuing og gjennomføring set rammene for turen.
2. Som ein hovudregel vert klasseturen avvikla etter munnleg eksamen, dvs. rundt midten av juni. Dersom ein klasse vel å reisa med Aktive Fredsreiser, Hvite busser eller anna selskap som arrangerer klasseturar, kan turen gå på eit anna tidspunkt.
3. Turen skal vara i maksimalt 5 dagar. (Turar med Aktive Fredsreiser, Hvite busser e.l er unnateke frå denne regelen). Skulen sine ordensreglar gjeld fullt ut på heile turen.
4. Medfølgjande lærarar får godtgjersle etter den sentrale avtalen (SGS 1010).
5. Når det etter skulane si vurdering er føremålstenleg, kan elevane frå dei tre skulane reisa på klassetur saman.

**Det skjedde i Kommunestyret den 08.12.2009:**

Saka vart drøfta.

**Dina Dyrhovden, Ap**, gjorde framlegg om nytt pkt. 6

Dersom ein klasse vel å reisa med aktive Fredsreiser eller Kvite bussar kan det søkjast om støtte til reisa med kr. 500,- pr elev.

Finansiering: Vert innarbeidd i budsjettet ved saldering i februar.

**Vigdis Søvik, Sp**, opprettheld rådmannen sitt framlegg.

**Erlend Kvamsdal, Frp**, gjorde framlegg om endring av pkt 3:

Endring av tidsbruken vedrørande tal dagar. (oppgitt til 5)

Det må vera opent for fleire dagar etter søknad.

**Røysting:**

Det vart fyrst røysta over Ap sitt endringsframlegg til nytt pkt 6.

Framlegget fekk 7 røyster og fall. (Ap og KrF)

Frp sitt framlegg vart røysta opp mot formannskapet si tilråding.

Frp sitt framlegg fekk to røyster og fall. (Frp)

**Tilrådinga frå formannskapet er dermed vedteken.**



## **FS-085/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

Dersom elevar, foreldre og skulen er samde om det, kan det arrangerast klasseturar i 10. klasse. Turane vert avvikla etter desse retningslinene:

1. Klasseturen i 10. klasse kan gå både innanlands og til utlandet. Klassekasse og tidsbruk til førebuing og gjennomføring set rammene for turen.
2. Som ein hovudregel vert klasseturen avvikla etter munnleg eksamen, dvs. rundt midten av juni. Dersom ein klasse vel å reisa med Aktive Fredsreiser, Hvite busser eller anna selskap som arrangerer klasseturar, kan turen gå på eit anna tidspunkt.
3. Turen skal vara i maksimalt 5 dagar. (Turar med Aktive Fredsreiser, Hvite busser e.l er unnateke frå denne regelen). Skulen sine ordensreglar gjeld fullt ut på heile turen.
4. Medfølgjande lærarar får godtgjersle etter den sentrale avtalen (SGS 1010).
5. Når det etter skulane si vurdering er føremålstenleg, kan elevane frå dei tre skulane reisa på klassetur saman.

### **Finansiering**

Skulane må leggja inn lønsmidlar i budsjettet til å dekkja godtgjersle til medfølgjande lærar

### **Det skjedde i Formannskapet den 30.11.2009:**

Saka vart drøfta. Formannskapet var positive til at det er laga faste rammer for å arrangera skuleturar.

Rådmann Lovisa Midtbø gjorde framlegg om å endra sakstittelen slik at det er klart at dette er retningsliner for slike reiser.

Framlegg til ny sakstittel: **Retningslinjer for klasseturar, skuleturar og studieturar i Masfjordskulane.**

**Framlegg til vedtak vart etter dette samrøystes vedteke.**

## SAKSTILFANG:

## SAKSUTGREIING:

| Nr | T | Brevdato   | Avsendar/Mottakar                       | Tittel  |
|----|---|------------|---|---|
| 1  | I | 02.02.2009 | 10. kl. ved Matre skule v/Liv Brekken   | Søknad om støtte til klassetur                  |
| 3  | I | 26.10.2009 | FAU Nordbygda skule v/Linda Mai Myrvang | Tilbakemelding om retningslinjer for skuleturar |

## BAKGRUNN

§2-15 i Opplæringslova lyder slik:

”Elevane har rett til gratis offentleg grunnskuleopplæring. Kommunen kan ikkje krevje at elevane eller foreldra dekkjer utgifter i samband med grunnskuleopplæringa, til dømes utgifter til undervisningsmateriell, transport i skuletida, leirskuleopphald, ekskursjonar eller andre turar som er ein del av grunnskuleopplæringa.”

Dei gjeldane kommunale retningslinene om skuleturar i skulen sin regi vart vedtekne i rektormøte 20.09.2002.

Desse retningslinene seier:

”Turane skal ha ein klar fagleg profil og skal vera planlagt over tid. Skulen legg rammer. Turen er sjølvfinansiert av klassekassen. Skulen sine ordensreglar gjeld fullt ut.”

Hos oss har det fyrst og fremst vore klasseturen for 10. klasse som har hatt eit slikt omfang at desse reglane måtte følgjast. Dei siste 10 åra har det vanlege vore å knyta klasseturen i 10. klasse opp til ei avsluttande prosjektoppgåve. Då har ein både nytta ein god del tid på skulen til førebuing og etterarbeid, men og brukt deler av tida på turen til å samla stoff til og arbeida med prosjektoppgåva.

## FAKTA/ VURDERING

Frå hausten 2006 har me fått ein ny læreplan, Kunnskapsløftet. I følgje denne læreplanen treng ikkje lenger elevane i 10. klasse å laga ei avsluttande prosjektoppgåve.

Når elevane ikkje lenger har ei slik større oppgåve å arbeida mot, fell noko av den faglege grunngevinga for den store klasseturen bort. Det har gått mykje tid til førebuing til og etterarbeid etter desse turane. Elevane har og brukt mykje tid til å skaffa pengar til turen, noko ikkje minst foreldra har fått merka.

Den nye læreplanen stiller strengare faglege krav til elevane. Lærarane føler at tida blir knapp til å få gjennomgått alle emne elevane skal innom i løpet av skuletida og sikra at elevane får eit så godt fagleg utbyte som mogleg. Difor har skulane teke opp spørsmålet om det ikkje no er på tide å setja nokre avgrensingar i omfanget på klasseturane i 10. klasse. Dersom lengda på turen og talet på dagar vert korta ned, vert det òg mindre pengar som må skaffast.

Det er viktig å ha felles reglar for alle skulane i kommunen. Det gjeld både kva tid på året turane skal leggjast og kor mange dagar dei skal vara. Dei siste 10 åra har turane variert mykje i omfang, men dei lengste har vart opp i 10 dagar.

Dei fleste kommunar i Nordhordland har ein praksis der klasseturen i 10. klasse vert planlagt og gjennomført utan at skulen sitt personale er med. Elevane og dei føresette planlegg og gjennomfører turen i si eiga fritid. Det kan likevel skje innanfor skuleåret, men elevane må då skrivast ut av skulen for den tida dei er på tur.

I Nordhordland er det berre Austrheim og Fedje som til ein viss grad bruker ein tilsvarande modell som Masfjorden.

Saka vart diskutert på rektormøtet 30. september. Der samla ein seg om følgjande retningslinjer:

1 Klasseturen i 10. klasse kan framleis kunna gå både innanlands og til utlandet. Klassekasse og tidsbruk til førebuing og gjennomføring set rammene for turen.

2 Som ein hovudregel vert klasseturen avvikla etter munnleg eksamen, dvs. rundt midten av juni. Dersom ein klasse vel å reisa med Aktive Fredsreiser eller Hvite busser, kan turen gå på eit anna tidspunkt.

3 Turen skal vara maksimalt i 5 dagar. (Turar med Aktive Fredsreiser eller Hvite busser er unnateke frå denne regelen)

## HØYRING

Foreldrerådet ved kvar skule har hatt saka til høyring. Det same har Utdanningsforbundet Masfjorden.

## UTTALE

FAU Matre skule: Støttar tanken om at det bør vera felles kommunale reglar for slike turar. Turen må knytast opp til pensum og vera planlagt og arbeidd med over tid. Synest det er greitt med ei ramme på maksimalt 5 dagar. Reglane bør gjelda frå neste skuleår. (Elevane som no går i 9. klasse.)

Utdanningsforbundet Masfjorden: Støttar framlegget frå rektorane. Den sentrale avtalen om godtgjersle for slike turar (SGS 1010) må følgjast. Avgangsklassane frå dei tre skulane bør reisa på tur i lag.

FAU Nordbygda skule: Støttar framlegget om at skuleturen i 10. klasse bør gå i skulen sin regi. "...ein skuletur har stor verdi for elevane, og ein ønskjer ein skuletur der klassen og lærar reiser i lag. Når skulen arrangerer skuleturen vil ein i tillegg til det sosiale sikre eit fagleg utbytte." Ønskjer òg at elevane i Masfjorden kan reisa i lag på tur.

FAU Sandnes skule: Ønskjer at turen må gå i skulen sin regi og verta avgrensa i reiselengd og tid. Det vil gjera det lettare å skaffa pengar til turen.

## KONKLUSJON

Masfjordskulane har god tradisjon på å ha ein lengre tur i 10. klasse. Turane har variert både når det gjeld reisemål og tidsbruk. Både elevar, lærarar og foreldre har gitt gode tilbakemeldingar etter turane. Det er såleis ynskjeleg at me kan halda fram med å ha ein tur for 10.-klassingane, men omfanget må reduserast både når det gjeld kostnader og tidsbruk, også tid til førebuing.

Gratisprinsippet gjeld heile grunnskulen, også turar og ekskursjonar. Der skal ikkje vera eigenbetaling. Elevane/klassen må arbeida for å få nok pengar i klassekassen til turen. Klassane som reiser på tur kan berre rekna med minimal økonomisk medverknad frå kommunen. Men medfølgjande lærarar må få godtgjort etter det sentrale regulativet (SGS 1010) på same måten som når dei er på leirskule. Difor vil turar etter ein slik modell måtta belastast skulebudsjettet.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

| SAKSGANG       |            |        |            |
|----------------|------------|--------|------------|
| Politisk organ | Møtedato   | Saksnr | Sakshands. |
| Formannskapet  | 30.11.2009 | 086/09 | Alf Strand |
| Kommunestyret  | 08.12.2009 | 084/09 | Alf Strand |

|              |                     |
|--------------|---------------------|
| Arkiv: N-210 | Arkivsaknr.: 09/776 |
|--------------|---------------------|

### SAK 084/09 - HØYRING - FORSLAG TIL ENDRING I OPPLÆRINGSLOV OG PRIVATSKULELOV - LEKSEHJELP, SKYSS OG POLITIATTEST

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret støttar framlegget til endringar i Opplæringslova når det gjeld

- plikt for skuleeigar til å tilby elevar i 1.-4. klasse leksehjelp
- rett til skyss for funksjonshemma til og frå SFO
- krav om politiattest ved tilsetjing i kulturskular

Kommunestyret har følgjande merknader:

Retten til skyss til og frå SFO bør gjelda også i skulen sine feriar

Departementet må gjennomføra ein skikkeleg språkvask av dei nye paragrafane før dei vert sett i kraft

#### Finansiering

#### Heimel

### FS-086/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Kommunestyret støttar framlegget til endringar i Opplæringslova når det gjeld:

- plikt for skuleeigar til å tilby elevar i 1.-4. klasse leksehjelp
- rett til skyss for funksjonshemma til og frå SFO
- krav om politiattest ved tilsetjing i kulturskular

Kommunestyret har følgjande merknader:

Retten til skyss til og frå SFO bør gjelda også i skulen sine feriar

Departementet må gjennomføra ein skikkeleg språkvask av dei nye paragrafane før dei vert sett i kraft.

#### Finansiering

#### Heimel

**Det skjedde i Formannskapet den 30.11.2009:**

Rådgjevar Alf Strand orienterte om dei ymse punkta i høyringa som Masfjorden vil gje uttale til.

Formannskapet drøfta saka.

**Kari Skår Sørheim** gav uttrykk for at ho er prinsipielt usamd i 1. kulepunkt om plikt for skuleeigar til å tilby leksehjelp. Ho meiner at det er å gå inn på foreldra sin arena. Ho vil ikkje koma med endringsframlegg i dag.

**Røysting:**

**Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

**KS-084/09 VEDTAK:**

**Kommunestyret støttar framlegget til endringar i Opplæringslova når det gjeld:**

- **plikt for skuleeigar til å tilby elevar i 1.-4. klasse leksehjelp**
- **rett til skyss for funksjonshemma til og frå SFO**
- **krav om politiattest ved tilsetjing i kulturskular**

**Kommunestyret har følgjande merknader:**

**Retten til skyss til og frå SFO bør gjelda også i skulen sine feriar**

**Departementet må gjennomføra ein skikkeleg språkvask av dei nye paragrafane før dei vert sett i kraft.**

**Det skjedde i Kommunestyret den 08.12.2009:**

Fungerande ordførar Kari Skår Sørheim orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

**Marit Steinestø, KrF**, sette fram slikt framlegg:

*Masfjorden kommunestyre støttar ikkje plikt for skuleeigar til leksehjelp for elevar i 1. til 4 klasse.*

Steinestø spurde om det var rett til fri skyss i samband med leksehjelp. Ho spurde om det er tenkt å setja inn ekstra ressursar for å gje leksehjelp?

Rådgjevar Alf Strand orienterte og svara at det er ikkje fri skyss på SFO

Det er foreldra som må avgjera om elevane skal nytta seg av tilbodet om fri leksehjelp.

Busskorta som elevane no har varer lenger, slik at elevane kan reisa heim seinare viss det går buss. Ca 50 % av småskuleelevane går i SFO i dag.

På spørsmål om ekstra ressursar svara Strand at det kjem an på kor mange som tek imot tilbodet.

Mange i kommunestyret gav uttrykk for at dei var positive til tilbodet om fri leksehjelp og ville støtta saka.

### Røysting

Endringsframlegget frå KrF til kulepunkt 1 vart røysta opp mot tilrådinga frå formannskapet. KrF sitt framlegg fekk to røyster og fall. (KrF)

Kulepunkt 2 og 3 vart samrøystes vedteke.

**Heile tilrådinga frå formannskapet er dermed vedteken.**

## SAKSTILFANG:

| Nr | T | Brevdato   | Avsendar/Mottakar | Tittel  |
|----|---|------------|-------------------|---|
| 1  | I | 02.11.2009 | Kunnskapsdep.     | Høyring - Forslag til endring i opplæringslov og privatskulelov - Leksehjelp, Skyss og Politiattest |

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Kunnskapsdepartementet har sendt ut framlegg til endringar i Opplæringslova til høyring m.a i kommunane. Høyringsframlegget omfattar følgjande endringar:

- Innføra plikt for skuleeigar til å tilby leksehjelp elevane i 1. til 4. klasse
- Innføra rett til skyss for funksjonshemma til og frå SFO
- Innføra krav om politiattest ved tilsetjing i kulturskular

### HØYRING

Høyringsfristen er sett til 31. desember 2009.

### FAKTA

#### A Leksehjelp

I statsbudsjettet for 2010 har regjeringa lagt inn midlar til leksehjelp i til saman 2 timar pr. veke for kvart av årsstega i småskulen. Regjeringa meiner at dette vil vera eit målretta tiltak for elevar og foreldre som ønskjer støtte i opplæringa og også vera i tråd med strategien om tidleg innsats for betre læring. Tilbod om leksehjelp for elevane i småskulen vil vera eit verkemiddel for å stimulera svake elevar til betre gjennomføring av grunnutdanninga og vidaregåande skule. Det vil og kunne bidra til sosial utjamning og inkludering, betre læringsutbytte og auka sosial trivsel.

Det store fråfallet i vidaregåande skule er bekymringsfullt og er grunngeving for mange av endringane i Opplæringslova og forskriftene som har kome dei siste åra, t.d utvida timetal for barneskulen og rett til fysisk aktivitet for mellomsteget.

Departementet gjer framlegg om å endra §13-7 i Opplæringslova slik at kommunen skal ha eit tilbod om leksehjelp etter skuletid for elevar på 1.-4 årssteg. Tilbodet skal vera gratis for elevane. Elevane skal ha rett til å delta, men det skal vera frivillig å vera med. Med leksehjelp meiner ein både hjelp til lekser i tradisjonell forstand og hjelp til skulearbeid i det store og heile. Sjølv dei skulane som ikkje gjev elevane i småskulen lekser i tradisjonell forstand, skal gje elevane tilbod om leksehjelp.

Den nye paragrafen i Opplæringslova skal lyda slik:

*”§13-7a Plikt for kommunen til å ha tilbud om leksehjelp*

*Kommunen skal ha eit tilbud om leksehjelp for elevar på 1.-4 årstrinn.*

*Tilbodet skal vera gratis for elevane. Elevane skal ha rett til å delta på leksehjelptilbodet, men det skal vera frivillig for elevane om dei ønsker å delta.*

*Rektor skal vera øvste leiar for leksehjelptilbodet.*

*Regelen i §10-9 første, andre og tredje ledd gjeld tilsvarande for dei som skal gi leksehjelp.*

*Departementet gir nærmare forskrifter om leksehjelptilbodet.”*

Frå departementet si side er det lagt opp til at det skal vera ein fagarbeidar som gjev leksehjelp til elevane. Det kan verta utarbeidd forskrifter til denne lovparagrafen. Departementet reknar med at kommunane/fylkeskommunane finn praktiske løysingar på skyss i samband med leksehjelpa. Meirkostnader til skyss må kommunen/fylkeskommunen dekkja sjølve.

## VURDERING

Rådmannen meiner det er rett å gje tilbud om gratis leksehjelp til elevane i småskulen.

Det kjem frå tid til anna søknader til skulane om å gje elevar tilbud om leksehjelp i periodar.

Så langt har dette vore mest aktuelt for litt eldre elevar som slit både med skulearbeidet og med motivasjonen for å gjera lekser. Og det er særleg på ungdomssteget at foreldre føler at dei ikkje har gode nok faglege kunnskapar til å hjelpa borna sine, t.d. i matematikk.

Det er godt mogleg at ein med tidleg innsats med leksehjelp på småskulesteget kan avhjelpa framtidige lære- og motivasjonsvanskar for somme elevar.

Men det er òg eit aktuelt politisk spørsmål kvar grensa går mellom kva som er foreldra sitt ansvar og kva som er skulen sitt. Somme vil sjå tilbodet om leksehjelp som eit steg på vegen mot innføring av heildagsskulen. På den andre sida er det slik at i mange kommunar går alt no ein stor del av småskuleelevane i SFO. Då er det rimeleg at dei der får hjelp til å gjera skulearbeid. Når rett til gratis leksehjelp vert innført, må det bety at dei som går i SFO, skal få 2 timar gratis SFO pr. veke.

Det må drøftast korleis ein skal praktisera regelen om at leksehjelpa skal vera frivillig. Det beste vil vera ei påmelding som skal gjelda over ei viss tid, slik at ein unngår at elevane frå dag til dag kan velja om dei vil vera med eller ikkje. Det vil bli altfor uoversiktleg både for foreldre og skulen.

### **B Rett til skyss til/frå SFO for funksjonshemma elevar**

Opplæringslova har i dag ikkje bestemmelsar som gjev rett til skyss til og frå SFO. Det er opp til dei einskilde kommunane å vedta ordningar om skyss for funksjonshemma elevar. Elevar med spesielle behov har rett på SFO-tilbod til og med 7. klasse.

Departementet kjem no med framlegg om at *”Elevar som har plass i skulefritidsordninga og som på grunn av funksjonshemming eller mellombels skade eller sjukdom har behov for skyss, har rett til skyss til og frå skulefritidsordninga. Retten omfattar ikkje skyss i skulen sine feriar. Retten til skyss gjeld uavhengig av avstanden mellom heimen og skulefritidsordninga.”*

Departementet ber høyringsinstansane seia frå om ein meiner at retten til skyss også bør gjelda i skulen sine feriar.

## VURDERING

Masfjorden kommune har alt ei ordning med at funksjonshemma elevar får skyss til og frå SFO. Kommunen tek kostnaden. For vår del vil ei innføring av rett til skyss for denne gruppa føra til at fylkeskommunen overtek det ansvaret for skyssen som kommunen har hatt til no.

Me har erfaring for at funksjonshemma elevar nyttar SFO i stor grad også i skulen sine feriar. Retten til skyss bør også gjelda i desse feriane.

### **C Krav om politiattest i kulturskulen**

Frå 1997 har det vore krav om at dei som vert tilsette i grunnskule og vidaregåande opplæring, SFO og private skular skal leggja fram politiattest ved tilsetjing. Attesten skal visa om vedkomande er sikta, tiltalt eller dømd for seksuelle overgrep mot born.

Tilsvarande krav om å leggja fram politiattest ved tilsetjing i kulturskular, har til no ikkje vore gjeldande.

Departementet meiner at krav om politiattest ved tilsetjing i kulturskular må innførast då det ikkje er nokon rimeleg grunn til at kulturskulane skal haldast utanfor kravet om slik attest.

### **VURDERING**

Rådmannen støttar framlegget om at kravet til politiattest også skal gjelda ved tilsetjing i kulturskulen.

### **KONKLUSJON**

Kommunestyret støttar framlegget til endringar i Opplæringslova når det gjeld

- plikt for skuleeigar til å tilby elevar i 1.-4. klasse leksehjelp
- rett til skyss for funksjonshemma til og frå SFO
- krav om politiattest ved tilsetjing i kulturskular

Kommunestyret har følgjande merknader:

Retten til skyss til og frå SFO bør gjelda også i skulen sine feriar

Departementet må gjennomføra ein skikkeleg språkvask av dei nye paragrafane før dei vert sett i kraft



# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

| SAKSGANG       |            |        |            |
|----------------|------------|--------|------------|
| Politisk organ | Møtedato   | Saksnr | Sakshands. |
| Formannskapet  | 30.11.2009 |        | Alf Strand |
| Kommunestyret  | 08.12.2009 | 085/09 | Alf Strand |

|                |                     |
|----------------|---------------------|
| Arkiv: N-101.5 | Arkivsaknr.: 06/761 |
|----------------|---------------------|

### SAK 085/09 - KOMMUNEDELPLAN FOR IDRETT OG FYSISK AKTIVITET 2007 - 2010

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Rådmannen rår til at kommunestyret vedtek framlegget til handlingsprogram for 2010 slik det ligg føre.

#### **Finansiering:**

Kommunal finansiering må vedtakast i budsjettet for kvart anlegg.

#### **Heimel**

#### **Utskrift til:**

Idrettsrådet

Hordaland fylkeskommune

## **KS-085/09 VEDTAK:**

Kommunestyret vedtek framlegget til handlingsprogram for 2010 slik det ligg føre.

### **Finansiering:**

Kommunal finansiering må vedtakast i budsjettet for kvart anlegg.

### **Heimel**

#### **A Ordinære anlegg**

1. **Alpinanlegg Stordalen, snøproduksjon**
2. **Klubbhus Nordbygda idrettsanlegg**
3. **Miniatyrskyttebane på Sandnes – elektroniske skiver**
4. **Krøllgras på treningsfelt Nordbygda idrettsanlegg**
5. **Lysløype/turveg på Sleire**
6. **Turveg Amundsbotn – Sandnes barnehage**

#### **Planføresetnader til handlingsprogrammet:**

Prioritet A, 1-6 vert finansiert privat, vurdert kommunal støtte.

#### **B Nærmiljøanlegg**

1. **Nordbygda skule, fritidspark**
2. **Matre skule, fritidspark**
3. **Ballbinge på Sørsida**
4. **Kunstisbane eller volleyballbane Sandnes**
5. **Orienteringskart for områda rundt skulane**
6. **Sykkelcrossbaner**
7. **Skileikeanlegg**

#### **Planføresetnader til handlingsprogrammet:**

Prioritet 1, 2, 3 og 4 vert finansiert privat, med kommunen som drifts- og vedlikehaldsansvarleg.

Prioritet 5, 6 og 7 vert finansiert privat, vurdert kommunal støtte.

Prioritet 4 er eit tiltak som kjem i staden for den tidlegare planlagde minigolfbana. Minigolfbane får ein ikkje spelemidlar til. Skulen vurderer kva type anlegg ein kan ha på det aktuelle området.

#### **C Anlegg som må planleggast og konsekvensutgreiast før dei kjem med på prioriteringslista:**

1. **Fleirbrukshall**
2. **Vassportanlegg**
3. **Krøllgras-7-ar-bane på Matre**

## LISTE OVER LANGSIKTIGE OPPGÅVER (5-12 ÅR)

### A Ordinære anlegg

Her er ikkje kome framlegg om nye anlegg.

### B Nærmiljøanlegg

1 Vidareutvikling nærmiljøanlegg Sandnes skule

2 Tennisbane på Matre

3 Ballbingar i nye byggjefelt

### Finansiering:

Kommunal finansiering må vedtakast i budsjettet for kvart anlegg.

### Det skjedde i Kommunestyret den 08.12.2009:

Referat frå møte i Masfjorden idrettsråd den 27.11.09 vart lagt fram i møtet.

I dette referatet låg det ei framlegg på prioritering til A Ordinære anlegg.

Rådgjevar Alf Strand orienterte.

Det er viktig at tiltaka står på same plassen som i fjor slik at ein får finansiering.

Anlegga må stå høgt på den kommunale prioriteringslista dersom ein skal få spelemidlar.

Saka vart drøfta.

**Frode Langhelle, H**, gjorde framlegg på endring i prioriteringslista:

1. *Alpinanlegg Stordalen, snøproduksjon*
2. *Klubbhus Nordbygda idrettsanlegg*
3. *Miniatyrskytebane på Sandnes, elektroniske skiver*
4. *Krøllgras på treningsfelt Nordbygda idrettsanlegg*
5. *Lysløype/turveg på Sleire*
6. *Turveg Amundsbotn – Sandnes barnehage*

### Røysting:

Endringsframlegg til A Ordinære anlegg frå Høgre vart røysta opp mot rådmannen sitt framlegg.

**Høgre sitt framlegg vart vedteke med 15 røyster mot 2 røyster. (V)**

Det vart så røysta over resten av framlegg til vedtak, pkt B og C og liste over liste over langsiktige oppgåver (5-12 år)

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

## SAKSTILFANG:

## SAKSUTGREIING:

| Nr | T | Brevdato   | Avsendar/Mottakar       | Tittel  |
|----|---|------------|-------------------------|---|
| 24 | U | 12.01.2009 | Hordaland fylkeskommune | Spelemidler 2009, prioriteringsliste  |
| 23 | U | 12.01.2009 | Fleire mottakarar       | Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet - melding om vedtak                             |
| 25 | U | 28.09.2009 | Masfjorden kommune      | Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2007 - 2010 - revisjon i kommunestyret 11.12.08 |

## BAKGRUNN

I samband med søknader om spelemidler må kommunestyret kvart år vedta ei prioriteringsliste over anlegg som det kan søkjast spelemidler til. I sak 121/08 vedtok kommunestyret 11.12.2008 følgjande handlingsprogram for 2009:

### A Ordinære anlegg

1. Miniatyrskyttebane på Sandnes, - elektroniske skiver
2. Alpinanlegg Stordalen, Perstovatrekket
3. Alpinanlegg Stordalen, snøproduksjon
4. Merking av turløyper
5. Krøllgras på treningsfelt Nordbygda idrettsanlegg
6. Lysløype/turveg på Sleire

### **Planføresetnader til handlingsprogrammet:**

Prioritet A, 1, 2, 3, 5 og 6 vert finansiert privat, vurdert kommunal støtte.

Prioritet 4 vert finansiert i eit samarbeid mellom kommunen, idrettsrådet, idrettslaga, turlag og grunneigarar.

### B Nærmiljøanlegg

- 1 Nordbygda skule, fritidspark
- 2 Matre skule, fritidspark
- 3 Ballbinge på Sørsida
- 4 Kunstisbane eller volleyballbane Sandnes
- 5 Orienteringskart for områda rundt skulane
- 6 Sykkelcrossbaner
- 7 Skileikeanlegg

### **Planføresetnader til handlingsprogrammet:**

Prioritet 1, 2, 3 og 4 vert finansiert privat, med kommunen som drifts- og vedlikehaldsansvarleg.

Prioritet 5 vert finansiert i eit samarbeid mellom kommunen, idrettsrådet, idrettslaga, turlag, næringslivet og grunneigarar.

Prioritet 6 og 7 vert finansiert privat, vurdert kommunal støtte.

### **C Anlegg som må planleggast og konsekvensutgreiast før dei kjem med på prioriteringslista:**

- 1 Fleirbrukshall i samarbeid med Gulen
- 2 Turveg Amundsbotn – Sandnes barnehage
- 3 Krøllgras 7-ar-bane på Matre
- 4 Vassportanlegg

### **LISTE OVER LANGSIKTIGE OPPGÅVER (5-12 ÅR)**

#### **A Ordinære anlegg**

- 1 Klubbhus ved skitrekket i Stordalen
- 2 Lysløype/turveg i Stordalen

#### **B Nærmiljøanlegg**

- 1 Vidareutvikling nærmiljøanlegg Sandnes skule
- 2 Tennisbane på Matre
- 3 Ballbingar i nye byggjefelt

Av desse anlegga fekk pkt. A 2 i Stordalen spelemidlar i år. Det vart i tillegg søkt om spelemidlar til pkt. A1 elektroniske skiver til Fjon skyttarlag og A3 snøproduksjon i Stordalen, men desse kom ikkje høgt nok på prioriteringslista til fylkeskommunen. Det har ikkje vorte søkt om midlar til ordinære nærmiljøanlegg i 2009.

### **HØYRING**

Idrettsrådet har i møte 26.11.09 samla seg om slik prioritering av søknader om spelemidlar i 2010:

- 1 Stordalen skisenter, snøproduksjon
- 2 Klubbhus Nordbygda idrettsanlegg
- 3 Krøllgras på grusbana, Nordbygda idrettsanlegg
- 4 Miniaturskytebane Sandnes, elektroniske skiver

### **FAKTA/VURDERING**

Det har så langt kome innspel om at det vil verta søkt om spelemidlar til eit nytt annlegg i 2010, nemleg til finansiering av klubbhuset på Nordbygda idrettsanlegg.

Rådmannen meiner at ein må prioritera høgst dei anlegg ein søkte, men ikkje fekk midlar til i 2009. Sjølv om anlegga er bygde, er spelemidlane ein så viktig del av finansieringa at desse anlegga framleis må stå på den kommunale prioriteringslista.

### **Rådmannen går som følge av dette inn for følgjande handlingsprogram for 2010:**

#### **A Ordinære anlegg**

1. Miniaturskytebane på Sandnes – elektroniske skiver
2. Alpinanlegg Stordalen, snøproduksjon
3. Klubbhus Nordbygda idrettsanlegg
4. Krøllgras på treningsfelt Nordbygda idrettsanlegg
5. Lysløype/turveg på Sleire
6. Turveg Amundsbotn – Sandnes barnehage

**Planføresetnader til handlingsprogrammet:**

Prioritet A, 1-6 vert finansiert privat, vurdert kommunal støtte.

**B Nærmiljøanlegg**

1. Nordbygda skule, fritidspark
2. Matre skule, fritidspark
3. Ballbinge på Sørsida
4. Kunstisbane eller volleyballbane Sandnes
5. Orienteringskart for områda rundt skulane
6. Sykkelcrossbaner
7. Skileikeanlegg

**Planføresetnader til handlingsprogrammet:**

Prioritet 1, 2, 3 og 4 vert finansiert privat, med kommunen som drifts- og vedlikehaldsansvarleg.

Prioritet 5, 6 og 7 vert finansiert privat, vurdert kommunal støtte.

Prioritet 4 er eit tiltak som kjem i staden for den tidlegare planlagde minigolfbana. Minigolfbane får ein ikkje spelemidlar til. Skulen vurderer kva type anlegg ein kan ha på det aktuelle området.

**C Anlegg som må planleggast og konsekvensutgreiast før dei kjem med på prioriteringslista:**

1. Fleirbrukshall
2. Vassportanlegg
3. Krøllgras-7-ar-bane på Matre

**LISTE OVER LANGSIKTIGE OPPGÅVER (5-12 ÅR)****A Ordinære anlegg**

Her er ikkje kome framlegg om nye anlegg.

**B Nærmiljøanlegg**

- 1 Vidareutvikling nærmiljøanlegg Sandnes skule
- 2 Tennisbane på Matre
- 3 Ballbingar i nye byggjefelt

**KONKLUSJON**

Rådmannen rår til at kommunestyret vedtek framlegget til handlingsprogram for 2010 slik det ligg føre.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

| SAKSGANG       |            |        |            |
|----------------|------------|--------|------------|
| Politisk organ | Møtedato   | Saksnr | Sakshands. |
| Formannskapet  | 30.11.2009 | 087/09 | Alf Strand |
| Kommunestyret  | 08.12.2009 | 086/09 | Alf Strand |

|              |                      |
|--------------|----------------------|
| Arkiv: N-252 | Arkivsaknr.: 06/1082 |
|--------------|----------------------|

### SAK 086/09 - BYGDEKINO- FORNYING AV KONSESJON

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Nordbygda samfunnshus, Solheim grendahus og Fjon grendahus får fornya konsesjon for kinoframsyingar for perioden 1.1. 2010 – 31.12. 2012.

Løyvet kan trekkjast attende dersom løyvehavaren bryt reglar i denne lova eller i forskrifter til denne lova, straffelova § 204 eller § 382, eller bryt vilkår som er sette ved tildeling av løyvet.

Retten til å gje konsesjon til kinoframsying vert frå og med 2010 delegert til rådmannen.

#### **Finansiering**

##### **Heimel**

Lov av 1987 om film og videogram §2

### **FS-087/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

Nordbygda samfunnshus, Solheim grendahus og Fjon grendahus får fornya konsesjon for kinoframsyingar for perioden 1.1. 2010 – 31.12. 2012.

Løyvet kan trekkjast attende dersom løyvehavaren bryt reglar i denne lova eller i forskrifter til denne lova, straffelova § 204 eller § 382, eller bryt vilkår som er sette ved tildeling av løyvet.

Retten til å gje konsesjon til kinoframsying vert frå og med 2010 delegert til rådmannen.

#### **Finansiering**

##### **Heimel**

Lov av 1987 om film og videogram §2

### **Det skjedde i Formannskapet den 30.11.2009:**

**Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

## **KS-086/09 VEDTAK :**

**Nordbygda samfunnshus, Solheim grendahus og Fjon grendahus får fornya konsesjon for kinoframsyingar for perioden 1.1. 2010 – 31.12. 2012.**

**Løyvet kan trekkjast attende dersom løyvehavaren bryt reglar i denne lova eller i forskrifter til denne lova, straffelova § 204 eller § 382, eller bryt vilkår som er sette ved tildeling av løyvet.**

**Retten til å gje konsesjon til kinoframsying vert frå og med 2010 delegert til rådmannen.**

### **Finansiering**

#### **Heimel**

Lov av 1987 om film og videogram §2

### **Det skjedde i Kommunestyret den 08.12.2009:**

Saka vart drøfta.

**Bjørn Egil Nordland, Ap**, stilte spørsmål om drift av kinoen i Nordbygda. Etter det han har høyrte er ingen som vil driva kinoen.

Har Masfjorden kommune gjeve driftsstøtte til kinodrift?

Rådgevar Alf Strand svara at det har ikkje kome melding frå Bygdekinoen om at det er problem med kinodrifta i Nordbygda.

Det har vore utbetalt tilskot frå Masfjorden kommune etterskotsvis kvart halvår, etter dal dokumenterte framsyningar. Sjølv om konsesjonen vert gjeven har me ikkje utgifter på det utan at det vert halde kinoframsyningar.

Willy Borge opplyste om at sidan i sommar har det ikkje vore råd å få tak i vakter. Det er ungdomslaget i Nordbygda som driv kinoen.

Rådmannen opplyste om at det er Bygdekinoen som søker om konsesjon og at så lenge Masfjorden kommune ikkje har fått melding om noko endring må me berre ta stilling til søknaden som ligg føre.

### **Røysting:**

**Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**



## SAKSTILFANG:

## SAKSUTGREIING:

| Nr | T | Brevdato   | Avsendar/Mottakar                | Tittel   |
|----|---|------------|----------------------------------|--|
| 1  | I | 24.11.2006 | Bygdekinoen v/ Arnfinn Inderhaug | Oversikt over bygdekinoens speledagar i 2007               |
| 2  | I | 16.11.2009 | Bygdekinoen                      | Søknad om kommunal konsesjon jfr.Lov om film og videogram. |

## BAKGRUNN/ FAKTA

Nordbygda samfunnshus, Solheim grendahus og Fjon grendahus har konsesjon for kinoframsyningar fram til 31.12.2009. Det er Lov om film og videogram frå 1987 som regulerer kinoframvisning. § 2 1. – 4 ledd seier at :

”Framsyning og omsetning av film eller videogram i næring må ikkje skje utan løyve frå kommunestyret eller den kommunestyret har gitt fullmakt. Dette gjeld ikkje omsetning av film eller videogram for vidareomsetning.

Løyvet kan givast for ein periode på opptil fem år. Løyvet kan nektast eller trekkjast attende dersom løyvehavaren bryt reglar i denne lova eller i forskrifter til denne lova, straffelova § 204 eller § 382 eller bryt vilkår som er sette ved tildeling av løyvet.

Kommunen og Medietilsynet har rett til å gjennomføre naudsynt kontroll med at den løyvepliktige verksemda blir driven i samsvar med dei reglane som gjeld.

Kommunane kan fastsetje vilkår for løyve til framsyning av film og videogram. Det kan ikkje fastsetjast vilkår som inneber totalforbod mot framsyning av film eller videogram i ein kommune. ”

## VURDERING

Bygdekinoen gjev eit greitt filmtilbod til våre innbyggjarar. Oppslutnaden om kinoframsyningane varierer, men særleg for born og unge er det viktig at der er eit kinotilbod i nærmiljøet. Det er ingen grunn til at ikkje dei tre spelestadene skulle få fornya konsesjonen for 3 nye år.

Rådmannen meiner at kommunestyret godt kan delegera fullmakt til å gje konsesjon for kinodrift til rådmannen.

## KONKLUSJON

**Nordbygda samfunnshus, Solheim grendahus og Fjon grendahus får fornya konsesjon for kinoframsyningar for perioden 1.1. 2010 – 31.12. 2012. Løyvet kan trekkjast attende dersom løyvehavaren bryt reglar i denne lova eller i forskrifter til denne lova, straffelova § 204 eller § 382 eller bryt vilkår som er sette ved tildeling av løyvet.**

**Retten til å gje konsesjon til kinoframsyning vert frå og med 2010 delegert til rådmannen.**

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

| SAKSGANG       |            |        |            |
|----------------|------------|--------|------------|
| Politisk organ | Møtedato   | Saksnr | Sakshands. |
| Formannskapet  | 11.11.2009 | 069/09 | Alf Strand |
| Kommunestyret  | 08.12.2009 | 087/09 | Alf Strand |

|                     |                     |
|---------------------|---------------------|
| Arkiv: N-113, N-211 | Arkivsaknr.: 09/709 |
|---------------------|---------------------|

### SAK 087/09 - BARNEHAGESATSAR 2010

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Barnehagesatsane i Masfjorden vert auka med 10% frå 1. april 2010. Ein 5-dagarsplass vil då kosta kr 1815 pr. måned.

#### Finansiering

I samsvar med budsjett

#### Heimel

Lov om barnehagar

### FS-069/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Barnehagesatsane i Masfjorden vert auka med 10 % frå 1. april 2010. Ein 5-dagarsplass vil då kosta kr 1 815 pr. måned.

#### Det skjedde i Formannskapet den 11.11.2009:

Rådmannen orienterte og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### KS-087/09 VEDTAK:

Barnehagesatsane i Masfjorden vert auka med 10 % frå 1. april 2010. Ein 5-dagarsplass vil då kosta kr 1 815 pr. måned.

#### Det skjedde i Kommunestyret den 08.12.2009:

Laila S. Reknes, Ap, sa seg samd i framlegg til vedtak, men vil ikkje fylgja opp med makspris i 2011.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

## SAKSTILFANG:

## SAKSUTGREIING:

### **BAKGRUNN/FAKTA/VURDERING**

Barnehagesatsane i Masfjorden vart auka med 5% frå 1. april 2009. Ein heildagsplass kostar no kr 1650 pr. mnd.

Staten vil i 2010 framleis finansiera drift og etablering av nye barnehageplassar gjennom øyremerka tilskot. Innlemminga av tilskota til barnehagar i rammetilskotet til kommunane vil etter planen skje i 2011, jf. Innst. O. nr. 103 (2008–2009) og Ot.prp. nr. 57 (2007–2008) om lov om endring i barnehageloven.

Overgang til rammefinansiering reknar ein med vil føra til at kommunen får betydeleg mindre midlar frå staten til drift av barnehagane, og ein trappar såleis opp satsen mot maksimalpris i 2011.

Maksprisen er pr. i dag 2330 kr pr. mnd.

### **KONKLUSJON**

Barnehagesatsane i Masfjorden vert auka med 10% frå 1. april 2010. Ein fulltidsplass vil då kosta kr 1815 pr. månad.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

| SAKSGANG       |            |        |            |
|----------------|------------|--------|------------|
| Politisk organ | Møtedato   | Saksnr | Sakshands. |
| Formannskapet  | 11.11.2009 | 070/09 | Alf Strand |
| Kommunestyret  | 08.12.2009 | 088/09 | Alf Strand |

|                    |                     |
|--------------------|---------------------|
| Arkiv: N-113, N-21 | Arkivsaknr.: 09/726 |
|--------------------|---------------------|

### SAK 088/09 - SFO SATSAR FOR 2010

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

SFO-satsane vert auka med 2,5% frå 1. april 2010.

#### Finansiering

Er innarbeidd i budsjettframlegget

#### Heimel

§1 Reglement for Masfjorden kommunestyre

### FS-070/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

SFO-satsane vert auka med 2,5 % frå 1. april 2010.

#### Det skjedde i Formannskapet den 11.11.2009:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### KS-088/09 VEDTAK:

SFO-satsane vert auka med 2,5 % frå 1. april 2010.

#### Dei nye satsane er:

|                  |         |
|------------------|---------|
| Opptil 6 timar   | kr. 430 |
| Opptil 10 timar  | ” 860   |
| Opptil 14 timar  | ” 1.185 |
| 14 timar og over | ” 1.720 |

#### Det skjedde i Kommunestyret den 08.12.2009:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

## SAKSTILFANG:

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN/ FAKTA

SFO-satsane skal vedtakast av kommunestyret i samband med budsjetthandsaminga kvart år. I kommunestyresak 91/08 vart SFO-satsane i Masfjorden fastsette slik for 2009:

|                  |          |         |
|------------------|----------|---------|
| Opptil           | 6 timar  | kr. 420 |
| Opptil           | 10 timar | ” 840   |
| Opptil           | 14 timar | ” 1155  |
| 14 timar og over |          | kr 1680 |

### VURDERING

Det var auke i SFO-satsane med 5 % frå 2008 til 2009.

I budsjettarbeidet i år er det lagt til grunn ein prisauke på 2,5 %.

Ein auke i SFO-satsane på 2,5 % er såleis på linje med den generelle prisstigninga. Sjølv om satsane stig med 2,5 % vil SFO-tilbodet i Masfjorden i kroner og øre vera billegare i 2010 enn det var i 2006.

### KONKLUSJON

SFO-satsane vert auka med 2,5 % frå 1. april 2010.

Dei nye satsane er:

|                  |         |
|------------------|---------|
| Opptil 6 timar   | kr. 430 |
| Opptil 10 timar  | ” 860   |
| Opptil 14 timar  | ” 1.185 |
| 14 timar og over | ” 1.720 |

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

| SAKSGANG       |            |        |            |
|----------------|------------|--------|------------|
| Politisk organ | Møtedato   | Saksnr | Sakshands. |
| Formannskapet  | 11.11.2009 | 071/09 | Alf Strand |
| Kommunestyret  | 08.12.2009 | 089/09 | Alf Strand |

|                     |                     |
|---------------------|---------------------|
| Arkiv: N-113, N-215 | Arkivsaknr.: 09/710 |
|---------------------|---------------------|

### SAK 089/09 - ELEVBETALING I KULTURSKULEN 2010

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Elevbetalinga i Masfjorden kulturskule blir uendra for 2010. Søskenmoderasjonen vert som i dag.

Satsane for sal av timar til lag vert endra slik frå 1. august 2010:

Born og ungdom: kr 250 pr. time

Vaksne: kr 350 pr. time

#### **Finansiering**

Er innbakt i budsjettframlegget

#### **Heimel**

#### **Utskrift til:**

Kulturskulen

Heimesida

### FS-071/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Elevbetalinga i Masfjorden kulturskule blir uendra for 2010. Søskenmoderasjonen vert som i dag.

Satsane for sal av timar til lag vert endra slik frå 1. august 2010:

Born og ungdom: kr 250 pr. time

Vaksne: kr 300 pr. time

#### **Det skjedde i Formannskapet den 11.11.2009:**

Rådmannen orienterte om at det var skrivefeil i saka. Framlegg til vedtak skal vere:

Elevbetalinga i Masfjorden kulturskule blir uendra for 2010. Søskenmoderasjonen vert som i dag.

Satsane for sal av timar til lag vert endra slik frå 1. august 2010:

Born og ungdom: kr 250 pr. time

Vaksne: kr 300 pr. time

**Framlegg til retta vedtak vart samrøystes vedteke.**

## **KS-089/09 VEDTAK:**

**Elevbetalinga i Masfjorden kulturskule blir uendra for 2010. Søskenmoderasjonen vert som i dag.**

**Satsane for sal av timar til lag vert endra slik frå 1. august 2010:**

**Born og ungdom: kr 250 pr. time**

**Vaksne: kr 300 pr. time**

### **Det skjedde i Kommunestyret den 08.12.2009:**

**Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

## **SAKSTILFANG:**

## **SAKSUTGREIING:**

### **BAKGRUNN/ FAKTA**

Elevbetalinga i Masfjorden kulturskule auka i perioden 2003 til 2005 frå kr 1200 til kr 2200 pr skuleår på grunn av svak kommuneøkonomi. Frå 1.1 2007 vart elevbetalinga sett ned til kr 2000 pr. skuleår og frå 1/1 2008 har elevbetalinga vore kr 1800 pr. skuleår.

Elevbetalinga er framleis høg sett i høve til nivået før 2003 og i høve til dei andre kommunane i Nordhordland. "Ungdom og kultur" er dessutan eit av satsingsområda i prosjektet "Livskraftige kommunar".

### **VURDERING**

Elevbetalinga i Masfjorden bør stå uendra i høve til inneverande år. Elevane i kulturskulen er gode ambassadørar for kommunen, og det er viktig å halda elevbetalinga på eit rimeleg nivå slik at me ikkje utelukkar elevar frå å søkja opplæring i kulturskulen.

Derimot kan det no vera rett å auka satsane for sal av timer til lag. Desse satsane har og stått uendra nokre år.

### **KONKLUSJON**

Elevbetalinga i Masfjorden kulturskule blir uendra for 2010. Søskenmoderasjonen vert som i dag.

**Satsane for sal av timar til lag vert endra slik frå 1. august 2010:**

**Born og ungdom: kr 250 pr. time**

**Vaksne: kr 350 pr. time**

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

| SAKSGANG       |            |        |            |
|----------------|------------|--------|------------|
| Politisk organ | Møtedato   | Saksnr | Sakshands. |
| Formannskapet  | 11.11.2009 | 072/09 | Alf Strand |
| Kommunestyret  | 08.12.2009 | 090/09 | Alf Strand |

|                  |                     |
|------------------|---------------------|
| Arkiv: N-212.314 | Arkivsaknr.: 09/743 |
|------------------|---------------------|

### SAK 090/09 - ELEVBETALING IDRETTSSKULEN 2010-2011

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Elevbetalinga for tilbudet i idrettsskulen vert auka til kr 300 pr. elev pr. skuleår gjeldande frå hausten 2010.

#### Finansiering

Er lagt inn i budsjettet for 2010.

#### Heimel

#### Utskrift til:

Heimesida

#### **FS-072/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

Elevbetalinga for tilbudet i idrettsskulen vert auka til kr 300 pr. elev pr. skuleår gjeldande frå hausten 2010.

#### **Det skjedde i Formannskapet den 11.11.2009:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **KS-090/09 VEDTAK:**

Elevbetalinga for tilbudet i idrettsskulen vert auka til kr 300 pr. elev pr. skuleår gjeldande frå hausten 2010.

#### **Det skjedde i Kommunestyret den 08.12.2009:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.



## SAKSTILFANG:

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN/ FAKTA/ VURDERING

Frå hausten 2009 har elevbetalinga i idrettsskulen vore kr 250 pr. elev pr. skuleår. Dette er eit rimeleg tilbod. Kvar elev i idrettsskulen får eit aktivitetstilbod i 2 skuletimar pr. veke, 76 timar pr. skuleår. Timeprisen vert såleis ganske låg. Lønsutgiftene i idrettsskulen aukar.

### KONKLUSJON

Elevbetalinga i idrettsskulen vert auka til kr 300 pr. elev pr. skuleår frå hausten 2010.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

| SAKSGANG       |            |        |                  |
|----------------|------------|--------|------------------|
| Politisk organ | Møtedato   | Saksnr | Sakshands.       |
| Formannskapet  | 11.11.2009 | 075/09 | Ørnulf Lillestøl |
| Kommunestyret  | 08.12.2009 | 091/09 | Ørnulf Lillestøl |

|                     |                     |
|---------------------|---------------------|
| Arkiv: N-138, N-332 | Arkivsaknr.: 09/738 |
|---------------------|---------------------|

### SAK 091/09 - REGULERING AV HUSLEIGE FOR KOMMUNALE BUSTADER OG OMSORGSBUSTADER - REVISJON VEDTEKTER

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Husleiga for kommunale utleigebustader vert auka med 10% frå 2009 til 2010. Dette medfører ein kvm pris på 66,90. Ordning med redusert husleige dei fyrste 5 åra (80%) held fram.  
Det kan ikkje krevjast auke i husleige før leigetakar har leigd huset eit år.
2. Husleige i omsorgsbustader vert ikkje auka frå 2009 til 2010.  
Husleiga er: kr. 4.930,-.
3. Vedtektene for kommunale bustader vert endra slik;

#### Vedtekter for kommunale bustader – revisjon 2009

- A. Masfjorden kommune har ein bustadmasse som vert disponert til fylgjande målgrupper i prioritert rekkjefylgje;
  - Bustad som del av kommunen sitt ansvar for å sikre livsopphald (sosialtenestelova)
  - Gjennomgangsbustader til tilsette i kommunen.
  - Andre med trong for mellombels bustad.
- C. Rådmannen tildeler, fylgjer opp og avsluttar leigekontraktar i tråd med husleigelova sine retningslinjer. Formannskapet er klagenemnd.
- D. Rådmannen har ansvar for vedlikehald og for løpande vurdering av behov for kjøp, sal og/eller bygging av nye bustader. Framlegg om dette vert vurdert av formannskap og kommunestyre.
- E. Ved stor mangel på husvære kan kommunen leige inn husvære frå private. Innleige over tid som påfører kommunen kostnader skal godkjennast av formannskapet.
- F. Tildeling av omsorgsbustader vert gjennomført av inntaksrådet, jmf delegeringsreglementet.

**FS-075/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

1. Husleiga for kommunale utleigebustader vert auka med 10 % frå 2009 til 2010. Dette medfører ein kvm pris på 66,90. Ordning med redusert husleige dei fyrste 5 åra (80 %) held fram.  
Det kan ikkje krevjast auke i husleige før leigetakar har leigd huset eit år.
2. Husleige i omsorgsbustader vert ikkje auka frå 2009 til 2010.  
Husleiga er: kr. 4.930,-.
3. Vedtektene for kommunale bustader vert endra slik;

**Vedtekter for kommunale bustader – revisjon 2009**

- A. Masfjorden kommune har ein bustadmasse som vert disponert til fylgjande målgrupper i prioritert rekkjefylgje;
  - Bustad som del av kommunen sitt ansvar for å sikre livsopphald (sosialtenestelova)
  - Gjennomgangsbustader til tilsette i kommunen.
  - Andre med trong for mellombels bustad.
- B. Rådmannen tildeler, fylgjer opp og avsluttar leigekontraktar i tråd med husleigelova sine retningslinjer. Formannskapet er klagenemnd.
- C. Rådmannen har ansvar for vedlikehald og for løpande vurdering av behov for kjøp, sal og/eller bygging av nye bustader. Framlegg om dette vert vurdert av formannskap og kommunestyre.
- D. Ved stor mangel på husvære kan kommunen leige inn husvære frå private. Innleige over tid som påfører kommunen kostnader skal godkjennast av formannskapet.
- E. Tildeling av omsorgsbustader vert gjennomført av inntaksrådet, jmf delegeringsreglementet.

**Det skjedde i Formannskapet den 11.11.2009:**

Saka vart drøfta.

Det vart diskutert å endre deler av pkt 1 i framlegg til vedtak med å ha redusert husleige berre dei første 2 – 3 åra. Ein diskuterte og å trekke dei kommunale avgiftene ut av husleiga. Formannskapsmedlemmene tar desse momenta med tilbake til gruppene, og diskusjonen vert avslutta i neste kommunestyre.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**KS-091/09 VEDTAK:**

1. **Husleiga for kommunale utleigebustader vert auka med 10 % frå 2009 til 2010. Dette medfører ein kvm pris på 66,90. Ordning med redusert husleige, ( 80 % av full leige) vert gjorde gjeldande dei fyrste 3 åra.**

**Det kan ikkje krevjast auke i husleige før leigetakar har leigd huset eit år.**

2. **Husleige i omsorgsbustader vert ikkje auka frå 2009 til 2010. Husleiga er: kr. 4.930,-.**
3. **Vedtektene for kommunale bustader vert endra slik;**

**Vedtekter for kommunale bustader – revisjon 2009**

- A. Masfjorden kommune har ein bustadmasse som vert disponert til fylgjande målgrupper i prioritert rekkjefylgje;
- B. Bustad som del av kommunen sitt ansvar for å sikre livsopphald (sosialtenestelova)
- C. Gjennomgangsbustader til tilsette i kommunen.
- D. Andre med trong for mellombels bustad.
- E. Rådmannen tildeler, fylgjer opp og avsluttar leigekontraktar i tråd med husleigelova sine retningslinjer. Formannskapet er klagenemnd.
- F. Rådmannen har ansvar for vedlikehald og for løpande vurdering av behov for kjøp, sal og/eller bygging av nye bustader. Framlegg om dette vert vurdert av formannskap og kommunestyre.
- G. Ved stor mangel på husvære kan kommunen leige inn husvære frå private. Innleige over tid som påfører kommunen kostnader skal godkjennast av formannskapet.
- H. Tildeling av omsorgsbustader vert gjennomført av inntaksrådet, jmf delegeringsreglementet.

**Dette skjedde i kommunestyret den 08.12.2009:**

Saka vart drøfta.

Drøftinga gjekk på kor lenge ein skulle bruka 80 % regelen og om dei kommunale avgiftene framleis skulle vera inkludert i husleiga.

Det var delte meiningar i partia om dette.

**Marit Steinestø, KrF**, sette fram slikt endringsframlegg til pkt 1:

*Ordninga med redusert husleige (80 % av full leige) vert gjort gjeldande dei 3 første åra.*

**Dina Dyrhovden, Ap**, støttar KrF sitt framlegg om at dei første tre åra er det redusert husleige på 80 %.

Når det gjeld kommunale avgifter ynskjer Ap å få tala på bordet får ein tek stilling til dette.

**Willy Borge, Frp**, sette fram slikt endringsframlegg til pkt 1:

80 % regelen skal gjelda i 2 år i staden for å ta ut dei kommunale avgiftene.

Den var ingen opprettheld rådmannen sitt framlegg.

### **Røysting:**

Frp sitt endringsframlegg til pkt 1 vart røysta opp mot KrF sitt endringsframlegg til pkt. 1.

**KrF sitt endringsframlegg til pkt 1 om at 80 % regelen skal gjelda i 3 år vart vedteke med 15 mot 2 røyster. (Frp)**

**Pkt 2 og 3 i framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

## SAKSTILFANG:

## SAKSUTGREIING:

## BAKGRUNN

Husleigene for kommunale bustader vart handsama som eigen sak i 2004. For gjennomgangsbustadene vart husleiga då sett til 54,- pr kvm. Denne satsen er seinare auka årleg om lag i samsvar med konsumprisindeks.

Vedtak frå kommunestyrehandsaming i 2004 lyder slik:

### **Framlegg til vedtak:**

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

- **Husleiga vert rekna ut etter same kvadratmeterpris, kr. 54,00 for alle husaværa.**
- **Husleiga vert ikke auka i budsjettet for 2005.**
- **Husleiga skal deretter aukast eingong i året i samsvar med konsumprisindeksen for det året.**
- **Det skal ikkje krevast husleigeauke før leigetakar har budd eitt år i husværet. jfr. husleigelova § 4.2**
- **For bustader leigd ut etter lov om sosial omsorg, eller andre særskilde grunnar, kan rådmannen fastsetja ein annan leigesum.**
- **Husleiga for omsorgsbustader vert justert ned til 4.500 pr mnd for alle bustadane.**

## FAKTA

## Status husleige i 2009:

| Stad:                      | Antal husvære | Kvadrat meter | Bygge år | Full leige pr kvm pr mnd rekna etter kr 54,00 pr kvm | Full leige pr 01.01.07 auke på 3,75% | Full leige pr 01.04.08 auke på 3,00% | Full leige pr 01.04.09 auke på 5,4% | Ny månadsleige pr 01.04.09 (80 % av full leige) |
|----------------------------|---------------|---------------|----------|--|--------------------------------------|--------------------------------------|-------------------------------------|---|
| Matre                      | 2             | 100           | 1978     | 5400   | 5 603                                | 5 771                                | 6 082                               | 4 866   |
| Matre - Stien              | 4             | 80            | 1988     | 4320   | 4 482                                | 4 616                                | 4 866                               | 3 893   |
| Nordbygda - Ytre Haugsdal  | 4             | 80            | 1989     | 4320   | 4 482                                | 4 616                                | 4 866                               | 3 893   |
| Sandnes - nr 8             | 1             | 90            | 1968     | 4860   | 5 042                                | 5 194                                | 5 474                               | 4 379   |
| Sandnes - nr 9             | 1             | 95            | 1968     | 5130   | 5 322                                | 5 482                                | 5 778                               | 4 622   |
| Sandnes - nr 13            | 1             | 100           | 1982     | 5400   | 5 603                                | 5 771                                | 6 082                               | 4 866   |
| Sandnes - nr 13 K          | 1             | 60            |          | 3240   | 3 362                                | 3 462                                | 3 649                               | 2 919   |
| Sandnes nr 14 og 15        | 2             | 100           | 1983     | 5400   | 5 603                                | 5 771                                | 6 082                               | 4 866   |
| Sandnes nr 18 A            | 1             | 80            | 1985     | 4320   | 4 482                                | 4 616                                | 4 866                               | 3 893   |
| Sandnes nr 18 B            | 1             | 70            |          | 3780   | 3 922                                | 4 039                                | 4 258                               | 3 406   |
| Sandnes nr 19 A            | 1             | 80            | 1985     | 4320   | 4 482                                | 4 616                                | 4 866                               | 3 893   |
| Sandnes nr 19 B            | 1             | 70            |          | 3780   | 3 922                                | 4 039                                | 4 258                               | 3 406   |
| Sandnes - Tippehuset       | 2             | 40            | 1966     | 2160   | 2 241                                | 2 308                                | 2 433                               | 1 946   |
| Sandnes - Tippehuset       | 2             | 60            | 1966     | 3240   | 3 362                                | 3 462                                | 3 649                               | 2 919   |
| Sandnes - Tanngarden nr 22 | 1             | 100           | 1978     | 5400   | 5 603                                | 5 771                                | 6 082                               | 4 616   |

Husleige for omsorgsbustadene er 4930,- pr 2009.

## Intensjon

Målsetjing for kommunen som utleigar:

- Nytte tildeling av utleigebustad for å auke folketal.
- Sikre at personar som mellombels treng bustad etter sosialtenestelova får tilgang til egna bustad.
- Sikre tilgang på bustad til tilsette.
- Sikre at terskel er realistisk for ungdom som ynskjer å etablere seg i eige husvære.
- Sikre at utleige legg føringar for ynskje om etablering i eigd husvære.

## VURDERING

Det er viktig å fastsetje riktig nivå på husleigene i kommunale husvære. Spesielt gjeld dette utleigebustadene. Faktorane som påverkar fastsetjing av leigenivå er;

## ➤ Tilflyttingsmotivasjon.

Lågare husleige kan bety at leigetakarar vel Masfjorden i staden for nabokommunar. Erfaring frå andre kommunar som har halde lågt husleigenivå er ikkje berre positivt. Dette kan stimulere personar med svak betalingsevne spesielt til flytting. Argumentet

er også mindre aktuelt ettersom vi sjeldan og i korte periodar har ledige husvære.

➤ **Lågterskel for fyrstegangsetablerarar.**

Lågare husleige kan gjere det lettare for personar og familiar å spare opp pengar til seinare husbygging. Faktoren er vanskeleg å vurdere. Truleg er dette individuelt. Vi har valt å nytte denne innretninga i samanheng med auke i husleige etter 5 års butid for å skape motivasjon for å etablere eigen bustad.

➤ **Konsekvensar for det private husleigemarkedet**

Låge kommunale husleiger kan avgrense privat interesse for å byggje med utleige eller firma å byggje ut utleigebustader. Etter kvart kan ein risikere at kommunen prisar ut og ”overtek” utleigemarknaden.

➤ **Nivå på lånerente**

Alternativ til leige er å byggje sjølv eller kjøpe brukt bustad. Marknad for kjøp er avgrensa og å byggje sjølv medfører låneopptak. Lånerenta er no låg, kring 3 % og eit lån på 2 mill vil medføre nto utgifter (renter og avdrag) på 9000,- til 10.000,- pr mnd. Dersom differanse på kommunale husleiger og alternativ ved låneopptak og kjøp vert for stor vil dette kunne motivere til å leige og ikkje kjøpe/byggje sjølv.

➤ **Husleige som er relatert til byggeår/standard**

Dei fleste bustadene er rusta opp dei seinare år slik at standarden no er gjennomgåande betre. Det vil vere vanskeleg å differensiere husleige etter standard fordi dette kan vere basert på subjektive oppfatningar.

➤ **Rekruttering kommunalt tilsette**

Det å kunne tilby bustad ved tilsetjing er eit viktig rekrutteringstiltak. I periodar er dette vanskeleg då vi ikkje har bustad ledig på det tidspunkt vi treng tilsette som er vanskeleg å rekruttere. Det er også i periodar ikkje alternativ for leige hjå andre utleigarar.

Slik utleigemarknaden er i andre kommunar, kan dette vere eit godt rekrutteringstiltak. Det krev større utskifting av leigetakarar eller fleire bustader enn det vi har i dag.

➤ **Husleigenivå omsorgsbustader**

Husleiga er no på 4930,- pr måned. Om lag halvparten av leigetakarane mottek bustønad i gjennomsnitt 2400,- pr mnd. Dei som ikkje mottek stønad har over 180.000,- i inntekt og/eller over 250.000,- i netto formue.

Ein ringerunde til nabokommunane viser at vårt husleigenivå samsvarar eller er litt i underkant av nivået i desse kommunane.

Eldrerådet har gjennom mange år meint at husleigenivået i omsorgsbustadane er for høgt. Ved handsaming av saka i 2004 vart husleiga satt ned frå 4768,- til 4500,-.

Eldrerådet handsama denne saka 02.11.09 og tilrår då kommunestyret å ”fryse” husleigesatsane for omsorgsbustadene.

## **Nye bustader**

Nye utleigebustader/bustader for sal er under oppføring på Hosteland. Nye bustader er under planlegging på Masfjordnes. Med nivå på husleige som i dag vil husleiga for einingane på Hosteland vere ca 4400,- pr mnd dei fyrste 5 åra. Kapitalkostnader ved kjøp vil vere kring 7000,- nto. Denne differansen vil auke framover ved auka rentenivå.

Husværa på Masfjordnes er større. Husleige vil der vere ca 7200,- for den største (150 kvm) med nivå som i dag og ca 9500,- i nto kapitalkostnader.

## KONKLUSJON

### **Husleige omsorgsbustader**

Husleiga er på 4.930,-. Det vert tilrådd at den vert uendra i 2010. Det er færre som har bustønad og fleire bustader står unytta, (pr 01.11.09 – 1 på Matre, 1 på Haugsvær og 1 på Sandnes).

### **Husleige utleigebustader**

Rådmannen tilrår auke i husleigenivå utover konsumprisindeks frå 2009 til 2010. Det er stor etterspurnad etter utleigebustadene med periodar med ventelister. Det er også slik at leigenivået er for lågt til at det stimulerer til kjøp eller bygging.

Det vert ikkje tilrådd differensiering av husleige etter byggeår eller standard. Som tidlegare vert husleiga utmålt etter storleik på eininga.

Det vert tilrådd auke på 10 % i husleigesatsane. Leige pr kvm vert då auka frå 60,8 til 66,9.



**Auke i husleige for 2010 framkjem av tabellen under.**

| Stad:                      | Antal husvære | Kvadrat meter | Byggeår | Full leige pr kvm pr mnd rekna etter kr 54,00 pr kvm | Full leige pr 01.01.07 auke på 3,75% | Full leige pr 01.04.08 auke på 3,00% | Full leige pr 01.04.09 auke på 5,4% | Full leige pr 01.04.2010 auke på 10 % | Ny månadsleige pr 01.04.10 (80 % av full leige) |
|----------------------------|---------------|---------------|---------|--|--------------------------------------|--------------------------------------|-------------------------------------|---------------------------------------|---|
| Matre                      | 2             | 100           | 1978    | 5400   | 5 603                                | 5 771                                | 6 082                               | 6 690                                 | 5 352   |
| Matre - Stien              | 4             | 80            | 1988    | 4320   | 4 482                                | 4 616                                | 4 866                               | 5 352                                 | 4 282   |
| Nordbygda - Ytre Haugsdal  | 4             | 80            | 1989    | 4320   | 4 482                                | 4 616                                | 4 866                               | 5 352                                 | 4 282   |
| Sandnes - nr 8             | 1             | 90            | 1968    | 4860   | 5 042                                | 5 194                                | 5 474                               | 6 021                                 | 4 817   |
| Sandnes - nr 9             | 1             | 95            | 1968    | 5130   | 5 322                                | 5 482                                | 5 778                               | 6 356                                 | 5 085   |
| Sandnes - nr 13            | 1             | 100           | 1982    | 5400   | 5 603                                | 5 771                                | 6 082                               | 6 690                                 | 5 352   |
| Sandnes - nr 13 K          | 1             | 60            |         | 3240   | 3 362                                | 3 462                                | 3 649                               | 4 014                                 | 3 211   |
| Sandnes nr 14 og 15        | 2             | 100           | 1983    | 5400   | 5 603                                | 5 771                                | 6 082                               | 6 690                                 | 5 352   |
| Sandnes nr 18 A            | 1             | 80            | 1985    | 4320   | 4 482                                | 4 616                                | 4 866                               | 5 352                                 | 4 282   |
| Sandnes nr 18 B            | 1             | 70            |         | 3780   | 3 922                                | 4 039                                | 4 258                               | 4 683                                 | 3 747   |
| Sandnes nr 19 A            | 1             | 80            | 1985    | 4320   | 4 482                                | 4 616                                | 4 866                               | 5 352                                 | 4 282   |
| Sandnes nr 19 B            | 1             | 70            |         | 3780   | 3 922                                | 4 039                                | 4 258                               | 4 683                                 | 3 747   |
| Sandnes - Tippehuset       | 2             | 40            | 1966    | 2160   | 2 241                                | 2 308                                | 2 433                               | 2 676                                 | 2 141   |
| Sandnes - Tippehuset       | 2             | 60            | 1966    | 3240   | 3 362                                | 3 462                                | 3 649                               | 4 014                                 | 3 211   |
| Sandnes - Tanngarden nr 22 | 1             | 100           | 1978    | 5400   | 5 603                                | 5 771                                | 6 082                               | 6 690                                 | 5 352   |

**Vedtekter**

Gjeldande vedtekter for utleige vert endra og forenkla noko. Det er ikkje lagt inn endringar av prinsipiell art.

- Masfjorden kommune har ein bustadmasse som vert disponert til fylgjande målgrupper i prioritert rekkjefylgje;
  - Bustad som del av kommunen sitt ansvar for å sikre livsopphald (sosialtenestelova)
  - Gjennomgangsbustader til tilsette i kommunen
  - Andre med trong for mellombels bustad.
- Rådmannen tildeler, fylgjer opp og avsluttar leigekontraktar i tråd med husleigelova sine retningslinjer. Formannskapet er klagemnd.
- Rådmannen har ansvar for vedlikehald og for løpande vurdering av behov for kjøp, sal og/eller bygging av nye bustader. Framlegg om dette vert vurdert av formannskap og kommunestyre.
- Ved stor mangel på husvære kan kommunen leige inn husvære frå private. Innleige over tid som påfører kommunen kostnader skal godkjennast av formannskapet.
- Tildeling av omsorgsbustader vert gjennomført av inntaksrådet jmf delegeringsreglementet.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

| SAKSGANG       |            |        |            |
|----------------|------------|--------|------------|
| Politisk organ | Møtedato   | Saksnr | Sakshands. |
| Formannskapet  | 11.11.2009 | 073/09 | Alf Strand |
| Kommunestyret  | 08.12.2009 | 092/09 | Alf Strand |

|                 |                     |
|-----------------|---------------------|
| Arkiv: N-212.04 | Arkivsaknr.: 09/708 |
|-----------------|---------------------|

### SAK 092/09 - RAMMETIMETALET 2010 - 2011

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1 Det endelege rammetimetalet for skuleåret 2010-11 vert fastsett innanfor dei vedtekne rammene for budsjettet 2010 til 770 t/v.

2 Timane skal dekkja:

A) TIMAR ETTER FAG- OG TIMEBYTEPLAN

b) Delingstimar

c) Kontaktlærartenesta

d) Sosialpedagogiske tenester/rådgjeving

e) Timar til spesialpedagogiske tilleggsressursar etter søknad i skulen og førskulealder (§5-1 i Opplæringslova)

f) Spesialpedagogiske timar til vaksne

3 I tillegg kjem timetalet til morsmålsundervisning og norsk 2 for framandspråklege etter godkjenning frå Fylkesmannen.

4 Timane etter fag- og timebyteplan og sosialpedagogiske tenester/rådgjeving vert fordelte av rådmannen til skulane i samsvar med vedlagde utgreiing.

5 Rådmannen får fullmakt til å gjera nødvendige overføringar av lønsmidlar mellom skulane som ein konsekvens av vedteke rammetimetale.

6 Rådmannen får fullmakt til å følgja opp rammetimetalet og gjera mindre endringar innanfor vedtekne budsjetttrammer for oppvekstsektoren dersom det oppstår nye/uføresette brukarbehov.

#### Finansiering

Innanfor vedteke budsjett 2010

#### Heimel

**FS-073/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

1. Det endelege rammetimetalet for skuleåret 2010-11 vert fastsett innanfor dei vedtekne rammene for budsjettet 2010 til 770 t/v.
2. Timane skal dekkja:
  - a) Timar etter fag- og timebyteplan
  - b) Delingstimar
  - c) Kontaktlærartenesta
  - d) Sosialpedagogiske tenester/rådgjeving
  - e) Timar til spesialpedagogiske tilleggsressursar etter søknad i skulen og førskulealder (§5-1 i Opplæringslova)
  - f) Spesialpedagogiske timar til vaksne
3. I tillegg kjem timetalet til morsmålsundervisning og norsk 2 for framandspråklege etter godkjenning frå Fylkesmannen.
4. Timane etter fag- og timebyteplan og sosialpedagogiske tenester/rådgjeving vert fordelte av rådmannen til skulane i samsvar med vedlagde utgreiing.
5. Rådmannen får fullmakt til å gjera nødvendige overføringar av lønsmidlar mellom skulane som ein konsekvens av vedteke rammetimetal.
6. Rådmannen får fullmakt til å følgja opp rammetimetalet og gjera mindre endringar innanfor vedtekne budsjetttrammer for oppvekstsektoren dersom det oppstår nye/uføresette brukarbehov.

**Det skjedde i Formannskapet den 11.11.2009:**

Rådgjevar Alf Strand møtte til denne saka. Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**KS-092/09 VEDTAK:**

1. Det endelege rammetimetalet for skuleåret 2010-11 vert fastsett innanfor dei vedtekne rammene for budsjettet 2010 til 770 t/v.
2. Timane skal dekkja:
  - a) Timar etter fag- og timebyteplan
  - b) Delingstimar
  - c) Kontaktlærartenesta
  - d) Sosialpedagogiske tenester/rådgjeving
  - e) Timar til spesialpedagogiske tilleggsressursar etter søknad i skulen og førskulealder (§5-1 i Opplæringslova)
  - f) Spesialpedagogiske timar til vaksne
3. I tillegg kjem timetalet til morsmålsundervisning og norsk 2 for framandspråklege etter godkjenning frå Fylkesmannen.
4. Timane etter fag- og timebyteplan og sosialpedagogiske tenester/rådgjeving vert fordelte av rådmannen til skulane i samsvar med vedlagde utgreiing.
5. Rådmannen får fullmakt til å gjera nødvendige overføringar av lønsmidlar mellom skulane som ein konsekvens av vedteke rammetimetal.
6. Rådmannen får fullmakt til å følgja opp rammetimetalet og gjera mindre endringar innanfor vedtekne budsjetttrammer for oppvekstsektoren dersom det oppstår nye/uføresette brukarbehov.

**Det skjedde i Kommunestyret den 08.12.2009:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**SAKSTILFANG:**

| Nr | T | Brevdato   | Avsendar/Mottakar                            | Tittel  |
|----|---|------------|--|---|
| 2  | I | 22.10.2009 | Sandnes skule og Matre skule Nordbygda skule | Rektor sine framlegg til rammetimetal frå skulane |

**SAKSUTGREIING:****BAKGRUNN**

Rammetimetalet har vore gjennomarbeidd av rektorane i samband med budsjettprosessen. Rektorane har sett opp framlegg til rammetimetal for eigen skule i samsvar med tildelt budsjetttramme. Rådmannen har deretter handsama rammetimetalet med vekt på å få til ei likeverdig tildeling mellom skulane. Oversyn over rektorane sine framlegg og rådmannen sin gjennomgang ligg ved. Lønsbudsjettet for kvar skule vil deretter bli sett opp med bakgrunn i vedteke rammetimetal.

## HØYRING

Rektorane har hatt rådmannen sitt framlegg ute til høyring.

## FAKTA/ VURDERING

Utviklinga av rammetimetale dei siste åra

| Skuleår   | Rammetimetale | Elevtal |
|-----------|---------------|---------|
| 2000-2001 | 811,1         | 269     |
| 2001-02   | 783,2         | 269     |
| 2002-03   | 785           | 260     |
| 2003-04   | 799           | 254     |
| 2004-05   | 750           | 243     |
| 2005-06   | 777,5         | 241     |
| 2006-07   | 796,5         | 234     |
| 2007-08   | 796,5         | 225     |
| 2008-09   | 790           | 223     |
| 2009-10   | 768           | 225     |
| 2010-11   | 770           | 219     |

Rådmannen legg i sitt framlegg opp til ein auke i rammetimetale for skuleåret 2010-2011 på 4 timar til skulane i høve til det skuleåret me no er inne i. På den andre sida vert timetale samla hjå rådmannen redusert, sjølv om reserven til påkomande tilfelle er auka med 3 timar.

Rådmannen har tildelt Nordbygda og Matre skular nok timar til at ein kan la 1. klasse gå åleine. Dette er i samsvar med den vekt sentrale styresmakter legg på tidleg tiltak og auka lærartettleik i småskulen, rådmannen finn det rett å prioritera desse årsstega. Særleg med tanke på at me no er inne i eit prosjekt for å oppnå betre læringsresultat i dei fyrste skuleåra, er det uheldig å spara inn timar på småskulesteget.

Som det går fram av tabellen over, vil ikkje elevtalet endra seg vesentleg frå dette året til neste skuleår. På Nordbygda skule slær me saman 3 årskull til ein klasse på grunn av elevtalet i dei ulike årskulla. Ein time ekstra til IKT-arbeid er lagt inn i rammetimetale på kvar skule. Denne ressursen var tidlegare hos rådmannen.

## KONKLUSJON

Rådmannen vil fremja rammetimetale for skuleåret 2010-11 for alle tre skulane slik det no ligg føre og innafør vedteke budsjett 2010.

**1 Det endelege rammetimetale for skuleåret 2010-11 vert fastsett innanfor dei vedtekne rammene for budsjettet 2010 til 770 t/v.**

**2 Timane skal dekkja:**

- a) Timar etter fag- og timebyteplan
- b) Delingstimar
- c) Kontaktlærartenesta
- d) Sosialpedagogiske tenester/rådgeving
- e) Timar til spesialpedagogiske tilleggsressursar etter søknad i skulen og førskulealder (§5-1 i Opplæringslova)
- f) Spesialpedagogiske timar til vaksne

**3 I tillegg kjem timetale til morsmålsundervisning og norsk 2 for framandspråklege etter godkjenning frå Fylkesmannen.**

**4 Timane etter fag- og timebyteplan og sosialpedagogiske tenester/rådgjeving vert fordelte av rådmannen til skulane i samsvar med vedlagde utgreiing.**

**5 Rådmannen får fullmakt til å gjera nødvendige overføringar av lønsmidlar mellom skulane som ein konsekvens av vedteke rammetimetal.**

**6 Rådmannen får fullmakt til å følgja opp rammetimetalet og gjera mindre endringar innanfor vedtekne budsjetttrammer for oppvekstsektoren dersom det oppstår nye/uføresette brukarbehov.**

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

| SAKSGANG       |            |        |                   |
|----------------|------------|--------|-------------------|
| Politisk organ | Møtedato   | Saksnr | Sakshands.        |
| Formannskapet  | 11.11.2009 | 074/09 | Gerd Allis Håheim |
| Kommunestyret  | 08.12.2009 | 093/09 | Gerd Allis Håheim |

|              |                     |
|--------------|---------------------|
| Arkiv: N-113 | Arkivsaknr.: 09/746 |
|--------------|---------------------|

### SAK 093/09 - EIGENBETALING PLEIE OG OMSORG 2010

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Eigenbetaling heimhjelp/praktisk hjelp i heimen:

| Grunnlag (1G = 72.881,-)<br>Pr 1. mai 2009 | Inntektsramme     | Satsar pr time | Pris pr måned |
|--|-------------------|----------------|---------------|
| Inntil 2 G utgiftstak på                   | 0 – 145.762       |                | 150,-         |
| 2G - 3 G «                                 | 145.762 – 218.643 | 52,-           | 533,-         |
| 3 G - 4 G «                                | 218.643 – 291.524 | 64,-           | 672,-         |
| 4 G - 5 G «                                | 291.524 – 364.405 | 96,-           | 1000,-        |
| over 5 G «                                 | 364.405 -----     | 128,-          | 1333,-        |

2. Husleige i omsorgsbustader 2010 vert kr 4.930,- pr. mnd. (uendra frå 2009)  
Jfr. eiga sak på husleige for kommunale hus.

3. Satsar for kortidsopphald institusjon:  
kr. 121,- pr.døgn, inntil 60 døgn pr. år.

Ved opphald utover dette betalar ein som for fast plass.

For fast dagplass betalar ein kr. 61,-

4. Matombringning/sal av mat:

Kr. 57- pr middag m/dessert, levert frå Masfjorden sjukeheim

Kr. 68- pr middag stor porsjon levert frå Masfjorden sjukeheim

Kr. 31,- pr. frukost frå Masfjorden sjukeheim

5. Eigenbetaling for tryggleiksalarm vert auka til kr. 235,- pr mnd for 2010.  
Fritak for minstepensjonistar. (uendra)

#### Finansiering av vedtaket:

#### **Budsjett 2010**

#### Heimel

**FS-074/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**1. Eigenbetaling heimehjelp/praktisk hjelp i heimen:

| <b>Grunnlag (1G = 72.881,-)</b><br>Pr 1. mai 2009 | <b>Inntektsramme</b> | <b>Satsar pr time</b> | <b>Pris pr måned</b> |
|---|----------------------|-----------------------|----------------------|
| Inntil 2 G utgiftstak på                          | 0 – 145.762          |                       | 150,-                |
| 2G - 3 G «  | 145.762 – 218.643    | 52,-                  | 533,-                |
| 3 G - 4 G «                                       | 218.643 – 291.524    | 64,-                  | 672,-                |
| 4 G - 5 G «                                       | 291.524 – 364.405    | 96,-                  | 1000,-               |
| over 5 G «  | 364.405 -----        | 128,-                 | 1333,-               |

2. Husleige i omsorgsbustader 2010 vert kr 4.930,- pr. mnd. (uendra frå 2009)  
Jfr. eiga sak på husleige for kommunale hus.

3. Satsar for kortidsopphald institusjon:  
kr. 121,- pr.døgn, inntil 60 døgn pr. år.

Ved opphald utover dette betalar ein som for fast plass.

For fast dagplass betalar ein kr. 61,-

4. Matombringning/sal av mat:

Kr. 57- pr middag m/dessert, levert frå Masfjorden sjukeheim

Kr. 68- pr middag stor porsjon levert frå Masfjorden sjukeheim

Kr. 31,- pr. frukost frå Masfjorden sjukeheim

5. Eigenbetaling for tryggleiksalarm vert auka til kr. 235,- pr mnd for 2010.  
Fritak for minstepensjonistar. (uendra)

**Det skjedde i Formannskapet den 11.11.2009:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.



**KS-093/09 VEDTAK:****1. Eigenbetaling heimehjelp/praktisk hjelp i heimen:**

| Grunnlag (1G = 72.881,-)<br>Pr 1. mai 2009 | Inntektsramme            | Satsar pr time | Pris pr måned |
|--|--------------------------|----------------|---------------|
| <b>Inntil 2 G utgiftstak på</b>            | <b>0 – 145.762</b>       |                | <b>150,-</b>  |
| <b>2G - 3 G «</b>                          | <b>145.762 – 218.643</b> | <b>52,-</b>    | <b>533,-</b>  |
| <b>3 G - 4 G «</b>                         | <b>218.643 – 291.524</b> | <b>64,-</b>    | <b>672,-</b>  |
| <b>4 G - 5 G «</b>                         | <b>291.524 – 364.405</b> | <b>96,-</b>    | <b>1000,-</b> |
| <b>over 5 G «</b>                          | <b>364.405 -----</b>     | <b>128,-</b>   | <b>1333,-</b> |

**2. Husleige i omsorgsbustader 2010 vert kr 4.930,- pr. mnd. (uendra frå 2009)  
Jfr. eiga sak på husleige for kommunale hus.**

**3. Satsar for kortidsopphald institusjon:  
kr. 121,- pr.døgn, inntil 60 døgn pr. år.**

**Ved opphald utover dette betalar ein som for fast plass.**

**For fast dagplass betalar ein kr. 61,-**

**4. Matombringning/sal av mat:**

**Kr. 57- pr middag m/dessert, levert frå Masfjorden sjukeheim**

**Kr. 68- pr middag stor porsjon levert frå Masfjorden sjukeheim**

**Kr. 31,- pr. frukost frå Masfjorden sjukeheim**

**5. Eigenbetaling for tryggleiksalarm vert auka til kr. 235,- pr mnd for 2010.  
Fritak for minstepensjonistar. (uendra)**

**Det skjedde i Kommunestyret den 08.12.2009:**

**Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

## SAKSTILFANG:

Brev frå Helse- og omsorgsdepartementet, dagsett 01.01.2009.

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN OG FAKTA

Satsane for eigenbetaling i pleie og omsorgstenestene skal vedtakast årleg i samband med budsjettvedtak. I pleie og omsorgstenestene er delar av eigenbetalingssatsane fastsett ved forskrift sentralt. Dette gjeld eigenbetaling for opphald i sjukeheim, betaling for medisin, transport osv.

Frå sentralt hald er det også sett maksimalsatsar for heimetenester og kortidsopphald i sjukeheim. For 2010 er det lagt inn ei lita auke frå 118 til 121, jfr. brev frå Helse- og omsorgsdepartementet dagsett 01.01.2009.

### Heimetenester

Staten har fastsett at det ikkje er høve til å krevje eigenbetaling for heimesjukepleie. For heimehjelp/praktisk bistand i heimen er det sett maksimalsatsar etter inntektsnivå hjå brukaren/husstand.

### SATSAR EIGENBETALING HEIMEHJELP/PRAKTISK HJELP I HEIMEN 2009

Frå sentralt hald er det opna for endringar i satsane utanom for minstepensjonistar (inntil 2 G) Gruppen er skjerna med ein maksimalsats på 150,- pr mnd.

### Framlegg frå rådmannen for 2010

#### 1. Eigenbetaling heimehjelp/praktisk hjelp i heimen:

| Grunnlag (1G = 72.881,-)<br>Pr 1. mai 2009 | Inntektsramme     | Satsar pr time | Pris pr måned |
|--|-------------------|----------------|---------------|
| Inntil 2 G utgiftstak på                   | 0 – 145.762       |                | 150,-         |
| 2G - 3 G «                                 | 145.762 – 218.643 | 52,-           | 533,-         |
| 3 G - 4 G «                                | 218.643 – 291.524 | 64,-           | 672,-         |
| 4 G - 5 G «                                | 291.524 – 364.405 | 96,-           | 1000,-        |
| over 5 G «                                 | 364.405 -----     | 128,-          | 1333,-        |

### Satsar for husleige i omsorgsbustader

Satsane for husleige i omsorgsbustadene er til vanleg justert årleg i samband med vurdering av pleie og omsorgstenestene. Tiltaket omsorgsbustader er formelt ein del av pleie og omsorgstenestene. Husleige for omsorgsbustadane var den same i 2007 og 2008 med kr. 4.680,- pr mnd. For 2009 vart husleiga auka med 5,4 % til 4.930,-.

### Framlegg frå rådmannen:

For 2010 vert det ingen auke på husleiga for omsorgsbustader.

### Satsar for kortidsopphald institusjon

Maksimalsatsar er her fastsett frå sentralt hald.

Satsane har i fleire år vore 118,- pr. døgn, inntil 60 døgn pr. år.

For fast dagplass har satsen til no vore kr. 59,-

**Jfr. skriv frå Helse- og omsorgsdepartementet dagsett 010109 vert eigedelen for korttidsopphald auka til 121,- kr pr døgn.**

For dag- og nattopphald vert eigedelen auka til kr. 61,- pr dag/natt.

Fribeløpet før berekning vert sett til kr. 6.200,-.

**Framlegg frå rådmannen:**

Satsar for korttidsopphald vert auka til kr. 121,- pr døgn, inntil 60 døgn pr år.

For fast dagplass vert satsen sett til kr. 61 pr dag/natt.

**Satsane for matombringning for år 2010**

Kr. 57 - pr middag m/dessert, levert frå Masfjorden sjukeheim

Kr. 68,- pr middag for stor porsjon

Kr. 31,- pr. frukost frå Masfjorden sjukeheim

Satsane har vore sidan 2005, 2006, 2007 og 2008, men auka med kr. 5,- for 2009.

**Framlegg frå rådmannen:**

Satsane for matombringning vert auka med 4 % for 2010.

**TRYGGLEIKSALARM**

Eigenbetaling for tryggleiksalarm vart i budsjett 2009 sett til kr. 225,- pr mnd med fritak for minstepensjonistar.

**Framlegg frå rådmannen:**

Tryggleiksalarm vert auka for 2010 til kr. 235,- .

I budsjettet for 2008 vart det gjort vedtak om fritak for minstepensjonistar.

Rådmannen gjer framlegg om fritak for minstepensjonistar vert oppretthalde.

**KONKLUSJON**

Sjå framlegg til vedtak.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

| SAKSGANG       |            |        |                     |
|----------------|------------|--------|---------------------|
| Politisk organ | Møtedato   | Saksnr | Sakshands.          |
| Formannskapet  | 11.11.2009 | 076/09 | Anne Kristin Rafoss |
| Kommunestyret  | 08.12.2009 | 094/09 | Anne Kristin Rafoss |

|                    |                     |
|--------------------|---------------------|
| Arkiv: N-113, N-57 | Arkivsaknr.: 09/745 |
|--------------------|---------------------|

### SAK 094/09 - GEBYRSATSAR RENOVASJON OG SLAM FOR MASFJORDEN KOMMUNE FOR 2010

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Gebyrstatsar for renovasjonstenesta i år 2010 følgjer av tabellen under:

| RENOVASJON                               | 2010     |        |          |
|--|----------|--------|----------|
|  | eks. mva | auke   | inkl.mva |
| Årsavgift u/komp. 140 l. (*)             | 2 492,-  | 8,7 %  | 3 115,-  |
| Årsavgift u/komp. 240 l. (*+250,-)       | 2 692,-  | 8,0 %  | 3 365,-  |
| Årsavgift u/komp. 4.kvar veke (*-250,-)  | 2 292,-  | 9,6 %  | 2 865,-  |
| Årsavgift m/komp. m/liten dunk (**)      | 2 092,-  | 10,6 % | 2 615,-  |
| Årsavgift m/komp. m/stor dunk (**+250,-) | 2 292,-  | 9,6 %  | 2 865,-  |
| Årsavgift m/komp. 4.kvar veke (**-250,-) | 1 892,-  | 11,8 % | 2 365,-  |
| Årsavgift hytte/fritidsbustad (1/2)      | 1 246,-  | 8,7 %  | 1 558,-  |

#### Finansiering

Sjølvkostprinsippet

#### Heimel

Forureiningslova

#### Utskrift vert sendt:

Nordhordland og Gulen  
renovasjonsselskap

Kjevikdalen

5956 VÅGSEIDET

**FS-076/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

Gebysatsar for renovasjonstenesta i år 2010 følgjer av tabellen under:

|  | RENOVASJON |        |          | 2010     |      |          |
|--|------------|--------|----------|----------|------|----------|
|  | eks. mva   | auke   | inkl.mva | eks. mva | auke | inkl.mva |
| Årsavgift u/komp. 140 l. (*)             | 2 492,-    | 8,7 %  | 3 115,-  |          |      |          |
| Årsavgift u/komp. 240 l. (*+250,-)       | 2 692,-    | 8,0 %  | 3 365,-  |          |      |          |
| Årsavgift u/komp. 4.kvar veke (*-250,-)  | 2 292,-    | 9,6 %  | 2 865,-  |          |      |          |
| Årsavgift m/komp. m/liten dunk (**)      | 2 092,-    | 10,6 % | 2 615,-  |          |      |          |
| Årsavgift m/komp. m/stor dunk (**+250,-) | 2 292,-    | 9,6 %  | 2 865,-  |          |      |          |
| Årsavgift m/komp. 4.kvar veke (**-250,-) | 1 892,-    | 11,8 % | 2 365,-  |          |      |          |
| Årsavgift hytte/fritidsbustad (1/2)      | 1 246,-    | 8,7 %  | 1 558,-  |          |      |          |

**Det skjedde i Formannskapet den 11.11.2009:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**KS-094/09 VEDTAK:**

Gebysatsar for renovasjonstenesta i år 2010 følgjer av tabellen under:

|  | RENOVASJON |        |          | 2010     |      |          |
|--|------------|--------|----------|----------|------|----------|
|  | eks. mva   | auke   | inkl.mva | eks. mva | auke | inkl.mva |
| Årsavgift u/komp. 140 l. (*)             | 2 492,-    | 8,7 %  | 3 115,-  |          |      |          |
| Årsavgift u/komp. 240 l. (*+250,-)       | 2 692,-    | 8,0 %  | 3 365,-  |          |      |          |
| Årsavgift u/komp. 4.kvar veke (*-250,-)  | 2 292,-    | 9,6 %  | 2 865,-  |          |      |          |
| Årsavgift m/komp. m/liten dunk (**)      | 2 092,-    | 10,6 % | 2 615,-  |          |      |          |
| Årsavgift m/komp. m/stor dunk (**+250,-) | 2 292,-    | 9,6 %  | 2 865,-  |          |      |          |
| Årsavgift m/komp. 4.kvar veke (**-250,-) | 1 892,-    | 11,8 % | 2 365,-  |          |      |          |
| Årsavgift hytte/fritidsbustad (1/2)      | 1 246,-    | 8,7 %  | 1 558,-  |          |      |          |

**Det skjedde i Kommunestyret den 08.12.2009:**

Frode Langhelle gjorde merksam på at ordet slam skal ut av sakstittelen.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

## SAKSTILFANG:

| Nr | T | Brevdato   | Avsendar/Mottakar | Tittel                                 |
|----|---|------------|-------------------|--|
| 1  | I | 27.10.2009 | NGIR              | Vedk gebyr renovasjon og slam for 2010 |

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Masfjorden kommunen vedtok i k-sak 0064/03 og i k-sak 0132/03 og overføre alle oppgaver som har med renovasjon å gjere til NGIR. Kommunen fastset framleis renovasjonsgebyra for abonnentane i Masfjorden kommune kvart år i samband med budsjetthandsaminga.

### FAKTA

Dei kommunale avgiftene vart sist regulert 01.01.2009 etter vedtak i kommunestyret 11.12.08 som sak 096/08.

### VURDERING

Vedtak frå representantskapet i NGIR den 26.10.2009 gjer framlegg om ei auke på kr 200,- eks mva for alle avgiftstypane unnateke hytteavgifta som får ½ kronebeløpet i auke. Gebyrauken er i hovudsak grunna slik:

Det skal no nyttast kalkulatorisk rente på alle gebyrfinansierte tenester for å unngå at bruk at andre enn gebyrfinansierte inntekter skal redusere kostnadsnivået for hushalda ved investeringar. Dette åleine aukar gebyret med kr 56,-.

NGIR har dispensasjon frå driftsløyve til å nytte deponiet til 31.03.2010 for mottak av restavfall frå hushaldet. Restavfallet skal deretter sendast vekk til forbrenning til ein høgare kostnad enn deponi. Dette aukar gebyret med kr 58,-.

NGIR vil i åra framover setje av midlar til etterdrift frå hushalda slik at avsetning frå næring og hushald på sikt vert rettferdig i forhold til deponerte avfallsmengder. Dette aukar gebyret med kr 28,-.

Maskinparken til NGIR aukar både i tal og snittalder. Dette aukar gebyret med kr 22,-.

Etterspurnaden etter papir- og pappfiber er kraftig redusert som følge av finanskrisa slik at prisen NGIR oppnår ved sal av papir og papp har gått vesentleg ned. Dette aukar gebyret med kr 18,-.

Andre forhold aukar gebyret med kr 42,-.

Budsjettert utjamningsfond per 01.01.2010 er kr 379 000. Heile fondet vert nytta i 2010 til å dempa gebyrauken noko. Dette reduserer gebyret med kr 24,-.

Renovasjonsgebyra er sett opp i tabellen under saman med renovasjonsgebyra for Masfjorden kommune dei siste åra. (Reduksjonen i gebyra frå 2005 til 2006 skuldast momsauken.)

Rabatt/tillegg er kr 200,- + mva = kr 250,-

| Avgift                                    | 2004  | 2005     | 2006     | 2007     | 2008    | 2009    | 2010    |
|---|-------|----------|----------|----------|---------|---------|---------|
| <b>Renovasjon</b>                         |       |          |          |          |         |         |         |
| Årsavgift u/komp. 140 l. (*)              | 1 964 | 1 964,00 | 1 948,80 | 1 996,80 | 2 076,- | 2 292,- | 2 492,- |
| Årsavgift u/komp. 240 l. (*+200,00)       | 2 165 | 2 165,50 | 2 148,80 | 2 196,80 | 2 276,- | 2 492,- | 2 692,- |
| Årsavgift u/komp. 4.kvar veke (*-200,00)  | 1 762 | 1 762,50 | 1 748,80 | 1 796,80 | 1 876,- | 2 092,- | 2 292,- |
| Årsavgift m/komp. m/liten dunk (**)       | 1 561 | 1 561,00 | 1 548,80 | 1 596,80 | 1 676,- | 1 892,- | 2 092,- |
| Årsavgift m/komp. m/stor dunk (**+200,00) | 1 762 | 1 762,50 | 1 748,80 | 1 796,80 | 1 876,- | 2 092,- | 2 292,- |
| Årsavgift m/komp. 4.kvar veke (**-200,00) | 1 359 | 1 359,50 | 1 348,80 | 1 396,80 | 1 476,- | 1 692,- | 1 892,- |
| Årsavgift hytte/fritidsbustad             | 1.058 | 982      | 974,4    | 982,00   | 998,40  | 1 146,- | 1 246,- |

## KONKLUSJON

Masfjorden kommunen føl auken i renovasjonsgebyra vedteken av representantskapet i NGIR og aukar renovasjonsgebyret med kr. 200,- eks mva.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

| SAKSGANG       |            |        |                     |
|----------------|------------|--------|---------------------|
| Politisk organ | Møtedato   | Saksnr | Sakshands.          |
| Formannskapet  | 11.11.2009 | 077/09 | Anne Kristin Rafoss |
| Kommunestyret  | 08.12.2009 | 095/09 | Anne Kristin Rafoss |

|              |                     |
|--------------|---------------------|
| Arkiv: N-113 | Arkivsaknr.: 09/720 |
|--------------|---------------------|

### SAK 095/09 - KOMMUNALE AVGIFTER FOR 2010 - VATN, AVLAUP, SLAM OG FEIING + LANDBRUKSSAKER

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Gebyrtsatsar (eks mva) for vatn, avlaup, slamtømming, feiing og oppgaver knytt til landbrukskontoret for år 2010 følger av tabellen under:

| Avgift  | 2010   | Auke   |
|---|--------|--------|
| <b>Vassavgift</b>   |        |        |
| Årsavgift   | 4 200  | 9,9 %  |
| Årsavgift for hytter  | 3 550  | 12,0 % |
| Tilknytingsavgift   | 15 000 | 15,4 % |
| Sakshandsamingsgebyr pbl  | 3 300  |        |
| Fastpris vassmålar  | 1 680  | 9,8 %  |
| Vatn inn pris pr m <sup>3</sup>                                       | 11,50  | 10,0 % |
| <b>Avlaup</b>   |        |        |
| Årsavgift   | 2 470  | 0,0 %  |
| Tilknytingsavgift   | 15 000 | 15,4 % |
| Vatn ut pris pr m <sup>3</sup>  | 11,50  | 10,0 % |
| <b>Slamtømming</b>  |        |        |
| Slamtømming   | 870    | 10,1 % |
| <b>Feiing</b>   |        |        |
| Feiing  | 315    | 6,8 %  |
| <b>Eigenbetaling knytt til landbrukskontoret</b>                      |        |        |
| Eigenbetaling for landbruksfagleg rettleiing i ikkje lovpålagde saker |        |        |
| • kontorarbeid  | 510    | 4,0 %  |
| • feltarbeid  | 680    | 3,0 %  |

**Finansiering**  
Sjølvkostprinsippet

**Heimel**



**FS-077/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

Gebyransatsar (eks mva) for vatn, avlaup, slamtømming, feiing og oppgåver knytt til landbrukskontoret for år 2010 følger av tabellen under:

| Avgift  | 2010   | Auke   |
|---|--------|--------|
| <b>Vassavgift</b>   |        |        |
| Årsavgift   | 4 200  | 9,9 %  |
| Årsavgift for hytter  | 3 550  | 12,0 % |
| Tilknytingsavgift   | 15 000 | 15,4 % |
| Sakshandsamingsgebyr pbl  | 3 300  |        |
| Fastpris vassmålar  | 1 680  | 9,8 %  |
| Vatn inn pris pr m <sup>3</sup>                                       | 11,50  | 10,0 % |
| <b>Avlaup</b>   |        |        |
| Årsavgift   | 2 470  | 0,0 %  |
| Tilknytingsavgift   | 15 000 | 15,4 % |
| Vatn ut pris pr m <sup>3</sup>  | 11,50  | 10,0 % |
| <b>Slamtømming</b>  |        |        |
| Slamtømming   | 870    | 10,1 % |
| <b>Feiing</b>   |        |        |
| Feiing  | 315    | 6,8 %  |
| <b>Eigenbetaling knytt til landbrukskontoret</b>                      |        |        |
| Eigenbetaling for landbruksfagleg rettleiing i ikkje lovpålagde saker |        |        |
| • kontorarbeid  | 510    | 4,0 %  |
| • feltarbeid  | 680    | 3,0 %  |

**Det skjedde i Formannskapet den 11.11.2009:**

Laila Torsvik Andvik (V) forlot møte

Rådgjevar Anne Kristin Rafoss møtte til denne saka og orienterte kort. Saka vart drøfta.

Willy Borge (FrP) sette fram forslag om at tilknytingsavgifta vert auka med 10 %.

**Røysting:**

Det vart først røysta over tilknytingsavgifta. Framlegg frå FrP fekk ei stemme og fall.

Det vart så røysta over heile framlegget samla. Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**KS-095/09 VEDTAK:**

**Gebyransatsar (eks mva) for vatn, avlaup, slamtømming, feiing og oppgåver knytt til landbrukskontoret for år 2010 følgjer av tabellen under:**

| Avgift  | 2010   | Auke   |
|---|--------|--------|
| <b>Vassavgift</b>   |        |        |
| Årsavgift   | 4 200  | 9,9 %  |
| Årsavgift for hytter  | 3 550  | 12,0 % |
| Tilknytingsavgift   | 15 000 | 15,4 % |
| Sakshandsamingsgebyr pbl  | 3 300  |        |
| Fastpris vassmålar  | 1 680  | 9,8 %  |
| Vatn inn pris pr m <sup>3</sup>                                       | 11,50  | 10,0 % |
| <b>Avlaup</b>   |        |        |
| Årsavgift   | 2 470  | 0,0 %  |
| Tilknytingsavgift   | 15 000 | 15,4 % |
| Vatn ut pris pr m <sup>3</sup>  | 11,50  | 10,0 % |
| <b>Slamtømming</b>  |        |        |
| Slamtømming   | 870    | 10,1 % |
| <b>Feiing</b>   |        |        |
| Feiing  | 315    | 6,8 %  |
| <b>Eigenbetaling knytt til landbrukskontoret</b>                      |        |        |
| Eigenbetaling for landbruksfagleg rettleiing i ikkje lovpålagde saker |        |        |
| • kontorarbeid  | 510    | 4,0 %  |
| • feltarbeid  | 680    | 3,0 %  |

**Det skjedde i Kommunestyret den 08.12.2009:**

**Frode Langhelle,H**, spurde om kva tid avtalen med Gulen kommune går ut. Langhelle la fram eit skriv til rådmannen om vatn.

Ass. rådmann Svein Helge Hofslundsengen svara at avtalen var skriven for 20 år. Det lenge til den går ut.

Dersom Gulen kommune skal ha auka leveranse kan avtalen reforhandlast.

**Vigdis Søvik** sa at Sp støttar framlegg til vedtak. Søvik stilte spørsmål om utbygging av vatn i dei ymse bygdelaga, og om det er begrensingar på kor mykje som kan byggjast ut?

Rådmann Lovisa Midtbø svara at kurante søknader på tilknytning til kommunalt vassverk som ligg langs traceen har ikkje vore noko problem.

Dersom det går ut over reglane til sjølvkost må det leggast fram for behandling.

**Røysting:**

**Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

## SAKSTILFANG:

Budsjettsaka

Sjølvkostrekneskapen

Vedtak frå representantskapet i NGIR den 26.10.2009

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Dei kommunale avgiftene vert juster ein gong i året basert på sjølvkostrekneskapen og kontrollen med denne.

### VURDERING

#### Vassavgifta

|   | År   | Underskot   | Dekningsgrad |
|---|------|-------------|--------------|
| Sjølvkostrekneskapen for 2008 slår fast at tenesta gjekk med kr 1 721 540 i underskot.  | 2005 | - 1 700 725 |              |
| Etter at underskotet har minka monaleg år for år dei siste åra, vart 2008 eit år der underskote auka (jf tabell til høgre). Det vart ikkje rapportert kostratal for tenesta for | 2006 | - 1 619 542 | 42 %         |
|   | 2007 | - 1 561 128 | 49 %         |
|   | 2008 | - 1 721 540 |              |

2008 men det synes klart at dekningsgraden er ned mot 40 % att. Rådmannen ser at det ikkje er rimeleg å legge sjølvkostprinsippet åleine til grunn for fastsetting av vassavgift, men meiner at 50 % dekningsgrad må vere eit minstemål. Kommunen må med ein slik dekningsgrad rekne med å subsidierer denne avgifta i åra framover.

Den generelle prisauken siste året er på ca 3,5 %. Kostnadane til tenesta har dei siste åra stort sett vore fordelt mellom løn, utstyr og kapital – der kapitalkostnadane har auka meir enn den generelle prisauken. Dette er grunna i at kommunen har investert mykje i å legge fram vatn til nye abonnentar i nye byggefelt. Dette har skapt ein forventning til at kommunen skal forsette med dette dei neste åra og, noko som vil auke kapitalkostnadane endå meir.

Med ei auke i vassavgifta knytt til den generelle prisauken, vil ein ikkje nå målet med 50 % dekningsgrad før om ein del år samstundes som ein ikkje kan investerer i nyanlegg.

Rådmannen har allereie sett i gang arbeid med opprusting av Matre vassverk og veit at det vil kome ein kommunal eigenandel knytt til dette i løpet av 2010. Rådmannen meiner at ein ikkje bør gå for investeringsstopp for tenesta vassverk, men ein bør samstundes ha som mål og nå eine dekningsgrad på 50 %.

**Rådmannen rår til at ein aukar standardavgifta som gjeld vatn med kr 4 200. Dette gjev ei auke i avgifta på 9,9 %**

Vassavgift for hytter vart fastsett for første gang i 2004 og sett til kr 2 500 etter framlegg i kommunestyret. Avgifta har auka gradvis og vart sett til kr. 3 170 for år 2009. **Rådmannen rår til at ein aukar vassavgifta for hytter med same kronebeløp (380,-) som vassavgift til kr 3 550,-. Dette gjev ei auke på 12,0 %.**

Frå og med år 2005 gjekk ein bort frå omgrepet ”leige av vassmålar” og over til **fastpris vassmålar**. Fastpris for vassmålar vart sett til ca 40 % av standardavgifta. Slik sikrar ein at dei som betaler vassavgift etter forbruk betaler ”sin del” av dei faste kostnadene (bl.a.

kapitalkostnadane) i tillegg til "sin del" av reine produksjonskostnader. Rekna ut frå framlegg til ny standardavgift og avrunda til næraste 10 kr, vil dette gje ei fastavgift på kr 1 680,-.

Pris pr. m<sup>3</sup> er rekna ut frå gjennomsnitt forbruk (oppgjeve i litteraturen) på 0,6 m<sup>3</sup> pr døgn. **Rådmannen rår til at ein set fastavgift til kr 1 680,- og pris pr. m<sup>3</sup> på kr. 11,50.**

Tilknytingsavgiftene for hus var uendra frå 1999 til 2005, mens tilknytingsavgifta for hytter vart auka opp i 2004 til nivå med avgifta for hus. I denne perioden la og til sakshandsamingsgebyret etter plan- og bygningslova. Tilknytingsavgifta vart auka til 13 000 for år 2006 + sakshandsamingsgebyret og halde uendra for år 2007, 2008 og 2009. Avgiftene er oppgitt eks mva, mens byggesaksgebyra er ein teneste som pr i dag ikkje er momsbelagt.

I år 2010 er det 10 år sidan Masfjorden vassverk vart sett i drift og rådmannen trur at alle ein-skild abonnentar langs trasen som var interessert i å kople seg til vassverket no har gjort det. Det er difor tid for å auke tilknytingsavgifta for vatn no når dekningsgraden er låg og under-skotet aukar. Rådmannen rår difor til at ein aukar tilknytingsavgifta for vatn til kr 15 000.

**Rådmannen har forslått ei auke i sakshandsamingsgebyr slik at det i rekneskapen vert ført kr. 15 000 på teneste for vatn og 3 300 for teneste for plan- og byggjesaker.** (Gjeld saker der det berre vert søkt om tilknytning til kommunalt vatn. I saker der det vert søkt om tilknytning i samband med byggeløyve for bustadhus eller hytte, vert det berre sakshandsamingsgebyr på byggeløyvet.)

#### Avlaup

Sjølvkostrekneskapen for 2008 viser eit framførbart fondsunderskot den 31.12.2008 med kr. 484 368. Årsoverskotet var på kr. 58 590 som er nært sjølvkost.

**Rådmannen rår til at ein held avgifta for avlaup frå hus og hytter uendra for år 2010.** Innbyggjarar som har både vass- og avlaupsavgift vil då oppleve ein samla auke for desse to basisgebyra på 6,0 %

Tilknytingsavgiftene for hus og hytte vart slått saman i 2004, slik at ein berre har ei avgift for tilknytning til avløp. Denne avgifta er no lik tilknytingsavgifta for vatn. **Rådmannen rår til at ein held tilknytingsavgifta for avløp lik tilknytingsavgifta for vatn.** Sakshandsamingsgebyr etter plan- og bygningslova kjem i tillegg og er avhengig av storleik på avløpet.

#### Slamtømming

Avgifta for slamtømming auka i 2009 for første gong på fleire år. Tenesta for slamtømming er rekna med i sjølvkostrekneskapen for avlaup.

NGIR vedtok i fjor å auke i gebyr septiktank private frå kr 587 til kr 708. Dette utgjorde ei prosentvis auke på over 20 %. Rådmannen tok ikkje heile auken frå NGIR inn i fjor sidan sjølvkostrekneskapen for avlaup då viste eit moderat underskot.

NGIR har i år vedteke å auke gebyr septiktank private frå kr 708 til kr 747, noko som gjev ei prosentvis auke på 5,5 %. Dette er grunna i at NGIR sitt utjamningsfond for slam er negativt med kr 572 000.

Kommunen sitt sjølvkostrekneskap for 2008 viser eit moderat overskot for tenesta avlaup. Kostnadane i denne rekneskapen er i all hovudsak knytt til avlaupsdelen og ikkje slamtømming. **Rådmannen rår difor til at avgifta for slamtømming vert auka til kr 870. Dette gjev ei auke på 10,1 % og ein tar slik inn att resten av NGIR sin auke frå i fjor.**

Feiing

Kommunane Masfjorden, Modalen, Gulen og Solund samarbeider om feietenesta. Ein har blant anna leasa eigen feiebil og investert i dataprogram for føring av all feiing og tilsyn. Masfjorden kommune overtok i 2008 administrasjonen av feietenesta. Sjølvkostrekneskapen viser eit framførbart underskot den 31.12.2008 med kr. 347 032, og årsunderskotet var på kr 66 935.

**Rådmannen rår til at avgifta for feiing vert auka til kr 315. Dette gjev ei auke på 6,8 %.**

Eigenbetaling for landbruksfagleg rettleiing i ikkje lovpålagde saker

Eigenbetaling for landbruksfagleg rettleiing føl timeprisane i gebyrregulativet for saker handsama etter plan- og bygningslova.

Dei kommunale avgiftene frå 2004 fram til og med framlegg til avgiftsnivå for 2009 samt % auke frå år 2009 til 2010, er summert opp i tabellen nedafør:

| Avgift  | 2004   | 2005    | 2006    | 2007   | 2009   | 2010   | Auke   |
|---|--------|---------|---------|--------|--------|--------|--------|
| <b>Vassavgift</b>   |        |         |         |        |        |        |        |
| Årsavgift   | 3 150  | 3 350   | 3 430   | 3 520  | 3 820  | 4 200  | 9,9 %  |
| Årsavgift for hytter  | 2 500  | 2 700   | 2 800   | 2 900  | 3 170  | 3 550  | 12,0 % |
| Tilknytingsavgift   | 15 000 | 15 100* | 15 600* | 13 000 | 13 000 | 15 000 | 15,4 % |
| Sakshandsamingsgebyr pbl  |        |         |         | 2 600  | 3 000  | 3 300  |        |
| Fastpris vassmålar  | 362    | 600     | 1 370   | 1 410  | 1 530  | 1 680  | 9,8 %  |
| Vatn inn pris pr m <sup>3</sup>                                       | 12     | 11      | 9,40    | 9,60   | 10,45  | 11,50  | 10,0 % |
| <b>Avlaup</b>   |        |         |         |        |        |        |        |
| Årsavgift   | 2 202  | 2 202   | 2 202   | 2 270  | 2 470  | 2 470  | 0,0 %  |
| Tilknytingsavgift   | 11 670 | 12 500  | 13 000  | 13 000 | 13 000 | 15 000 | 15,4 % |
| Vatn ut pris pr m <sup>3</sup>  | 12     | 11      | 9,40    | 9,60   | 10,45  | 11,50  | 10,0 % |
| <b>Slamtømming</b>  |        |         |         |        |        |        |        |
| Slamtømming   | 693    | 693     | 693     | 693    | 790    | 870    | 10,1 % |
| <b>Feiing</b>   |        |         |         |        |        |        |        |
| Feiing  | 260    | 270     | 270     | 270    | 295    | 315    | 6,8 %  |
| <b>Eigenbetaling knytt til landbrukskontoret</b>                      |        |         |         |        |        |        |        |
| Eigenbetaling for landbruksfagleg rettleiing i ikkje lovpålagde saker |        |         |         |        |        |        |        |
| • kontorarbeid  | 400    | 460     | 450     | 460    | 490    | 510    | 4,0 %  |
| • feltarbeid  | 450    | 510     | 500     | 530    | 660    | 680    | 3,0 %  |

\* inkludert sakshandsamingsgebyr

**KONKLUSJON**

Sjå vurdering og framlegg til vedtak.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

| SAKSGANG       |            |        |                     |
|----------------|------------|--------|---------------------|
| Politisk organ | Møtedato   | Saksnr | Sakshands.          |
| Formannskapet  | 11.11.2009 | 078/09 | Anne Kristin Rafoss |
| Kommunestyret  | 08.12.2009 | 096/09 | Anne Kristin Rafoss |

|              |                     |
|--------------|---------------------|
| Arkiv: N-113 | Arkivsaknr.: 09/748 |
|--------------|---------------------|

### SAK 096/09 - GEBYRREGULATIV FOR TEKNISK SEKTOR FOR ÅR 2010 FOR MASFJORDEN KOMMUNE

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Gebyrregulativ for teknisk sektor år 2010 i Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre.

#### Finansiering

Ingen kostnad utover sjølvkostprinsippet

#### Heimel

Går fram av framsida på gebyrregulativet

#### **FS-078/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

Gebyrregulativ for teknisk sektor år 2010 i Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre.

#### Det skjedde i Formannskapet den 11.11.2009:

Laila Torsvik Andvik (V) tok plass i møte att.

Rådgjevar Anne Kristin Rafoss møtte til denne saka. Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart vedteke mot ei røyst (FrP).

**KS-093/09 VEDTAK:**

**Gebyrregulativ for teknisk sektor år 2010 i Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre.**

**Det skjedde i Kommunestyret den 08.12.2009:**

**Erlend Kvamsdal, FrP**, stilte seg undrande til at det er lagt inn ein voldsom auke på 60 % ved frådeling av areal og synte til D1.1 og D1.2. i regulativet.

Ein må tenkja på at ein skal få nye innbyggjarar som skal byggja i kommunen.

**Kvamsdal** sette fram slikt endringsframlegg:

*Auke i gebyr skal vera 30 % på D1.1 og D 1.2.*

Rådmann Lovisa Midtbø orienterte om gebyrmaal for matrikkelen der kommunane er pålagt eit vesentleg meirarbeid som tidlegare vart utført av kartverket.

Når det gjeld samanlikning med andre kommunar så ligg Masfjorden godt an.

Rådmannen orienterte etter spørsmål frå Marit Steinestø om auken på 60 % auke som låg på eit punkt.

**Røysting:**

Frp sitt framlegg vart røysta opp mot rådmannen sitt framlegg.

Frp sitt framlegg fekk 6 røyster og fall. (Frp og H)

**Rådmannen sitt framlegg er dermed vedteke.**

## SAKSTILFANG:

- KS sin forenkla gebyrmal og KS sin gebyrmal for ny matrikkellov
- Framlegg til saksframstilling frå styringsgruppa frå dei interkommunale samarbeidet i regionen for verksemdområda geodata og plan- og byggesak og saksområda kart og eigesomsoppgåver.
- Samanstilling av gebyrsatsane for 2009 for dei kommunane i regionen som nyttar KS sin gebyrmal
- Sjølvkostrekneskapen for 2008

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Masfjorden kommune ligg rimeleg likt med 85 % av gjennomsnittet for kommunane i regionen når det gjeld gebyr for plan, melde- og byggjesaker, men kommunen ligg under det same gjennomsnittet når det gjeld oppmålingsaker. Gebyra vert juster kvart år i samband med budsjetthandsaminga.

### FAKTA

Gebyra i regulativet vart sist regulert 01.01.2009 etter vedtak i kommunestyret i sak 094/08 den 11.12.2007.

Matrikkellova vert sett i verk frå 01.01.2010 og erstattar delingslova. Dette inneber at kapittel D er omarbeidd sidan ny lov har medført fleire kommunale oppgåver.

Ny plandel av plan- og bygningslova vart sett i verk frå 01.07.2009. Dette medførte hastevedtak i kommunestyra før sommarferien om at gjeldande gebyr for plansaker skulle nyttast for tilsvarande §§ i høve til den nye lova og at ein ved utarbeiding av regulativet for 2010 skulle retta heimeltilvisinga til dei aktuelle §§ i lova. Dette er gjort i gebyrmalen.

Ny bygningsdel av plan- og bygningslova er vedteken men blir ikkje sett i kraft for bli sett i verk før 01.07.2010. Revisjonen av gjeldande mal for pkt C (tiltaksdelen) utstår derfor i hovudsak til siste kommunestyremøte før sommarferien 2010.

Vaksdal kommune er i år med i samanlikningsgrunnlaget for første gong.

### VURDERING

I reknearket der gebyra for kommunane i regionen er samanlikna, har ein rekna ut gjennomsnittsgebyret for dei kommunane som har vedtatt gebyr for den einskilde tenesta. Rådmannen har, som tidlegare år, nytta 85 % av dette gjennomsnittsgebyret (for året før) som utgangspunkt for sitt framlegg til dei fleste gebyra for år 2010.

Styringsgruppa for det interkommunale samarbeidet i regionen for verksemdområde geodata og plan- og byggesak, gjorde med bakgrunn i dei vedteke kommunedelplanane vedtak om å ha like gebyrsatsar for år 2008 og 2009 for saksområda:

- C.1.1 Digitalt situasjonskart for plansaker
- C.5 Ulovlege byggearbeid
- C.2.5, C.3.8, C.4.3 og G.2.4 Avviste eller mangelfulle saker
- G.3 Kontrollsaker for arbeid etter forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg.



Styringsgruppa har merka seg at gebyra for desse område ikkje er like i alle kommunane i dag, og vedtok å gå frå prinsippet om like gebyrsatsar for saksområda nemnd over for år 2010.

Med ny planlov som er sett i verk, og ny matrikkellov som skal settast i verk frå 01.01.2010, har medført tillegg til pkt C.3.2 Dispensasjonar og i C.3.4 Delingsøknad. Endringane går fram av malen.

Matrikkellova medfører 2 nye sakstypar under pbl § 93 bokstav h. Det er matrikkeleiningane: jordsameige og anleggseigedom. For begge typane vil dette vera svært sjeldne saker. Neppe meir enn 1—i heile regionen for året. Å handsame delingsløyve for anleggseigedom, krev omfattande spesialkompetanse. Her bør kommunane derfor inngå avtale med instans som kan bli delegert arbeidet, også det oppfølgjande arbeidet etter matrikkellova.

Ein del endringar i gebyrregulativet er kommentert nedafor:

### **C2 Plansaker**

Masfjorden kommune haldt gebyr for plansaker uendra i fleire år fram til 2006 då kommuneplanen vart vedteken. I tillegg hadde kommune ei ordning fram til 2007 der det vart gjeve 25 % reduksjon i gebyret for dei som leverer private reguleringsplanar i digitalt format. Denne reduksjonen vart aldri nytta fordi ingen leverte planen i digitalt format.

For år 2007 vart det vedteke å doble det plangebyret som vert mest nytta, men samstundes gje 50 % reduksjon til dei som leverte digitalt. Det var ingen planar som vart levert digitalt det året. For år 2008 og 2009 vart gebyret auka til å samsvare med 85 % av snittet for dei andre kommunane samstundes som ei ga 60 % reduksjon til dei som leverte digitalt. Dette har heller ikkje ført til at kommunen har fått inn digitale private reguleringsplanar. .

Den nye plandelen til plan- og bygningslova gjev kommunane heimel til å krevje reguleringsplanar innsendt på digitalt format.

I den nye planlovdelen er kome krav om gjennomføring av eit **oppstartsmøte** (§12-8) med kommunen før planarbeidet kan starte. Dette har medført eit tilleggsforslag i gebyrmalen om at 25 % av basisgebyret skal betalast etter oppstartsmøte. I dette blir m.a. fastsett klassifiseringa av saka i ein av dei tre gebyrkategoriane. Ei sak kan endre kategori under marsjen. Milepelsgebyr skal betalast etter den kategori saka har ved milepelen og det regulativet som gjeld då.

Etter endring av lova kan ein reguleringsplan også femne om **rammeløyve** for ei tiltakssak. I dette tilfelle skal det i tillegg til plangebyr betalast halvt gebyr etter C.3.3

Rådmannen foreslår at ein på basisgebyra for denne sakstypen nyttar 85 % av snittet for dei andre kommunane i regionen som utgangspunkt for Masfjorden kommune sine gebyr, og at ein tar bort refusjonsmogelegheitene sidan ingen nyttar dette. Dette gjer eit basisgebyr på kr 20 000 (uendra for i fjor) for dei enkle reguleringsplanane (som er dei aller fleste i vår kommune).

### **C.3. Tiltakssaker**

Kommunestyret vedtok at kommunen skulle innføre fri sakshandsaming / byggesaksgebyr ved bustadbygging for alle under 35 år for og med 01.01.2008. Rådmannen vidareførte ikkje denne ordninga i sitt framlegg til gebyrregulativ for teknisk sektor for 2009. Gebyr fastsett med heimel i dette regulativet bør vere basert på sjølvkost. Å gje ei gruppe fritak for gebyr,

fører til at andre må betale meir enn sjølvkost for å få utført tenester innan det aktuelle fagfeltet.

Rådmannen har dei siste åra handsama private reguleringsplanar for bustader som om dei var kommunale. Det er difor ikkje sendt gebyr til planframstillar etter kap. C.2. Rådmannen vonar dette gjer at det å tilrettelegge for bustadfelt i kommunen vert rimelegare for utbyggjar, og at ein slik får rimelegare tomter for dei som skal bygge bustadhus.

Sjølvkostrekneskapan for tenesta byggesak for 2008 viser eit underskot på kr 253 688. Dette gjev eit framførbart fondsunderskot pr 31.12.2008 med kr 382 964.

Rådmannen ser at dei andre kommunane rundt oss auke sine byggesaksgebyr relativt betydeleg i år 2009. Skal Masfjorden kommune nytte 85 % av snittet for dei andre kommunane i regionen som utgangspunkt for våre gebyr, betyr det ein auke på mellom 10 – 27 % (ei kroneauke på mellom 300 – 800) på dei gebyra som vert nytta aller mest hjå oss.

Sjølv om det vert ein relativ stor prosentvis auke i byggesaksgebyra, meiner rådmannen at med ein bør halde på prinsippet ein har hatt i mange år no med å nytte 85 % av snittet som utgangspunkt.

#### **D Gebyr for arbeid etter matrikkellova**

Saker som er rekvirert innan utgangen av 2009, skal vera gjennomført seinast innan utgangen av år 2012 dersom dei skal fullførast etter delingslova. For desse sakene kan rekvirenten velja om saka skal gjennomførast etter delings- eller matrikkellova. (Matrikkellova har kortare frist + at også rettar og servituttar for matrikkeleininga skal klarleggjast.)

Det er ikkje fremja forslag til nye gebyrsatsar for delingssaker som rekvirenten vel å få gjennomført etter delingslova. Det inneber at dei vedtekne delingslovgebyra skal nyttast for saker som blir fullført etter den lova. Då dette vil gjelda få saker, tilrår rådmannen-digitalt at gebyrregulativet for 2009 skal nyttast for uferdige saker rekvirert innan utgangen av 2009.

Etter primissane i matrikkellova kan kommunen ved gebyr på sakstypar lista opp i lova ta gebyr som til saman dekker alle kommunen sine kostnader med lova (sjølvkostprinsippet).

KS har i haust utarbeidd ein nasjonal gebyrmaal for matrikkellov til bruk for kommunane. Malen og tilhøyrande rettleiing følgjer som vedlegg til saksutgreiinga. Gebyrmaalen som er tilrådd bruke for kommunane i regionen, er i samsvar med KS-malen med følgjande justeringar:

1. Dei generelle reglane i den vedlagde KS-malen er plassert i Kap. A i fellesmalen for regionen. Innhaldet er identisk. Derfor vil rettleieren til KS-malen gjelda fullt ut i høve til kap. A i høve matrikkellova.
2. Me har brukt same arealgrensar som i KS-malen. Men for areal > 2dekar har me ein avvikande og etter vårt syn ein betre gebyrstruktur. (Etter det vi kjenner til, tilrår fleire kommunar tilsvarande struktur som i regionen sin gebyrmaal, m.a. Bergen kommune)

Å fastsetta gebyrstorleik på oppgåvene er vanskeleg ikkje minst fordi kommunen sine oppgåver etter matrikkellova medfører auka tenester og auka krav til kvalitet på tenestene. Det er ikkje lenger berre grensar som skal klarleggjast og kartleggjast, men også bruksrettar og servituttar. Det er òg auka krav til dokumentasjon og kontroll. I tillegg er det ein del nye oppgåver i høve til dei kommunen hittil har hatt.

Før ein får erfaringstal å byggja på, må rådmannen ut frå eit fagleg skjøn av kva meirarbeid lova inneber, tilrår gebyrsatsar. Av oppgåvene i gebyrregulativet er det oppgåva D.1.1 som utgjer det desidert største volumet og derfor den oppgåva som i hovudsak må dekkja kommunen sine oppgåver etter lova ved sjølvkostfinansiering.

Som støtte for det skjønnet rådmannen må utøva i si tilråding av satsar, er innhenta tal frå ein del andre kommunar som alt har måtta leggja fram sine forslag, m.a. Bergen kommune. For dei kommunane som det er innhenta slike opplysingar, er det sett nærare på kor stor gebyrauken %-vis er i høve til tilsvarende arbeid etter delingslova. Det gav følgjande resultat: Bergen 50 %, andre større kommunar på Austlandet kring 30 %. Bergen sin relativt store gebyrauke kjem seg nok òg av at kommunen på saksområdet f.t. har fått eit relativt stort underskott i sitt "gebyrfond".

Det er difor vanskeleg å vita kva meirarbeid matrikkellova medfører for kommunane før ein får nokre års erfaring. **Men 25-30 % meirarbeid synest å vera eit realistisk overslag.**

Sjølvkostrekneskapen for tenesta kart- og oppmåling viser eit underskot på kr 357 656. Tenesta viser og eit framførbart fondsunderskot pr 31.12.2008 på kr 794 678.

Gebyr for tenester utført etter delingslova har låge godt under 85 % snittet.

**Rådmannen rår difor til at ein for kap D.1.1 og D 1.2 tar utgangspunkt i 85 % av snittet for dei andre kommunane i regionen og legg til 30 % pga auke i oppgåver knytt til vanleg ein oppmålingsforretning.**

Gebyra i dei andre kap er basert på fagleg skjønn og mellom 50 -60 % av framlegg til gebyrsatsar for Bergen kommune

## KONKLUSJON

Sjå vurderingar.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

| SAKSGANG       |            |        |                            |
|----------------|------------|--------|----------------------------|
| Politisk organ | Møtedato   | Saksnr | Sakshands.                 |
| Formannskapet  | 11.11.2009 | 080/09 | Svein Helge Hofslundsengen |
| Kommunestyret  | 08.12.2009 | 097/09 | Svein Helge Hofslundsengen |

|              |                     |
|--------------|---------------------|
| Arkiv: N-102 | Arkivsaknr.: 09/749 |
|--------------|---------------------|

### SAK 97/09 - KRAFTFONDSBUDSJETTET FOR 2010

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Årsbudsjettet 2010 for Masfjorden kraftfond vert fastsett slik;

|                   |   |                   |
|-------------------|---|-------------------|
| <b>Inntekter:</b> | Påfyll kraftfondet - konsesjonsavgift                       | -2 340 000        |
|                   | Avdrag og rente utlån frå kraftfondet                       | -90 000           |
|                   | Renteinntekter, fondsmidlane                                | -140 000          |
|                   | Refusjon Hordaland fylkeskommune                            | 0                 |
|                   | <b>Sum inntekter</b>  | <b>-2 570 000</b> |
| <b>Utgifter:</b>  | LVK, reiselivslaget og regionrådet – tilskot/kontigent 2009 | 250 000           |
|                   | Kraftspel, annonsering tomtar/profilering av kommunen/div   | 200 000           |
|                   | Informasjon/heimesida/Masfjordingen                         | 30 000            |
|                   | Næringsarbeid innan kommuneadministrasjonen                 | 100 000           |
|                   | Sertifikatorordninga  | 20 000            |
|                   | Netto tilføring kommunen's driftsbudsjett 32504             | 50 000            |
|                   | Tilrettelegging bustadføre mål                              | 800 000           |
|                   | Elevbedrift   | 30 000            |
|                   | Mjølkekvotar jf. vedtekne ordning                           | 20 000            |
|                   | Landbrukstiltak   | 0                 |
|                   | Andre næringstiltak   | 0                 |
|                   | Kabelferja - vidare finansiering av utvida rutetilbod       | 0                 |
|                   | Etableringstilskot  | 470 000           |
|                   | Frie fondsmidlar til fordeling                              | 600 000           |
|                   | <b>Sum utgifter</b>   | <b>2 570 000</b>  |

2. tildeling av frie midlar frå kraftfondet skjer ved hovudfordeling med søknadsfrist juni, og handsaming av kraftfondstyret i september. 2.tildeling med søknadsfrist 1.november og handsaming i desember. Det vert opna for å ta opp hastesaker.

#### Finansiering

Budsjettframlegget er i balanse

#### Heimel

Vedtektene for kraftfondet

**FS-080/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

1. årsbudsjettet 2010 for Masfjorden kraftfond vert fastsett slik;

|                   |  |                   |
|-------------------|--|-------------------|
| <b>Inntekter:</b> | <b>Påfyll kraftfondet - konsesjonsavgift</b>                       | <b>-2 340 000</b> |
|                   | <b>Avdrag og rente utlån frå kraftfondet</b>                       | <b>-90 000</b>    |
|                   | <b>Renteinntekter, fondsmidlane</b>                                | <b>-140 000</b>   |
|                   | <b>Refusjon Hordaland fylkeskommune</b>                            | <b>0</b>          |
|                   | <b><i>Sum inntekter</i></b>  | <b>-2 570 000</b> |
|                   |  |                   |
| <b>Utgifter:</b>  | <b>LVK, reiselivslaget og regionrådet – tilskot/kontigent 2009</b> | <b>250 000</b>    |
|                   | <b>Kraftspel, annonsering tomtar/profilering av kommunen/div</b>   | <b>200 000</b>    |
|                   | <b>Informasjon/heimesida/Masfjordingen</b>                         | <b>30 000</b>     |
|                   | <b>Næringsarbeid innan kommuneadminstrasjonen</b>                  | <b>100 000</b>    |
|                   | <b>Sertifikatordninga</b>  | <b>20 000</b>     |
|                   | <b>Netto tilføring kommunen´s driftsbudsjett 32504</b>             | <b>50 000</b>     |
|                   | <b>Tilrettelegging bustadføremål</b>                               | <b>800 000</b>    |
|                   | <b>Elevbedrift</b>   | <b>30 000</b>     |
|                   | <b>Mjølkekvotar jf. vedtekne ordning</b>                           | <b>20 000</b>     |
|                   | <b>Landbrukstiltak</b>   | <b>0</b>          |
|                   | <b>Andre næringstiltak</b>   | <b>0</b>          |
|                   | <b>Kabelferja - vidare finansiering av utvida rutetilbod</b>       | <b>0</b>          |
|                   | <b>Etableringstilskot</b>  | <b>470 000</b>    |
|                   | <b>Frie fondsmidlar til fordeling</b>                              | <b>600 000</b>    |
|                   | <b><i>Sum utgifter</i></b>   | <b>2 570 000</b>  |

2. tildeling av frie midlar frå kraftfondet skjer ved hovudfordeling med søknadsfrist juni, og handsaming av kraftfondstyret i september. 2.tildeling med søknadsfrist 1.november og handsaming i desember. Det vert opna for å ta opp hastesaker.

**Det skjedde i Formannskapet den 11.11.2009:**

Ass.rådmann Svein Helge Hofslundsengen møtte til denne saka og orienterte kort. Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**KS-097/09 VEDTAK:****1. årsbudsjettet 2010 for Masfjorden kraftfond vert fastsett slik;**

|                   |   |                   |
|-------------------|---|-------------------|
| <b>Inntekter:</b> | Påfyll kraftfondet - konsesjonsavgift                       | -2 340 000        |
|                   | Avdrag og rente utlån frå kraftfondet                       | -90 000           |
|                   | Renteinntekter, fondsmidlane                                | -140 000          |
|                   | Refusjon Hordaland fylkeskommune                            | 0                 |
|                   | <b>Sum inntekter</b>  | <b>-2 570 000</b> |
| <b>Utgifter:</b>  | LVK, reiselivslaget og regionrådet – tilskot/kontigent 2009 | 250 000           |
|                   | Kraftspel, annonsering tomtar/profilering av kommunen/div   | 200 000           |
|                   | Informasjon/heimesida/Masfjordingen                         | 30 000            |
|                   | Næringsarbeid innan kommuneadminstrasjonen                  | 100 000           |
|                   | Sertifikatordninga  | 20 000            |
|                   | Netto tilføring kommunen´s driftsbudsjett 32504             | 50 000            |
|                   | Tilrettelegging bustadføremål                               | 800 000           |
|                   | Elevbedrift   | 30 000            |
|                   | Mjølkekvotar jf. vedtekne ordning                           | 20 000            |
|                   | Landbrukstiltak   | 0                 |
|                   | Andre næringstiltak   | 0                 |
|                   | Kabelferja - vidare finansiering av utvida rutetilbod       | 0                 |
|                   | Etableringstilskot  | 470 000           |
|                   | Frie fondsmidlar til fordeling                              | 600 000           |
|                   | <b>Sum utgifter</b>   | <b>2 570 000</b>  |

**2. tildeling av frie midlar frå kraftfondet skjer ved hovudfordeling med søknadsfrist juni, og handsaming av kraftfondstyret i september. 2.tildeling med søknadsfrist 1.november og handsaming i desember. Det vert opna for å ta opp hastesaker.**

**Det skjedde i Kommunestyret den 08.12.2009:**

Saka vart drøfta.

Det vart og stilt spørsmål om status for sertifikatordninga og at det burde vore halde kursing.

Fungerande ordførar Kari Skår Sørheim synte til at det i kommunestyret den 03.11.09 under sak Skriv og meldingar var lagt fram eit skriv ”Bli med på lokal alkoholførebygging med AV og Til Lokalt. Det vart då sagt at dette måtte sjåast i samanheng med MOT, sertifikatstøtta og tverrfagleg samarbeid. Skrivet har blitt oversendt til tverrfagleg gruppe.

**Vigdis Søvik, Sp**, synte til post om kabelferja som står i 0 og spurde om vidare finansiering, jfr møte i formannskapet den 30.11 der det vart gjort vedtak om finansiering til utvida rutetilbod.

Ass. rådmann Svein Helge Hofslundsengen svara at det er midlar til disposisjon frå 2009 som vert brukt til å finansiera utvida rutetilbod i 2010.

**Røysting:**

**Pkt 1 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.**

**Pkt 2 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.**

## SAKSTILFANG:

## SAKSUTGREIING:

Kraftfondet blir årleg tilført konsesjonsavgift frå BKK produksjon, justert kvart 5.år. Sist justering var i 2005, kor konsesjonsavgifta vart sett til 2.340.000. Grunnlag for justeringa gjeld konsesjonsavgift for perioden 01.01.2000 til 31.12.2009 kor NVE gjer framlegg om at dei nye satsane skulle gjelde frå 1.1.2005 – i staden for 1.1.2000. Dette var eit forhold Masfjorden kommune tapte om lag 900.000 på – og som ein klaga inn overfor NVE/departement utan at vi vann fram med klagen. NVE har ikkje fastset ny sats for 5-års perioden frå og med 1.1.2010. Legg inntil vidare til grunn same sats som 2009.

I tillegg til tilføring av konsesjonsavgift blir fondet tilført midlar i form av attendebetaling utlån kraftfondet – i budsjettframlegg år 2010 har vi lagt til grunn kr. 70.000,- i avdrag og 20.000 i rente utlån. Renteinntekter av fondsmidlane er budsjettert til 140.000,-.

Kommunen står fritt til å tilføre fondet renteinntektene av utlån frå kraftfondet og bankinnskot. Budsjettframlegget til administrasjonen inneber at renteinntekter kalkulert til kr. 50.000 blir tilført kommunen sitt driftsbudsjett, og ikkje tilført kraftfondet. Framlegget er i tråd med politisk fleirtal siste åra.

### **Postar under budsjettet til kraftfondet 2010;**

1. Det ligg i budsjettframlegget frå administrasjonen inne finansiering av tilskot for reiselivslaget (ca. 40.000), regionrådet (110.000), Hordaland olje og gass (10.000) og LVK (90.000) for 2009. Kontingent vert ført under teneste 32501 i kommunerekneskapen – rammeområde felles
2. Ein foreslår å vidareføre siste års løyving/pott (men med ein auke) på inntil kr. 200.000,- til løpande annonsering av tomteareal, av kommunale arrangement, støtteannonser, profileringstiltak og representasjon delegert til rådmann/ordførar i fellesskap. Denne posten er og viktig med tanke på ekstra fokus folketalsutvikling og det er her kommunen sin finansieringsdel kring kraftspela vert finansiert. Tiltaket vert ført under konto 11403, teneste 32504 i kommunerekneskapen – rammeområde felles.
3. Det er i budsjettframlegget lagt inn kostnader kring drift av heimesida og anna informasjonsarbeid med 30.000 – lagt inn under teneste 12001 – rådmannskontoret.
4. Det ligg i budsjettframlegget inne midlar til næringsarbeid under rådmannskontoret med kr. 100.000. Teneste 12001 rådmannskontoret i kommunerekneskapen – rammeområde administrasjon.
5. Sertifikatorordninga – vidareføring av ordninga. Tiltaket vert ført over teneste 18006 – rammeområde felles – budsjett tilpassa reelt behov. Det er viktig at det i 2010 vert gjennomført nytt kurs for nye aldersgrupper, slik at tilbudet vert vidareført i tråd med intensjonen.

6. Kommunen står fritt til å tilføre fondet renteinntektene av utlån frå kraftfondet og bankinnskot. Budsjetframlegget til administrasjonen inneber at renteinntekter (fondsmidlar) kalkulert til kr. 50.000 blir tilført kommunen sitt driftsbudsjett. Tiltaket vert ført under konto 19006, teneste 32504 i kommunerekneskapen – rammeområde felles
7. Ein har lagt inn ein post relatert til fleire forhold om medfinansiering av nye bustadføremål som saman med etableringstilskot, kommunale avgifter og tilknytingsavgifter dannar grunnlag for realisering av ein del prosjekt. Dette er forhold som ligg i kommunen sitt investeringsbudsjett, som vert delfinansiert med bruk av fond. Det er gitt signal og gjort vedtak om støtte – som kjem til utbetaling i 2010.
8. Det ligg inne midlar til elevbedrift – same nivå som siste åra, men tiltak berre i liten grad iverksett (kr. 30.000). Tiltaket vert ført over teneste 18006 – rammeområde felles
9. Kraftfondstyret har vedteke ei ordning med tilskot mjølkekvotar – omfanget av kjøp har svinga, ein har årleg løyvd 30.000,-, men det har sjeldan vorte kjøpt kvotar til det omfanget, difor redusert satsen for 2008 – held fram med redusert sats for 2009/10. Tiltaket vert ført under teneste 32504 i kommunerekneskapen – rammeområde felles
10. Nytt tiltak – eingongstøtte til tiltak innafør landbruk 2009 (eiga sak kraftfondstyret 3.12.08)
11. 2009 budsjettet vart det halde att ein sum til andre nærings tiltak – ein pott som kunne brukast til GMU eller andre næringsforhold som er aktuelle – f.eks kjøp av tenester – konsulent – utgreiingar kring utarbeiding av strategisk næringsplan. GMU anser ein som eingongstøtte.
12. Det er sett av ein stort pott til ordning med etableringstilskot – ut i frå pågang og førespurnader i løpet av 2009, og tiltak 2010.
13. Utvida rutetilbod for kabelferja Masfjordnes – Duesund i 2008, vidareføring av prøveprosjektet som hittil har gått i litt over 2 år, dvs. løyving frå Masfjorden kommune v/kraftfondet med 100.000,-. Deler av ordninga er no innarbeidd i rutetilbodet, og løyvinga frå kommunen fell vekk.
14. Ein har i nokre år budsjettert med 1,2 mill.kr. i frie midlar kraftfondet til næringsføremål. Tanken var at midlane (1,2 mill.kr.) skulle fordelast med 50/50% fordeling på tilskot og lån. Status er at dei aller fleste søker om berre tilskot. Tilrår ut i frå søknadsmassen dei seinare år (unnatak 2.tildeling 2008) at summen frie fondsmidlar vert sett ned til 600.000,-. Masfjorden kommune toppar klart i Hordaland fylke med sum frie fondsmidlar til næringslivet – dette kan føre fokus vekk frå andre offentlege støtteordningar.

Tabellen under summerer opp tekstdel under pkt. 1-14 for 2008/10, samt inntektsføresetnadene.



## Budsjettframlegg Masfjorden kraftfond 2010

|  | Budsjett<br>2010  | Budsjett<br>2009  | Budsjett<br>2008  |
|--|-------------------|-------------------|-------------------|
| <b>Inntekter:</b> Påfyll kraftfondet - konsesjonsavgift                      | -2 340 000        | -2 340 000        | -2 340 000        |
| Avdrag og rente utlån frå kraftfondet  | -90 000           | -90 000           | -90 000           |
| Renteinntekter, fondsmidlane   | -140 000          | -140 000          | -140 000          |
| Refusjon Hordaland fylkeskommune   | 0                 | -100 000          |                   |
| <b>Sum inntekter</b>   | <b>-2 570 000</b> | <b>-2 670 000</b> | <b>-2 570 000</b> |
| <b>Utgifter:</b> LVK, reiselivslaget og regionrådet – tilskot/kontigent 2009 | 250 000           | 200 000           | 200 000           |
| Kraftspel, annonsering tomtar/profilering av kommunen/div                    | 200 000           | 150 000           | 150 000           |
| Informasjon/heimesida/Masfjordingen  | 30 000            | 30 000            | 30 000            |
| Næringsarbeid innan kommuneadminstrasjonen                                   | 100 000           | 100 000           | 100 000           |
| Sertifikatorordninga   | 20 000            | 40 000            | 100 000           |
| Netto tilføring kommunen's driftsbudsjett 32504                              | 50 000            | 40 000            | 40 000            |
| Tilrettelegging bustadføre mål   | 800 000           | 800 000           | 460 000           |
| Elevbedrift  | 30 000            | 30 000            | 30 000            |
| Mjølkekvotar jf. vedtekne ordning  | 20 000            | 10 000            | 10 000            |
| Landbrukstiltak  | 0                 | 100 000           |                   |
| Andre næringstiltak  | 0                 | 250 000           |                   |
| Kabelferja - vidare finansiering av utvida rutetilbod                        | 0                 | 200 000           | 100 000           |
| Etableringstilskot   | 470 000           | 120 000           | 150 000           |
| Frie fondsmidlar til fordeling   | 600 000           | 600 000           | 1 200 000         |
| <b>Sum utgifter</b>  | <b>2 570 000</b>  | <b>2 670 000</b>  | <b>2 570 000</b>  |

## KONKLUSJON

Det vert lagt fram eit balansert 2010 budsjett for kraftfondet.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

| SAKSGANG            |            |        |                            |
|---------------------|------------|--------|----------------------------|
| Politisk organ      | Møtedato   | Saksnr | Sakshands.                 |
| Formannskapet       | 11.11.2009 | 081/09 | Svein Helge Hofslundsengen |
| Arbeidsmiljøutvalet | 25.11.2009 | 025/09 | Svein Helge Hofslundsengen |
| Kommunestyret       | 08.12.2009 | 098/09 | Svein Helge Hofslundsengen |

|              |                     |
|--------------|---------------------|
| Arkiv: N-102 | Arkivsaknr.: 09/573 |
|--------------|---------------------|

## SAK 98/09 - ÅRSBUDSJETT 2010 OG ØKONOMIPLAN 2010 - 2013 FOR MASFJORDEN KOMMUNE

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Driftsbudsjettet for Masfjorden kommune 2010 utgjør 144,15 mill.kr. jf. hovedoversikt drift og vert framlagt i balanse. Etter budsjettskjema 1A har ein 106,2 mill.kr. i frie disponible inntekter, netto finanstransaksjonar med nær 4 mill.kr. og netto avsetjingar med 0,6 mill.kr., samt 1.340.000 overføring frå drift til investering som gjer at rammeområda får 10,4 mill.kr. til fordeling i 2010;

### Budsjettskjema 1B

#### Fordelt til;

|                       |             |
|-----------------------|-------------|
| Folkevalte organ:     | 1928500     |
| Administrasjon:       | 11331700    |
| Barnehage:            | 3486300     |
| Skule:                | 32632100    |
| Helse:                | 8029600     |
| Sosial- og barnevern: | 4980300     |
| Pleie- og omsorg      | 32862600    |
| Kultur:               | 3891300     |
| Kyrkja:               | 2774000     |
| Teknisk:              | 7287700     |
| Andre tenesteområdet: | -8865200    |
|                       | 100 338 900 |

2. Investeringsbudsjettet for 2010 vert sett til kr. 12 mill.kr. (tal i tabell i 1000)

| Prosjekt                | Kostnad og finansiering<br>2010 |                          |         |       |
|-------------------------|---------------------------------|--------------------------|---------|-------|
|                         | Budsjett                        | Fond/overf.<br>frå drift | Tilskot | Lån   |
| KLP eigenkap.innskot    | 250                             | 250                      |         |       |
| IKT/felles              | 2 500                           | 1 500                    |         | 1 000 |
| IKT/Skulane             | 500                             | 500                      |         |       |
| Opprusting<br>komm.bygg | 3 000                           | 2 000                    |         | 1 000 |
| Kommunale vegar         | 500                             | 0                        |         | 500   |
| Vassforsyning           | 2 000                           | 700                      | 1 000   | 300   |
| Avlaup                  | 250                             | 250                      |         | 0     |
| Utlegebustadar          | 3 000                           | 1 000                    | 500     | 1500  |
| Bustadfelt              | 500                             | 500                      | 0       | 0     |
| MS - 26100              | 200                             | 0                        | 0       | 200   |
| Sum investeringar       | 12 700                          | 7 000                    | 1 500   | 4 200 |

Samt utlån startlån med 500.000,-, finansiert med låneopptak Husbanken – låneramma kan aukast opp ved behov.

3. Masfjorden kyrkjelege fellesråd får ei investeringsramme på 1,5 mill.kr. for 2010, og samla 4,5 mill.kr. i økonomiplanperioden 2009-12.
4. a) Økonomiplan 2010-13 ramme for drift jf. data i rammesaka

Mål i økonomiplanperioden å budsjettere med eit netto driftsresultat frå lik eller høgare enn 3% som nødvendig eigenkapital til investeringane.

b) Økonomiplan 2011-12 for investering;

| Prosjekt                 | Kostnad og finansiering<br>2011 |              |          |              | Kostnad og finansiering<br>2012 |              |          |              |
|--------------------------|---------------------------------|--------------|----------|--------------|---------------------------------|--------------|----------|--------------|
|                          | Budsjett                        | Fond         | Tilskot  | Lån          | Budsjett                        | Fond         | Tilskot  | Lån          |
| KLP eigenkap.innskot     | 250                             | 250          |          |              | 250                             | 250          |          |              |
| IKT/felles               | 500                             | 0            |          | 500          | 500                             | 0            |          | 500          |
| Breiband                 |                                 |              |          |              |                                 |              |          |              |
| IKT/Skulane              | 0                               |              |          | 0            |                                 |              |          |              |
| Opprusting<br>komm.bygg  | 3 000                           | 2 000        |          | 1 800        | 2 800                           | 500          |          | 2 300        |
| Kommunale vegar          | 500                             |              |          | 500          |                                 |              |          |              |
| Vassforsyning            | 1 000                           | 500          |          | 500          | 1 000                           | 500          |          | 500          |
| Avlaup                   | 500                             | 0            |          | 500          | 500                             | 0            |          | 500          |
| Utlegebustadar           |                                 |              |          |              |                                 |              |          |              |
| Bustadfelt               | 500                             | 500          | 0        | 0            | 500                             | 500          | 0        | 0            |
| Omsorgsbustadar          |                                 |              |          |              |                                 |              |          |              |
| Sandnes kyrkjegard       |                                 |              |          |              |                                 |              |          |              |
| <b>Sum investeringar</b> | <b>6 250</b>                    | <b>3 250</b> | <b>0</b> | <b>3 800</b> | <b>5 550</b>                    | <b>1 750</b> | <b>0</b> | <b>3 800</b> |

Elles legg ein til grunn følgjande prinsipp for finansiering av investeringane;

Maks låneopptak lik sum årlege låneavdrag i driftsbudsjettet  
+ frigjorde midlar frå drift til investering og fondsmidlar  
+ eksterne midlar/tilskot

5. a) Kommunal eidegdomsskatt etter lov av 6. juni 1975, nr 29, vert å skrive ut for verk og bruk med 0,7 % av takstverdi.
- b) Vanleg skatt til kommunen på formue og inntekt vert å likna etter høgste sats, dvs. f.t. 10 o/oo på eiga og 12,80 % på inntekt.
6. Avskrivningane i 2010 budsjettet vert justert i tråd med aktiverte investeringar i 2009 rekneskapen

### Finansiering

Driftsbudsjettet er i balanse og investeringsbudsjettet har finansiering

### Heimel

Kommunelova – kommunen sitt økonomireglement

### Utskrift til:

Fylkesmannen i Hordaland  
Revisjonen  
Driftseiningane

**FS-081/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

1. Driftsbudsjettet for Masfjorden kommune 2010 utgjør 144,15 mill.kr. jf. hovedoversikt drift og vert framlagt i balanse. Etter budsjettskjema 1A har ein 106,2 mill.kr. i frie disponible inntekter, netto finanstransaksjonar med nær 4 mill.kr. og netto avsetjingar med 0,6 mill.kr., samt 1.340.000 overføring frå drift til investering som gjer at rammeområda får 10,4 mill.kr. til fordeling i 2010;

**Budsjettskjema 1B****Fordelt til;**

|                       |             |
|-----------------------|-------------|
| Folkevalte organ:     | 1928500     |
| Administrasjon:       | 11331700    |
| Barnehage:            | 3486300     |
| Skule:                | 32632100    |
| Helse:                | 8029600     |
| Sosial- og barnevern: | 4980300     |
| Pleie- og omsorg      | 32862600    |
| Kultur:               | 3891300     |
| Kyrkja:               | 2774000     |
| Teknisk:              | 7287700     |
| Andre tenesteområdet: | -8865200    |
|                       | 100 338 900 |

2. **Investeringsbudsjettet for 2010 vert sett til kr. 12 mill.kr. (tal i tabell i 1000)**

| Prosjekt                 | <b>Kostnad og finansiering</b> |                       |              |              |
|--------------------------|--------------------------------|-----------------------|--------------|--------------|
|                          | <b>2010</b>                    |                       |              |              |
|                          | Budsjett                       | Fond/overf. frå drift | Tilskot      | Lån          |
| KLP eigenkap.innskot     | 250                            | 250                   |              |              |
| IKT/felles               | 2 500                          | 1 500                 |              | 1 000        |
| IKT/Skulane              | 500                            | 500                   |              |              |
| Opprusting komm.bygg     | 3 000                          | 2 000                 |              | 1 000        |
| Kommunale vegar          | 500                            | 0                     |              | 500          |
| Vassforsyning            | 2 000                          | 700                   | 1 000        | 300          |
| Avlaup                   | 250                            | 250                   |              | 0            |
| Utleigebustadar          | 3 000                          | 1 000                 | 500          | 1500         |
| Bustadfelt               | 500                            | 500                   | 0            | 0            |
| MS - 26100               | 200                            | 0                     | 0            | 200          |
| <b>Sum investeringar</b> | <b>12 700</b>                  | <b>7 000</b>          | <b>1 500</b> | <b>4 200</b> |

Samt utlån startlån med 500.000,-, finansiert med låneopptak Husbanken – låneramma kan aukast opp ved behov.

Investeringsprosjekt som er sett i verk i 2009 eller tidlegare men ikkje fullført, vert vidareført i investeringsbudsjettet for 2010

3. Masfjorden kyrkjelege fellesråd får ei investeringsramme på 1,5 mill.kr. for 2010, og samla 4,5 mill.kr. i økonomiplanperioden 2009-12.
4.
  - a) Økonomiplan 2010-13 ramme for drift jf. data i rammesaka

Mål i økonomiplanperioden å budsjettere med eit netto driftsresultat frå lik eller høgare enn 3% som nødvendig eigenkapital til investeringane.

**b) Økonomiplan 2011-12 for investering;**

| Prosjekt                 | Kostnad og finansiering<br>2011 |              |          |              | Kostnad og finansiering<br>2012 |              |          |              |
|--------------------------|---------------------------------|--------------|----------|--------------|---------------------------------|--------------|----------|--------------|
|                          | Budsjett                        | Fond         | Tilskot  | Lån          | Budsjett                        | Fond         | Tilskot  | Lån          |
| KLP eigenkap.innskot     | 250                             | 250          |          |              | 250                             | 250          |          |              |
| IKT/felles               | 500                             | 0            |          | 500          | 500                             | 0            |          | 500          |
| Breiband                 |                                 |              |          |              |                                 |              |          |              |
| IKT/Skulane              | 0                               |              |          | 0            |                                 |              |          |              |
| Opprusting<br>komm.bygg  | 3 000                           | 2 000        |          | 1 800        | 2 800                           | 500          |          | 2 300        |
| Kommunale vegar          | 500                             |              |          | 500          |                                 |              |          |              |
| Vassforsyning            | 1 000                           | 500          |          | 500          | 1 000                           | 500          |          | 500          |
| Avlaup                   | 500                             | 0            |          | 500          | 500                             | 0            |          | 500          |
| Utleigebustadar          |                                 |              |          |              |                                 |              |          |              |
| Bustadfelt               | 500                             | 500          | 0        | 0            | 500                             | 500          | 0        | 0            |
| Omsorgsbustadar          |                                 |              |          |              |                                 |              |          |              |
| Sandnes kyrkjegard       |                                 |              |          |              |                                 |              |          |              |
| <b>Sum investeringar</b> | <b>6 250</b>                    | <b>3 250</b> | <b>0</b> | <b>3 800</b> | <b>5 550</b>                    | <b>1 750</b> | <b>0</b> | <b>3 800</b> |

Elles legg ein til grunn følgjande prinsipp for finansiering av investeringane;

Maks låneopptak lik sum årlege låneavdrag i driftsbudsjettet  
+ frigjorde midlar frå drift til investering og fondsmidlar  
+ eksterne midlar/tilskot

5.

- a) Kommunal eidegdomsskatt etter lov av 6. juni 1975, nr 29, vert å skrive ut for verk og bruk med 0,7 % av takstverdi.
- b) Vanleg skatt til kommunen på formue og inntekt vert å likna etter høgste sats, dvs. f.t. 10 o/oo på eiga og 12,80 % på inntekt.

6. Avskrivningane i 2010 budsjettet vert justert i tråd med aktiverte investeringar i 2009 rekneskapen.

**Det skjedde i Formannskapet den 11.11.2009:**

Ass.rådmann Svein Helge Hofslundsengen delte ut oppdatert saksframlegg og orienterte kort om saka og endringane som var gjort. Saka vart drøfta.

Vigdis Søvik (Sp) spurte om opningstider for Skulemuseet på Sleire var med i årets budsjett. Rådmannen svara at ein skulle jobbe med dette i 2010.

Laila Torsvik Andvik (V) gjekk frå møtet.

Rådmannen sette fram framlegg om at investeringsprosjekt som er sett i verk i 2009 eller tidlegare men ikkje fullført, vert vidareført i investeringsbudsjettet for 2010.

Framlegg til vedtak i det oppdaterte saksframlegget med tilleggspunktet frå rådmann lagt fram i møtet, vart samrøystes vedteke.

**Protokolltilførsel frå formannskapet til kommunestyret:**

Formannskapet er uroa for kostnadsveksten i driftsbudsjettet sett i lys av strammare økonomiske rammevilkår i åra som kjem

Formannskapet ber rådmannen vurdere tiltak som kan føre til kostnadsreduksjon fram mot budsjettrevisjon.

**KS-098/09 VEDTAK :**

1. Driftsbudsjettet for Masfjorden kommune 2010 utgjør 144,15 mill.kr. jf. hovedoversikt drift og vert framlagt i balanse. Etter budsjettskjema 1A har ein 106,2 mill.kr. i frie disponible inntekter, netto finanstransaksjonar med nær 4 mill.kr. og netto avsetjingar med 0,6 mill.kr., samt 1.340.000 overføring frå drift til investering som gjer at rammeområda får 10,4 mill.kr. til fordeling i 2010;

**Budsjettskjema 1B****Fordelt til;**

|                       |             |
|-----------------------|-------------|
| Folkevalte organ:     | 1928500     |
| Administrasjon:       | 11331700    |
| Barnehage:            | 3486300     |
| Skule:                | 32632100    |
| Helse:                | 8029600     |
| Sosial- og barnevern: | 4980300     |
| Pleie- og omsorg      | 32862600    |
| Kultur:               | 3891300     |
| Kyrkja:               | 2774000     |
| Teknisk:              | 7287700     |
| Andre tenestoområdet: | -8865200    |
|                       | 100 338 900 |

2. Investeringsbudsjettet for 2010 vert sett til kr. 12 mill.kr. (tal i tabell i 1000)

| Prosjekt                 | <b>Kostnad og finansiering<br/>2010</b> |                          |              |              |
|--------------------------|---|--------------------------|--------------|--------------|
|                          | Budsjett                                | Fond/overf.<br>frå drift | Tilskot      | Lån          |
| KLP eigenkap.innskot     | 250                                     | 250                      |              |              |
| IKT/felles               | 2 500                                   | 1 500                    |              | 1 000        |
| IKT/Skulane              | 500                                     | 500                      |              |              |
| Opprusting<br>komm.bygg  | 3 000                                   | 2 000                    |              | 1 000        |
| Kommunale vegar          | 500                                     | 0                        |              | 500          |
| Vassforsyning            | 2 000                                   | 700                      | 1 000        | 300          |
| Avlaup                   | 250                                     | 250                      |              | 0            |
| Utlegebustadar           | 3 000                                   | 1 000                    | 500          | 1500         |
| Bustadfelt               | 500                                     | 500                      | 0            | 0            |
| MS - 26100               | 200                                     | 0                        | 0            | 200          |
| <b>Sum investeringar</b> | <b>12 700</b>                           | <b>7 000</b>             | <b>1 500</b> | <b>4 200</b> |

**Samt utlån startlån med 500.000,-, finansiert med låneopptak Husbanken – låneramma kan aukast opp ved behov.**

**Investeringsprosjekt som er sett i verk i 2009 eller tidlegare men ikkje fullført, vert vidareført i investeringsbudsjettet for 2010**

3. Masfjorden kyrkjelege fellesråd får ei investeringsramme på 1,5 mill.kr. for 2010, og samla 4,5 mill.kr. i økonomiplanperioden 2009-12.

4.

c) Økonomiplan 2010-13 ramme for drift jf. data i rammesaka

Mål i økonomiplanperioden å budsjettere med eit netto driftsresultat frå lik eller høgare enn 3% som nødvendig eigenkapital til investeringane.

d) Økonomiplan 2011-12 for investering;

| Prosjekt                | Kostnad og finansiering<br>2011 |       |         |       | Kostnad og finansiering<br>2012 |       |         |       |
|-------------------------|---------------------------------|-------|---------|-------|---------------------------------|-------|---------|-------|
|                         | Budsjett                        | Fond  | Tilskot | Lån   | Budsjett                        | Fond  | Tilskot | Lån   |
| KLP eigenkap.innskot    | 250                             | 250   |         |       | 250                             | 250   |         |       |
| IKT/felles              | 500                             | 0     |         | 500   | 500                             | 0     |         | 500   |
| Breiband                |                                 |       |         |       |                                 |       |         |       |
| IKT/Skulane             | 0                               |       |         | 0     |                                 |       |         |       |
| Opprusting<br>komm.bygg | 3 000                           | 2 000 |         | 1 800 | 2 800                           | 500   |         | 2 300 |
| Kommunale vegar         | 500                             |       |         | 500   |                                 |       |         |       |
| Vassforsyning           | 1 000                           | 500   |         | 500   | 1 000                           | 500   |         | 500   |
| Avlaup                  | 500                             | 0     |         | 500   | 500                             | 0     |         | 500   |
| Utleigebustadar         |                                 |       |         |       |                                 |       |         |       |
| Bustadfelt              | 500                             | 500   | 0       | 0     | 500                             | 500   | 0       | 0     |
| Omsorgsbustadar         |                                 |       |         |       |                                 |       |         |       |
| Sandnes kyrkjegard      |                                 |       |         |       |                                 |       |         |       |
| Sum investeringar       | 6 250                           | 3 250 | 0       | 3 800 | 5 550                           | 1 750 | 0       | 3 800 |

Elles legg ein til grunn følgjande prinsipp for finansiering av investeringane;

Maks låneopptak lik sum årlege låneavdrag i driftsbudsjettet  
+ frigjorde midlar frå drift til investering og fondsmidlar  
+ eksterne midlar/tilskot

5.

c) Kommunal eigeomsskatt etter lov av 6. juni 1975, nr 29, vert å skrive ut for verk og bruk med 0,7 % av takstverdi.

d) Vanleg skatt til kommunen på formue og inntekt vert å likna etter høgste sats, dvs. f.t. 10 o/oo på eiga og 12,80 % på inntekt.

6. Avskrivningane i 2010 budsjettet vert justert i tråd med aktiverte investeringar i 2009 rekneskapen.

7. Kommunestyret ber om at ordførar og rådmann i samarbeid med barnehagen/foreldre i Nordbygda barnehage, prøver å finne ei løysing slik at ein får vekk ventelistene.



**Det skjedde i Kommunestyret den 08.12.2009:**

Saka vart drøfta.

**Frøde Langhelle, H**, hadde desse spørsmåla til budsjettet:

Spørsmål 1) Kva med løyving til Haugsdalen bru?

Spørsmål 2) Kva betyr det at det er lagt inn 3 mill. til utleigebustader på Duesundøy?

Spørsmål 3) Langhelle stilte og spørsmål om eigedomsskattegrunnlaget.

Ass. rådmann Svein Helge Hofslundsengen svara:

Spørsmål 1) Det vil koma eiga sak om løyving til Haugsdalen bru i 2010.

Spørsmål 2) Det er ikkje gjort bindande vedtak med Reknes byggjevarer for utleige.

Spørsmål 3) Det er lagt inn 19.700.000 i eigedomsskatt

**Marit Steinestø, KrF**, gjorde framlegg om eit nytt pkt 7 i budsjettvedtaket:

*Kommunestyret ber om at ordførar og rådmann i samarbeid med*

*Barnehagen/foreldre i Nordbygda, ilag prøver å finne ei løysing slik at ein får vekk ventelistene i barnehagen.*

**Røysting:**

Heile budsjettframlegget vart teke opp til røysting med tilleggspunktet frå KrF.

**Tilrådinga frå formannskapet til årsbudsjett 2010 og økonomiplan 2010 til 2013 vart samrøystes vedteke.**

## AMU-025/09 UTTALE FRÅ AMU TIL BUDSJETT 2010:

AMU ser at driftsbudsjettet inneberer drift utover inntekter for 2010. AMU ynskjer å verte tatt med dersom det vert aktuelt å justere drift som kan ha konsekvens for AMU sitt arbeids og ansvarsområde.

### Det skjedde i Arbeidsmiljøutvalet den 25.11.2009:

AMU har drøfta budsjettframlegget frå formannskapet.

AMU er positiv til at konto for BHT er styrka.

AMU ynskjer å verte tatt med i drøftingar dersom det er aktuelt å justere drift som kan ha konsekvens for AMU sitt arbeids og ansvarsområde.

**Vedtaket vart gjort samrøystes.**

## SAKSTILFANG:

| Nr | T | Brevdato   | Avsendar/Mottakar                                  | Tittel  |
|----|---|------------|--|---|
| 1  | I | 22.08.2009 | HTV Utdanningsforbundet<br>Masfjorden v/Valestrand | Innspel til budsjett 2010 i<br>Masfjorden kommune                   |
| 4  | U | 12.11.2009 | Strilen og Nordhordland                            | Kunngjering i lokalavisene om 2010<br>budsjettet og øk.plan 2010-13 |
| 7  | I | 18.11.2009 | Svein-Helge Hofslundsengen                         | Budsjetthefte 2010 for Masfjorden<br>kommune                        |

+ budsjettinnspel frå driftseiningane og løpande dialog og utvikling av budsjett og økonomiplan

## SAKSVEDLEGG:

- 1) **Hovudtrekk i drift og investeringsbudsjettet, presentasjon og utdeling av hefte (40 sider) under møte 3. november 09**
- 2) **Budsjett- og økonomiplan hefte**

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Kommunestyret skal innan utløpet av året vedta årsbudsjettet for neste kalenderår.

Årsbudsjettet er eit overslag over kommunen sine inntekter for det aktuelle året, og er ein bindande plan for bruk av dei økonomiske ressursane ein har til rådvelde. Budsjettet er det primære styringsinstrumentet i økonomiforvaltninga.

## Innhald og forhold ved budsjettet, jf. pkt. 6.2 i økonomireglementet, Årsbudsjettet

### 6.1.1 Rammetildelingane skal skje på:

- Rammeområde.  
Det vil seie i tråd med den rammeinndelinga som allreie gjeld eller som kommunestyret sjølv kjem fram til gjennom sitt økonomiplanarbeid
- Nettonivå.  
Det vil seie at løyvinga skal innehalda utgiftene etter at forventa inntekter er trekt frå
- Fordeling innafor rammeområde.  
Rådmannen fordelar innafor rammeområde driftsramme for kvar einskild driftseining

### 6.2.2 Taloppstillingar:

- Forskriftsmessige hovudoversiktar og noter til drift og investeringar
- Oversikt som syner korleis ein har kome fram til gjeldande rammetildelingar; - med naudsynte kommentarar
- Samandrag over nettoutgifter pr. teneste
- Samandrag over sum pr. artsgruppe, samla sett for heile kommunen
- Samandrag over dei einskilde planlagde investeringsprosjekta med tilhøyrande finansiering
- Andre taloppstillingar som kommunestyret sjølv ber om

### 6.2.3 Verbal utgreiing som skisserer/presenterer

- Kort opplisting av overordna mål og strategiar, samt delmål i drifta
- Gjennomgang av endringar i eksterne og interne rammeføresetnader (m.a. framlegg til statsbudsjett)
- Korleis endelege prioriteringar i økonomiplanvedtaket påverkar den daglege drifta i budsjettåret
- Tiltak som må gjerast for å oppnå mål og balanse i budsjettåret
- Konsekvensvurderingar av skisserte tiltak t.d. forventa endringar i tenestetilbod, brukarbetalingar, intern organisering, herunder personalmessige konsekvensar m.m. i budsjettåret

### 6.2.4 Vedtaket skal som eit minimum innehalde:

- Sum midlar som skal fordelast til drift
- Korleis samla driftsramme skal fordele seg på dei rammeområda som vert fastsett
- Sum brutto investeringsramme og korleis denne samla sett vert finansiert
- Sum låneopptak og vekta avdragstid
- Andre pålegg, føringar og/eller bindingar som Kommunestyret ynskjer legge på administrasjonen
- Marginavsetjinga som skal gjelda for skatteinntekter som fortløpande vert betalt til kommunen

### 6.2.5 Innhaldet i det innbundne årsbudsjettet:

- Administrasjonen si saksutgreiing og taloppstillingar ihht. pkt. 6.2.2 og 6.2.3
- Dokument som syner politiske handsaming og vedtak
- Høyringsdokument fylgjer som vedlegg

## HØYRING/UTTALE

Driftseiningane har med utgangspunkt i rammesaka utarbeidd budsjettframlegg for 2010. Desse framlegga ligg til grunn for 2010 driftsbudsjettet. For dei fleste rammeområde har det vore dialog og justeringar, som endar opp i rådmannen sitt budsjettframlegg.

## FAKTA

### Sentrale forhold i statsbudsjettet og kommuneopplegget for budsjettåret 2010 :

Prisindikatoren for 2010 er i framlegget 3,1 %. Denne består av pårekna lønsvekst med 3 ½ % og varekjøp med 2,4 %.

### Skatteinntekter

Det er rekna med ein nominell skattevekst for kommunane frå 2009 til 2010 med 5,9 %. Denne veksten er rekna i høve til pårekna skatteinngang for 2009, dvs. kr. 950 mill. i meirskatt er rekna med i berekningsgrunnlaget.

Det er lagt opp til same skatteøyre i 2010 for kommunane som i 2009, det vil sei 12,80 %.

Pårekna skattevekst i 2010 må bli sett i samanheng med :

-auken i det kommunale skatteøyret i 2009 ( som følgje av bortfall selskapsskatt ) også vil gi vekst i 2010, med et uendra skatteøyre, som følgje av heilårsverknaden

-det låge rentenivået vil gi ein skattevekst i 2010 med eit etterslep i skatteavrekninga for 2009 som følgje av lågare fråtrekk ved skattelikninga

### Frie inntekter - skatt og rammeoverføring samla

Vedlagt tabell syner rammeoverføring og pårekna frie inntekter for 2010. Pårekna skatt og inntektsutjamning i tabell bygger på kommunane sin reelle skatteinngang i 2008. Til dette grunnlaget er det lagt til pårekna skattevekst i statsbudsjettet for 2010 i høve til 2008.

I berekning av skatteprognose for 2010 er det lagt til det same tillegget i % i høve til rekneskap 2008 for alle kommunane uavhengig av den lokale utviklinga i kvar kommune etter 2008. Denne skatteprognosen er nytta som grunnlag for pårekna inntektsutjamning. Det er teke omsyn til at inntektsutjamninga aukar frå 57 % i 2009 til 59 % i 2010.

Kommunane kan ta utgangspunkt i prognosen for frie inntekter, men må justera for lokale tilhøve knytt til skatteutvikling. Folketalsutviklinga fram til 01.01.2010 vil dessutan påverka inntektsutjamninga i rammeoverføring.

Veksten i dei frie inntektene frå 2009 til 2010 vil variera mellom kommunane. Hovudårsakene er følgjande punkt som påverkar kommunane ulikt :

- verknad av endringar i inntektssystemet
- endring i fordelinga av skjønstilskot
- endra kriteriedata

### *Justering av kostnadsnøkklane i inntektssystemet*

Kostnadsnøkkelen vil bli justert for kommunane i 2010 slik at grunnskulen får ein større del av den samla kostnadsnøkkelen i utgiftsutjamninga i inntektssystemet. Dette skuldast auka timetal og forsterka opplæring, jf. eige punkt om grunnskule. Kriteriet talet på innbyggjarar 6 - 15 år vil difor få auka vekt. Kriteriet innbyggjarar 16 - 66 år vil bli justert noko opp. Andre kriterium vil samla bli justert ned i samsvar med dette.

Det øyremerka barnehagetilskotet er planlagt innlemma i rammeoverføring i 2011. Det vil i kommuneproposisjonen for 2011 ( våren 2010 ) bli lagt fram ei samla gjennomgang av kostnadsnøkkelen i inntektssystemet. På bakgrunn av den planlagde innlemminga av eit så stort øyremerka tilskot som barnehagetilskotet vil det vere naturleg med ei tilpassing av kostnadsnøkkelen for å unngå større omfordeling mellom kommunane.

Øyremerka tilskot til folkehelse og tekniske fagskular vil bli innlemma i rammeoverføringa til fylkeskommunane.

### *Samla vekst i frie inntekter og bruk av veksten*

Det er lagt opp til ein vekst i dei frie inntektene for kommunane med om lag kr. 2,7 mrd. frå 2009 til 2010 ( for heile kommuneforvaltninga medrekna fylkeskommunane svarer dette til ein auke på 4,2 mrd.).

Denne veksten er rekna i høve til det inntektsnivået som blei lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett. Dette er realvekst. I denne utrekninga av realvekst i dei frie inntektene frå 2009 ( revidert nasjonalbudsjett ) til 2010 er grunnlaget for 2009 prisjustert med 3,1 %.

Det er lagt opp til at auken i dei frie inntektene frå 2009 til 2010 skal dekka auka ressursinnsats i kommunane til :

- Meirutgifter som følgje av den demografiske utviklinga. Folketalet aukar totalt, særleg i aldersgrupper som krev ekstra ressursinnsats frå kommunen. Dette vil både vere barn i skulepliktig alder og dei eldste av dei eldre.
- Oppfølging av Omsorgsplan 2015 der målsetjinga er 12 000 nye årsverk i perioden 2008 - 2015.
- Ei styrking av det kommunale barnevernet og av skuletilbodet. Det er ei målsetjing om ei styrking av det kommunale barnevernet med til saman 400 årsverk på landsbasis.
- Ei styrking av det førebyggjande helsearbeidet i samband med samhandlingsreforma ( kr. 230 mill. av vekst ), jf. St.meld. nr. 47 ( 2008 - 2009 ).

### Rentekompensasjon skulebygg og symjeanlegg

Rentekompensasjonsordninga for lån til rehabilitering og nybygg av skular og symjeanlegg blir vidareført i 2010. Det er lagt opp til ei samla investeringsramme, som grunnlag for rentekompensasjon, på kr. 15 mrd. fordelt over 8 år frå og med 2009. For 2010 er ramma for skulebygg og symjeanlegg, som grunnlag for rentekompensasjon, kr. 2,0 mrd.

Investeringsramma på kr. 15 mrd. omfattar både kommunane og fylkeskommunane. Ordninga blir administrert av Husbanken. Berekna investeringsramme for perioden 2009 - 2016 for kvar kommune er vist under Husbanken si heimeside.

Rentekompensasjon blir gitt på grunnlag av eit serielån med løpetid på 20 år ( 5 år utan avdrag ), men kompensasjon er uavhengig av kommunen si eiga avdragsbetaling og om kommunen tek opp lån, eventuelt nyttar egne midlar til finansieringa. Grunnlaget for rentekompensasjon er den flytande renta i Husbanken.

### Barnehagar

Det blir lagt opp til ein opptrappingsplan med sikte på likestilling mellom kommunale og ikkje - kommunale barnehagar. Det skal bli lagt til rette for at barn skal ha dei same vilkåra og at dei tilsette skal ha like løns- og arbeidsvilkår uavhengig av om dei arbeider i privat eller offentleg barnehage. Opptrappingsplanen startar opp frå 01. august 2010 og vil gå over ein periode på inntil 5 år. Det blir gitt ei løyving for 2010 på kr. 82 mill. til dette føremålet.

Foreldrebetalinga for ein barnehageplass blir vidareført i 2010 på same nominelle nivå som i 2009. Maksimalprisen for ein heiltidsplass i 2010 vil vere det same som i 2009, kr. 2.330,- pr. måned. Det er lagt opp til å vidareføra maksimalpris dei neste åra på det same nominelle nivået fram til målsetjinga om ein maksimalpris på kr. 1.750,- pr. måned, rekna i 2005-kr., er nådd. Kommunane blir kompensert for lågare reell foreldrebetaling gjennom det øyremerka driftstilskotet, om lag kr. 203,5 mill. Dette er prisjustert.

Det er rekna med auka etterspurnad etter barnehageplassar i 2010, både som følgje av lågare reell foreldrebetaling ( same nominelle nivå som i 2009 ) og som følgje av befolkningsvekst. Det blir difor lagt opp til etablering av 7200 nye barnehageplassar ( skal gi rom for 5500 fleire barn ) på landsbasis i 2010. Det er framlegg om ei løyving på kr. 463,5 mill. til utbygging og drift av nye plassar i 2010.

### Grunnskule

Auke i rammeoverføring knytt til tiltak i grunnskulen i 2010 inngår ikkje som ein del av den generelle veksten i dei frie inntektene ( kr. 2,7 mrd. for primærkommunane, kr. 4,2 mrd. for heile kommuneforvaltninga). Auka rammeoverføring til følgjande tiltak kjem m.a.o. i tillegg til den nemnde veksten :

a)Det blir lagt opp til ein time utvida timetal pr. veke på 1.- 7. trinn frå hausten 2010 og 8 timar pr. veke gratis leksehjelp i SFO på 1. - 4. trinn. Kommunane blir kompensert for meirutgiftene i rammetilskot med kr. 235,8 mill.

b)Det er innført to timar fysisk aktivitet på barnetrinnet i grunnskulen frå og med skuleåret 2009 - 2010. Det blir gitt ein auke i rammetilskotet i 2010 på om lag kr. 68,9 mill. for å kompensera heilårsverknaden av dette tiltaket.

c)Det blei i 2009 frigjort kr. 430 mill. av kommunane sine frie inntekter etter at utskiftinga av lærebøker var gjennomført ( 2006 – 2008 ). Frigjorte inntekter i 2009 finansierte ei styrking av undervisninga i norsk og matematikk på 1. – 4. trinn frå hausten 2009. Det blir gitt ein auke i rammeoverføringa på kr. 620,6 mill. for å kompensera heilårsverknaden i 2010 av dette tiltaket.

### Integrering

Satsane for integreringstilskot har auka i 2008 og 2009. Samla utbetaling av integreringstilskot har auka betydeleg. For 2010 blir det lagt opp til eit integreringstilskot for vaksne med kr. 574.300,- og for barn med kr. 554.300,-.

Utbetaling av tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap blir lagt om frå å gå over ein periode på 5 år til ein periode på 3 år. Det som er gitt i tilskot i løpet av 5 år vil no bli gitt på 3 år.

### Investeringsstilskot til sjukeheimplassar og omsorgsbustadar

Det er ei målsetjing at det skal bli gitt tilskot til 12 000 nye sjukeheimplassar og omsorgsbustader ( til saman ) i landet i perioden 2008 - 2015. Tilsegnramme for 2008 tilsvarte 1000 einingar og tilsegnramme for 2009 tilsvarte 2500 einingar ( medrekna auken i samband med tiltakspakke ).

For 2010 er det framlegg om å gi tilsegn om tilskot for 2500 nye einingar, fordelt mellom omsorgsbustader og sjukeheimplassar. Investeringsstilskot er 20 % for omsorgsbustader og 30 % for sjukeheimplassar, innafør ei øvre investeringsramme. Med framlegget for 2010 ( 2500 einingar ) vil halvdelen av målsetjinga om å bygga ut 12 000 nye einingar i 2015 bli nådd. Den samla målsetjinga om 12 000 einingar for heile perioden fram til 2015 er uendra.

Målgruppa for ordninga er personar med behov for heildøgns helse- og omsorgstenester uavhengig av alder, diagnose og funksjonshemming. Tilskotet kan gå til bygging, kjøp eller utbetring.

### Ressurskrevjande tenester

Ordninga med øymerka tilskot for ressurskrevjande tenester blei lagt om frå og med 2008. Kompensasjonsgraden er etter omlegging den same for kvar kommune.

Det har vore ein betydeleg vekst i dette øymerka tilskotet, det vil sei auka overføring frå staten til kommunane. Det har også vore ein stor vekst i 2009 som har bidrege til ein inntektsvekst i kommunane utover det som tidlegare har vore rekna med. Det skuldast både fleire ressurskrevjande brukarar og høgare utgifter for kvar brukar.

På denne bakgrunn blir det lagt opp til noko innstramming i ordninga i høve til 2009 for utbetaling av tilskotet i 2010 :

a) kompensasjonsgraden pr. brukar blir justert ned frå 85 % til 80 %

b) innslagsnivået for å få kompensasjon blir auka pr. brukar frå kr. 835.000,- til kr. 865.000,-, det vil sei ein auke på 3,6 % som er noko høgare enn pårekna prisauke

Kompensasjon som blir utbetalt frå staten til kommunane i 2010 skal kommunane inntektsføra i sine rekneskap i 2009. Kommunane skal inntektsføra den pårekna kompensasjonen i det same året som utgiftene har vore. Dette følgjer av omlegginga av kompensasjonsordninga i 2008 med overgang til anordningsprinsippet i rekneskapen.

Tilskotsordninga er for personar under 67 år.

## Inntektssystemet

Det blir lagt opp til å auka inntektsutjamninga frå 55 % til 60 % over 3 år ; 2009 : 57 %, 2010 : 59 %, 2011 : 60 %. Tilleggskompensasjonen ( 35 % under skattenivå 90 % av landsgjennomsnittet ) blir vidareført.

*Elles blir endringane innført i 2009 vidareført i 2010 ;*

Kommunar med under 3200 innbyggjarar får eit småkommunetilskot. Maksimalt skattenivå i høve til landsgjennomsnittet for å kunne få tilskotet er 120 %, på grunnlag av gjennomsnittlege skatteinntekter dei siste 3 åra. Vedlagt tabell syner tilskotet for 2010.

Det er innført eit nytt distriktstilskot for kommunar i Sør - Noreg med over 3200 innbyggjarar og eit skattenivå under 120 % av landsgjennomsnittet pr. innbyggjar dei siste 3 åra. Tilskotet blir berre gitt til kommunar i det distriktspolitiske området for tiltak i sone IV og sone III, og som ikkje får småkommunetilskot. Tilskotet blir berekna utifrå eit likt beløp pr. kommune og eit likt beløp pr. innbyggjar. Tilskotet er prisjustert frå 2009 til 2010. Vedlagt tabell syner tilskotet for 2010.

Det er innført eit eige veksttilskot til kommunar som dei siste 3 åra har hatt ein gjennomsnittleg årleg vekst på minst 175 % av landsgjennomsnittet. Det blir gitt eit tilskot i 2010 på kr. 41 240,- for kvar ny innbyggjar utover vekstgrensa, dvs. utover 175 % av landsgjennomsnittet. Skattenivået må vere under 140 % av landsgjennomsnittet for at tilskotet skal bli gitt. Vedlagt tabell syner tilskotet for 2010.

Nye telletidspunkt for innbyggjartal i inntektssystemet blei innført for 2009 og blir vidareført for 2010 ;

01.07.2009 for innbyggjartilskot, overgangsordning og aldersfordeling i utgiftsutjamninga

01.01.2010 for inntektsutjamninga. I vedlagt tabell er innbyggjartal pr. 01.01.2009 nytta som eit førebels berekningsgrunnlag for inntektsutjamning.

01.01.2009 for andre kriterium ( enn aldersfordeling innbyggjarar ) i utgiftsutjamninga

Det er innført ei ny overgangsordning frå og med 2009 ( INGAR ). Denne skal vere ein garanti for at ingen kommunar får ei utvikling i rammeoverføring som ligg meir enn kr. 300,- pr. innbyggjar under landsveksten pr. innbyggjar, frå det eine året til det neste.

Ordninga omfattar endringar i inntektssystemet, innlemming av øyremerka tilskot i rammeoverføring, oppgåveendringar, endring i det distriktspolitiske tilskotet og endringar i kriteriedata. Ordninga omfattar ikkje endringar i inntektsutjamninga og skatteinntektene eller endringar i skjønstilskot og veksttilskot.

## Skjønstilskot

### ***Kompensasjon for omlegging av inntektssystemet***

Kompensasjon for omlegginga av inntektssystemet frå 2002 ( nye busetjingskriterium, bortfall ekstraordinært skjønstilskot ) er frå og med 2009 vidareført som ordinære skjønsmidlar, det vil sei dei inngår i basisramma og er ikkje lenger knytt til dei aktuelle kommunane. Fylkesmannen ga for 2009 kompensasjon, men på eit noko lågare nivå enn i 2008. Vi vil trappa denne kompensasjonen ned med om lag 20 % frå 2009 til 2010 :

| I mill. kr. | kompensasjon 2009 | kompensasjon 2010 ( - 20 % ) |
|-------------|-------------------|------------------------------|
| Sveio       | 6,4               | 5,1                          |
| Fitjar      | 0,6               | 0,5                          |
| Jondal      | 0,3               | 0,2                          |
| Granvin     | 0,5               | 0,4                          |



|            |     |     |
|------------|-----|-----|
| Fusa       | 4,8 | 3,8 |
| Austrheim  | 1,7 | 1,4 |
| Fedje      | 0,6 | 0,5 |
| Masfjorden | 1,0 | 0,5 |

Av disse kommunane har Masfjorden kommune eit høgt inntektsnivå, knytt til naturressursskatt og eigedomsskatt frå kraftverk. Vi legg difor opp til å ta denne kompensasjonen for Masfjorden kommune heilt bort frå og med 2011 med ei 50 % nedtrapping i 2010.

### Masfjorden

tilskot 2009, kr. 1,0 mill.

Kommunen har eit godt inntektsgrunnlag. Kommunen har eit høgt ordinært skattenivå som følgje av naturressursskatt, samt eigedomsskatt frå kraftverk. Kommunen er frå og med 2007 tilbakeført til sone 2 for arbeidsgivaravgift. Kommunen får småkommunetilskot. Kommunen har fått kompensasjon for omlegging av inntektssystemet. Det blei for 2009 gitt kompensasjon kr. 1,0 mill. Denne kompensasjonen er planlagt nedtrappa for dei aktuelle kommunane som mottek den. På bakgrunn av kommunen sitt gode inntektsgrunnlag, vil fylkesmannen ta kompensasjonen heilt bort frå og med 2011 dersom det ikkje kjem fram nye opplysningar. Vi legg opp til ei 50 % - nedtrapping i 2010, det vil sei til kr. 0,5 mill.

tilskot 2010, kr. 0,5 mill.

#### OVERFØRING

KR. 1.000,-

2010

| KOMMUNE              | innb.t.<br>m/utg.utj.<br>m/INGAR | små<br>komm.<br>tilskot | distriktsp.<br>tilskot<br>S.-Noreg | vekst<br>tilskot | ordinært<br>skjøn | SUM<br>Ramme<br>Overføring | Pårekna<br>skatt +<br>innt.utj. | SUM pårekna<br>frie<br>inntekter | Ve<br>rek<br>% |
|----------------------|----------------------------------|-------------------------|------------------------------------|------------------|-------------------|----------------------------|---------------------------------|----------------------------------|----------------|
| <b>Masfjorden</b>    | 36316                            | 5707                    | 0                                  | 0                | 500               | 42523                      | 40710                           | 83233                            |                |
| <b>Ikkje fordelt</b> | 0                                | 0                       | 0                                  | 0                | 11736             | 11736                      | 0                               | 11736                            |                |
| <b>Hordaland</b>     | 36316                            | 5707                    | 0                                  | 0                | 12236             | 54259                      | 40710                           | 94969                            |                |
| <b>Heile landet</b>  |                                  |                         |                                    |                  |                   |                            |                                 |                                  |                |

Viser til utdelt hefte 3.november med dokumentasjon og innhald i investering og driftsbudsjettet for 2010.

Driftsbudsjettet er framlagt i balanse- og er i hovudsak basert på vidareføring av 2009 budsjett/driftsnivå.

**ØKONOMISK OVERSIKT - DRIFT**

|  | <b>Budsjett<br/>2010</b> | <b>Saldert 2009<br/>budsjett</b> | <b>Opphavleg<br/>2009 budsjett</b> | <b>Rekneskap<br/>2008</b> | <b>Rekneskap<br/>2007</b> |
|--|--------------------------|----------------------------------|------------------------------------|---------------------------|---------------------------|
| <b>DRIFTSINNTEKTER</b>                           |                          |                                  |                                    |                           |                           |
| LN03 Brukerbetalinger                            | -7 364 000               | -7 288 000                       | -7 173 000                         | -7 531 285                | -7 138 661                |
| LN04 Andre salgs- og leieinntekter               | -6 410 200               | -5 708 800                       | -5 738 800                         | -6 606 717                | -6 553 668                |
| LN05 Overføringer med krav til motytelser        | -15 203 700              | -17 725 200                      | -15 580 200                        | -19 602 890               | -20 463 126               |
| LN06 Rammetilskudd fra staten                    | -39 600 000              | -35 900 000                      | -35 900 000                        | -34 583 292               | -31 522 838               |
| LN07 Andre statlige overføringer                 | -930 000                 | -2 036 000                       | -930 000                           | -1 029 461                | -978 532                  |
| LN08 Andre overføringer                          | -8 983 000               | -10 466 000                      | -8 666 000                         | -10 989 674               | -10 972 310               |
| LN09 Skatt på inntekt og formue                  | -43 600 000              | -41 800 000                      | -42 800 000                        | -40 202 220               | -39 326 673               |
| LN10 Eiendomsskatt                               | -19 700 000              | -18 500 000                      | -17 500 000                        | -19 059 912               | -19 738 615               |
| LN11 Andre direkte og indirekte skatter          | -2 360 000               | -2 360 000                       | -2 360 000                         | -2 362 732                | -2 389 316                |
| <b>LN12 Sum driftsinntekter</b>                  | <b>-144 150 900</b>      | <b>-141 784 000</b>              | <b>-136 648 000</b>                | <b>-141 968 183</b>       | <b>-139 083 739</b>       |
| <b>DRIFTSUTGIFTER</b>                            |                          |                                  |                                    |                           |                           |
| LN14 Lønnsutgifter                               | 84 033 600               | 79 472 450                       | 77 864 450                         | 76 133 458                | 68 805 929                |
| LN15 Sosiale utgifter                            | 20 819 200               | 18 730 750                       | 18 543 750                         | 16 387 327                | 14 899 740                |
| LN16 Kjøp varer/teneste til komm.tenester        | 21 267 700               | 21 091 600                       | 19 860 600                         | 23 042 205                | 20 389 147                |
| LN17 Kjøp varer/teneste erstatter komm.teneste   | 5 421 800                | 3 998 100                        | 3 958 100                          | 5 652 502                 | 4 433 725                 |
| LN18 Overføringer                                | 7 757 500                | 8 372 000                        | 8 372 000                          | 7 731 383                 | 8 058 370                 |
| LN19 Avskrivninger                               | 7 051 100                | 7 051 700                        | 5 840 700                          | 6 262 683                 | 5 878 185                 |
| LN20 Fordelte utgifter                           | -900 000                 | -825 000                         | -825 000                           | -970 807                  | -876 489                  |
| <b>LN21 Sum driftsutgifter</b>                   | <b>145 450 900</b>       | <b>137 891 600</b>               | <b>133 614 600</b>                 | <b>134 238 751</b>        | <b>121 588 607</b>        |
| <b>LN23 Brutto driftsresultat</b>                | <b>1 300 000</b>         | <b>-3 892 400</b>                | <b>-3 033 400</b>                  | <b>-7 729 432</b>         | <b>-17 495 132</b>        |
| <b>EKSTERNE FINANSTRANSAKSJONER</b>              |                          |                                  |                                    |                           |                           |
| <b>Finansinntekter</b>                           |                          |                                  |                                    |                           |                           |
| LN25 Renteinntekter, utbytte og eieruttak        | -2 264 500               | -2 162 500                       | -2 162 500                         | -3 303 784                | -2 299 226                |
| LN26 Mottatte avdrag på lån                      | -120 000                 | -120 000                         | -120 000                           | -126 348                  | -221 467                  |
| <b>LN27 Sum eksterne finansinntekter</b>         | <b>-2 384 500</b>        | <b>-2 282 500</b>                | <b>-2 282 500</b>                  | <b>-3 430 132</b>         | <b>-2 520 693</b>         |
| <b>Finansutgifter</b>                            |                          |                                  |                                    |                           |                           |
| LN29 Renteutgifter, provisjon og andre finansutg | 2 301 600                | 4 201 600                        | 4 401 600                          | 4 109 989                 | 3 010 650                 |
| LN30 Avdragsutgifter                             | 3 900 000                | 3 700 000                        | 3 700 000                          | 3 652 089                 | 3 355 000                 |
| LN31 Utlån                                       | 20 000                   | 20 000                           | 20 000                             | 51 894                    | 23 955                    |
| <b>LN32 Sum eksterne finansutgifter</b>          | <b>6 221 600</b>         | <b>7 921 600</b>                 | <b>8 121 600</b>                   | <b>7 813 973</b>          | <b>6 389 605</b>          |
| <b>LN34 Res.ekst. finansieringstransaksjoner</b> | <b>3 837 100</b>         | <b>5 639 100</b>                 | <b>5 839 100</b>                   | <b>4 383 841</b>          | <b>3 868 912</b>          |
| LN35 Motpost avskrivninger                       | -7 051 100               | -7 051 700                       | -5 840 700                         | -6 262 683                | -5 878 185                |
| <b>LN36 Netto driftsresultat</b>                 | <b>-1 914 000</b>        | <b>-5 305 000</b>                | <b>-3 035 000</b>                  | <b>-9 608 274</b>         | <b>-19 504 407</b>        |
| <b>AVSETNINGER</b>                               |                          |                                  |                                    |                           |                           |
| <b>Bruk av avsetninger</b>                       |                          |                                  |                                    |                           |                           |
| LN38 Bruk av tidligere års regnskapsmessige ov   | 0                        | 0                                | 0                                  | -2 280 640                | -3 060 448                |
| LN39 Bruk av disposisjonsfond                    | -1 856 000               | -1 834 000                       | -1 834 000                         | -3 614 177                | -2 599 869                |
| LN40 Bruk av bundne fond                         |                          |                                  |                                    |                           |                           |
| LN41 Bruk av likviditetsreserve                  |                          |                                  |                                    | -667 491                  |                           |
| <b>LN42 Sum bruk av avsetninger</b>              | <b>-1 856 000</b>        | <b>-1 834 000</b>                | <b>-1 834 000</b>                  | <b>-6 562 308</b>         | <b>-5 660 317</b>         |
| <b>Avsetninger</b>                               |                          |                                  |                                    |                           |                           |
| LN44 Overført til investeringsregnskapet         | 1 340 000                | 4 709 000                        | 2 439 000                          | 5 777 996                 | 8 754 969                 |
| LN45 Dekning av tidligere års regnskap           | 0                        | 0                                | 0                                  | 0                         | 42 893                    |
| LN46 Avsetninger disposisjonsfond                | 2 430 000                | 2 430 000                        | 2 430 000                          | 8 444 686                 | 12 068 764                |
| LN47 Avsetninger til budne fond                  | 0                        | 0                                | 0                                  | 440 000                   | 1 853 658                 |
| LN48 Avsetninger til likviditetsreserve          |                          |                                  |                                    |                           |                           |
| <b>LN49 Sum avsetninger</b>                      | <b>3 770 000</b>         | <b>7 139 000</b>                 | <b>4 869 000</b>                   | <b>14 662 681</b>         | <b>22 720 284</b>         |
| <b>LN51 Rekneskapsmessig overskot/underskot</b>  | <b>0</b>                 | <b>0</b>                         | <b>0</b>                           | <b>-1 507 900</b>         | <b>-2 444 440</b>         |

Hovudtrekk 1B – gitt i materiell utdelt 3.november til formannskapsmedlemene, og tilsvarende i høve innholdet i investeringsbudsjettet.

**Budsjettskjema 1A**

|                                       | <b>Budsjett<br/>2010</b> | <b>Budsjett<br/>2009</b> | Rekneskapen<br>2008 | Rekneskapen<br>2007 |
|---------------------------------------|--------------------------|--------------------------|---------------------|---------------------|
| <b>FRIE DISPONIBLE INNTEKTER</b>      |                          |                          |                     |                     |
| Skatt på inntekt og formue            | -43 600 000              | -42 800 000              | -40 202 220         | -39 326 673         |
| Ordinært rammetilskudd                | -39 600 000              | -35 900 000              | -34 583 292         | -31 522 838         |
| Skatt på eiendom                      | -19 700 000              | -17 500 000              | -19 059 912         | -19 738 615         |
| Andre direkte eller indirekte skatter | -2 360 000               | -2 360 000               | -2 362 732          | -2 389 316          |
| Andre generelle statstilskudd         | -930 000                 | -930 000                 | -1 029 461          | -978 532            |
| <b>Sum frie disponible inntekter</b>  | <b>-106 190 000</b>      | <b>-99 490 000</b>       | <b>-97 237 617</b>  | <b>-93 955 974</b>  |

**FINANSINNTEKTER/-UTGIFTER**

|   |                  |                  |                  |                  |
|---|------------------|------------------|------------------|------------------|
| Renteinntekter og utbytte                     | -2 264 500       | -2 162 500       | -3 303 784       | -2 299 226       |
| Renteutgifter, provisjoner og andre finansutg | 2 301 600        | 4 401 600        | 4 109 989        | 3 010 650        |
| Avdrag på lån                                 | 3 900 000        | 3 700 000        | 3 652 089        | 3 355 000        |
| <b>Netto finansinntekter/-utgifter</b>        | <b>3 937 100</b> | <b>5 939 100</b> | <b>4 458 294</b> | <b>4 066 424</b> |

**AVSETNINGER OG BRUK AV AVSETNINGER**

|  |                |                |                  |                  |
|--|----------------|----------------|------------------|------------------|
| Til dekking av tidligere års underskot     | 0              | 0              |                  | 42 893           |
| Til ubundne avsetninger                    | 2 430 000      | 2 430 000      | 8 444 686        | 12 068 764       |
| Til bundne avsetninger                     | 0              | 0              | 440 000          | 1 853 658        |
| Bruk av tidlegare års rekneskapsmessige ov | 0              |                | -2 280 640       | -3 060 448       |
| Bruk av ubundne avsetninger                | -1 856 000     | -1 834 000     | -3 614 177       | -2 599 869       |
| Bruk av bundne avsetninger                 | 0              |                | -667 491         |                  |
| <b>Netto avsetninger</b>                   | <b>574 000</b> | <b>596 000</b> | <b>2 322 378</b> | <b>8 304 998</b> |

**FORDELING**

|                                       |                     |                    |                    |                    |
|---------------------------------------|---------------------|--------------------|--------------------|--------------------|
| Overført til investeringsregnskapet   | 1 340 000           | 2 439 000          | 5 777 996          | 8 754 969          |
| <b>Til fordeling drift</b>            | <b>-100 338 900</b> | <b>-90 515 900</b> | <b>-84 678 949</b> | <b>-72 829 583</b> |
| Sum fordelt til drift (fra skjema 1B) | 100 338 900         | 90 515 900         | 83 171 049         | 70 385 143         |
| <b>Merforbruk/mindreforbruk = 0</b>   | <b>0</b>            | <b>0</b>           | <b>-1 507 900</b>  | <b>-2 444 440</b>  |

**Budsjettskjema 1B**

|                       |             |             |             |             |
|-----------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| <b>Fordelt til;</b>   |             |             |             |             |
| Folkevalte organ:     | 1 928 500   | 1 782 500   | 1 869 382   | 1 741 250   |
| Administrasjon:       | 11 331 700  | 10 953 200  | 10 475 199  | 9 063 104   |
| Barnehage:            | 3 486 300   | 3 706 700   | 3 836 808   | 2 905 256   |
| Skule:                | 32 632 100  | 30 626 700  | 29 638 445  | 26 220 860  |
| Helse:                | 8 029 600   | 7 112 100   | 4 590 605   | 3 798 363   |
| Sosial- og barnevern: | 4 980 300   | 4 471 900   | 3 467 382   | 3 465 606   |
| Pleie- og omsorg      | 32 862 600  | 30 061 300  | 29 999 288  | 26 232 714  |
| Kultur:               | 3 891 300   | 3 539 600   | 3 724 087   | 2 286 725   |
| Kyrkja:               | 2 774 000   | 2 700 000   | 2 577 514   | 2 241 964   |
| Teknisk:              | 7 287 700   | 5 915 600   | 7 743 071   | 6 747 291   |
| Andre tenestoområdet: | -8 865 200  | -10 353 700 | -14 750 732 | -14 317 989 |
|                       | 100 338 900 | 90 515 900  | 83 171 049  | 70 385 143  |

FØLGJANDE ER LAGT INN I INVESTERINGSBUDSJETTET FOR 2010;

**ØKONOMISK OVERSIKT - INVESTERING**

| Økonomisk oversikt - investering                | Budsjett 2010      | Justert<br>Budsjett 2009 | Opphavleg<br>Budsjett 2009 | Rekneskap<br>2008  |
|---|--------------------|--------------------------|----------------------------|--------------------|
| <b>INVESTERINGSINNTEKTER</b>                    |                    |                          |                            |                    |
| LN 03 Sal av driftsmidler og fast eiendom       | 0                  | -2 850 000               | 0                          | -170 000           |
| LN 04 Andre salsinntekter                       | 0                  | 0                        | 0                          | 0                  |
| LN 06 Statlege overføringa                      | 0                  | -1 500 000               | -1 250 000                 | -200 000           |
| LN 07 Andre overføringa                         | -1 500 000         | -1 945 000               | 0                          | -2 003 165         |
| LN 08 Renteinntekter                            | 0                  | 0                        | 0                          | 0                  |
| <b>LN 09 Sum inntekter</b>                      | <b>-1 500 000</b>  | <b>-6 295 000</b>        | <b>-1 250 000</b>          | <b>-2 373 165</b>  |
| <b>INVESTERINGSUTGIFTER</b>                     |                    |                          |                            |                    |
| LN 11 Lønsutgifter                              | 0                  | 0                        | 0                          | 5 059              |
| LN 12 Sosiale utgifter                          | 0                  | 0                        | 0                          | 0                  |
| LN 13 Varer og tenester i kommunal eigenprod.   | 11 110 000         | 29 346 000               | 11 340 000                 | 8 771 085          |
| LN 14 Kjøp av tenester som erstattar eigenprod. | 0                  | 60 000                   |                            | 2 785              |
| LN 15 Overføringa                               | 1 340 000          | 3 184 000                | 2 835 000                  | 1 038 050          |
| LN 16 Renteutgifter og omkostningar             | 0                  | 0                        | 0                          | 0                  |
| <b>LN 18 Sum utgifter</b>                       | <b>12 450 000</b>  | <b>32 590 000</b>        | <b>14 175 000</b>          | <b>9 816 979</b>   |
| <b>FINANSUTGIFTER</b>                           |                    |                          |                            |                    |
| LN 20 Avdragsutgifter                           | 0                  | 0                        | 0                          | 200 000            |
| LN 21 Utlån                                     | 500 000            | 2 000 000                | 0                          | 700 000            |
| LN 22 Kjøp av aksjar og andelar                 | 250 000            | 250 000                  | 250 000                    | 233 644            |
| LN 23 dekning av tidl.års udekka                | 0                  | 1 010 000                | 0                          | 2 260 570          |
| LN 24 Avsetjing fond                            | 0                  | 0                        | 0                          | 7 993 031          |
| LN 25 Avsetninger til likv.reserve              | 0                  | 0                        | 0                          | 0                  |
| <b>LN 26 Sum finanstransaksjoner</b>            | <b>750 000</b>     | <b>3 260 000</b>         | <b>250 000</b>             | <b>11 387 245</b>  |
| <b>LN 27 Finanseringsbehov</b>                  | <b>11 700 000</b>  | <b>29 555 000</b>        | <b>13 175 000</b>          | <b>18 831 059</b>  |
| <b>FINANSIERING</b>                             |                    |                          |                            |                    |
| LN 29 Bruk av lån                               | -4 700 000         | -11 850 000              | -3 850 000                 | 0                  |
| LN 30 Mottekne avdrag på utlån                  | 0                  | 0                        | 0                          | -94 006            |
| LN 32 Overføring frå driftsrekneskapen          | -1 340 000         | -6 209 000               | -2 439 000                 | -5 777 996         |
| LN 33 Bruk av disposisjonsfond                  | -5 660 000         | -11 496 000              | -6 886 000                 | -3 847 662         |
| LN 36 bruk av likv.res                          | 0                  | 0                        | 0                          | -7 993 031         |
| <b>LN 37 Sum finansiering</b>                   | <b>-11 700 000</b> | <b>-29 555 000</b>       | <b>-13 175 000</b>         | <b>-17 712 695</b> |
| <b>LN 38 Udekket/udisponert</b>                 | <b>0</b>           | <b>0</b>                 | <b>0</b>                   | <b>1 118 364</b>   |

**Rekneskapsskjema 2A**

|                                 | Budsjett 2010     |
|---------------------------------|-------------------|
| <b>FINANSIERINGSBEHOV</b>       |                   |
| Investering i anleggsmidler     | 12 450 000        |
| Utlån og forskoteringar         | 500 000           |
| Avsetjingar                     | 250 000           |
| <b>Årets finansieringsbehov</b> | <b>13 200 000</b> |

**FINANSIERING**

|                                 |                    |
|---------------------------------|--------------------|
| Bruk av lånemidlar              | -4 700 000         |
| Andre inntekter                 | -1 500 000         |
| <b>Sum ekstern finansiering</b> | <b>-6 200 000</b>  |
| Overført frå driftsrekneskapen  | -1 340 000         |
| Bruk av avsetjingar             | -5 660 000         |
| <b>Sum finansiering</b>         | <b>-13 200 000</b> |
| <b>Udekket/udisponert = 0</b>   | <b>0</b>           |

## Rekneskapskjema 2B

### Investeringsprosjekt;

|  |                   |
|--|-------------------|
| EDB - felles                                 | 2 500 000         |
| EDB - skule                                  | 500 000           |
| Sjueheimen                                   | 200 000           |
| Utleigebustadar Hosteland                    | 3 000 000         |
| Gjennomgangsbustadar                         | 3 000 000         |
| Kommunale vegar                              | 500 000           |
| Bustadfelt - tilrettelegging                 | 500 000           |
| Avlaup                                       | 250 000           |
| Vassforsyning                                | 2 000 000         |
| <b>Summering investering i anleggsmidlar</b> | <b>12 450 000</b> |

## VURDERING

Driftsbudsjettet 2010 er basert på ei vidareføring av 2009 nivå på tenestene, med nokre mindre nye tiltak og auke i nivå på tiltak – m.a. basert på vedtak i løpet av 2009.

Viktig del av justeringane inneber budsjettet justering av årets (sentrale og lokale) lønsoppgjær. Ein del innspel om auke i driftsnivå er ikkje teke høgde for, og er i liten grad omtalt i materiell utdelt 3.11., men er forhold vi kjem attende til med konkrete saker utover på nyåret.

Det er lagt inn **2,5% i lønsvekst** pr. teneste. Ut i frå framlagde statsbudsjett for 2010 er nok dette lågt, men i samsvar med rammesaka. Det er difor sett av ein fellespott til lønsauke med 600.000 utover det som er innarbeidd av forventa lønsauke pr. teneste. Noko som tilseier at vi skal ha dekning på lønssida i 2010 budsjettet.

**For liten auke i frie inntekter til å dekkje løns- og prisvekst**, samt signal og ønskjer frå regjeringa si side om kommunale satsingar inn helse (samordningsreformen), skule, barnvern etc. som ein del av tildelte rammetilskot. Framstillinga i statsbudsjett og pressemeldingar skapar urealistiske forventningar, som kommunane i liten grad kan make å innfri. I tillegg står ein overfor endringar i ordninga med **momskompensasjon**, kor kompensasjon gitt til investeringar gradvis skal inntektsførast i investeringsrekneskapen (mot tidlegare i drift) – ei tilpassing som Masfjorden har gjennomført 100% i mange år. Elles utfordringar kring **pensjon – med framskriving av vesentleg del av pensjonskostnaden**, gjennom inntektsføring av premieavvik over ei rekkje år – og kor utgiftsføringa kjem for fullt i åra framover. + **forventa renteutvikling**, auke i renta – dvs. høgare rentekostnad som statsbudsjettet ikkje tek høgde for.

**Kraftprisen** har falt kraftig i løpet av 2009, frå eit toppnivå på 60 øre og til langt ned på 20-talet, ligg no på nedre del av 30-talet, øre/KWh. Dette er alvorleg for totaløkonomien til kommunen. På kort sikt merkar ein dette på konsesjonskrafta. Ut i frå rammesaka, vil inntekta

her gå ned 3-4 mill.kr. Budsjettet er justert ned med 1 mill.kr. i høve rammesaka. Eigedomsskatten er auka opp tilsvarende. Konesjonskraftinntekt budsjettert etter faktisk forbruk siste år – rundt 29,8 GWh. Dersom forbruket har teke seg opp siste år, kan konesjonskrafta gje ei høgare inntekt enn det som er lagt inn i budsjettet. Budsjettet er basert på eit forbruk i Masfjorden på 30 GWh.

Vidare hadde vi bortfall av selskapsskatten i 2009, og summen av desse forholda har gjort arbeidet med å leggje budsjett for 2010 har vorte tyngre enn forventa ut i frå rammesaka og budsjettkladd ut i frå framskriving av 2009 budsjettet, kombinert med vedtak og stillingsauke i løpet av 2009. På utgiftssida skuldast dette primært ein kraftig lønsvekst gjennom årets lønsoppgjjer. Budsjettbalansen har likevel gått greitt utan at det er gjort så store inngrep i dei budsjettframlegg driftseiningane fremja pr. 1.september.

For driftsbudsjettet har ein som mål i økonomiplanperioden å budsjettere med eit netto driftsresultat frå lik eller høgare enn 3% som nødvendig eigenkapital til investeringane. Framlagde budsjett ligg på 1,3% i netto driftsresultat. Skal ein nå målet om 3%, må utgiftene reduserast med 2.3-2.4 mill.kr. og/eller inntektene aukast.

For investeringsbudsjettet ønskjer ein at det vert fatta eit prinsippvedtak om tak for eigen finansiering for kvart år i økonomiplanen:

Maks låneopptak lik sum årlege låneavdrag i driftsbudsjettet  
+ frigjorde midlar frå drift til investering og fondsmidlar  
+ eksterne midlar/tilskot

Slik budsjett no ligg føre, ligg bruk av lån inne med 4,7 mill.kr., mot avdrag og utlån utgjer 4,4 mill.kr., slik at ideelt bør lånesummen reduserast med 300.000,-.

## KONKLUSJON

Rådmannen har no klart eit budsjett i balanse. Med negativt brutto driftsresultat på 1,3 mill.kr., og netto driftsresultat på 1,9 mill.kr. i pluss.

I høve til rammesaka som bygde på Kommuneprp. frå mai, vart føresetnadene endra til det betre i høve til statsbudsjettet, ved at vi legg oss på gjennomsnittveksten for kommunesektoren i frie inntekter. På den andre sida gjer kraftprisen at totalbilde vert snudd til ein negativt totalbilde, noko hovudoversikt drift syner – minimal auke i inntektene og markant auke i driftsutgiftene, gjer at netto driftsresultat berre er i pluss med 500.000 og difor langt unna målet om 3% i netto driftsresultat. Budsjettframlegget er grundig gjennomarbeid og er realistisk – oppdatert med lønsdata pr. oktober 2009. Budsjettet vidarefører 2009 drifta og for ei rekkje områder faktisk styrker tenestetilbodet innafør både sentrale og lokale prioriteringar.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

| SAKSGANG       |            |        |                   |
|----------------|------------|--------|-------------------|
| Politisk organ | Møtedato   | Saksnr | Sakshands.        |
| Kommunestyret  | 08.12.2009 | 099/09 | Gerd Allis Håheim |

  

|           |                     |
|-----------|---------------------|
| Arkiv: N- | Arkivsaknr.: 09/826 |
|-----------|---------------------|

### 099/100 DELEGERTE VEDTAK

**DRÅD. 005/09: Oppgradering av økonomisystemet - nytt økonomi- og personalsystem - val av leverandør**

#### **DELEGERT VEDTAK:**

Masfjorden kommune vel Visma Unique som ny leverandør av økonomi – løn og personalsystem.

#### **Finansiering**

500.000 i lån og 1 mill.kr. i fondsmidler, innarbeidd i 2010 budsjettet

#### **Heimel**

##### **KS-078/09 VEDTAK :**

Det vert sett av inntil 1,5 mill.kr. netto i 2010 investeringsbudsjettet til nytt økonomi, løn og personalsystem.

Investeringane må legges til rette for at systemet må kunna nyttast i samarbeid med **nabokommunar.**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Delegerte saker vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

#### **KS-099/09 VEDTAK :**

Delegerte saker vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

#### **Det skjedde i Kommunestyret den 08.12.2009:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

| SAKSGANG       |            |        |            |
|----------------|------------|--------|------------|
| Politisk organ | Møtedato   | Saksnr | Sakshands. |
| Kommunestyret  | 08.12.2009 | 100/09 | Alf Strand |

|             |                     |
|-------------|---------------------|
| Arkiv: N-25 | Arkivsaknr.: 06/422 |
|-------------|---------------------|

### SAK 100/99 - MASFJORDEN GARDS- OG ÆTTESØGE (MASFJORDBOKA) PÅ INTERNETT

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Masfjordboka blir tilrettelagt og gjort tilgjengelig for heimesida til kommunen som ein integrert del av denne.

#### **Finansiering**

Rådmannen vurderer behovet for finansiering og kjem i tilfelle attende til saka i samband med saldering av budsjettet.

#### **Heimel**

### **KS-100/09 VEDTAK:**

Masfjordboka blir tilrettelagt og gjort tilgjengelig for heimesida til kommunen som ein integrert del av denne.

#### **Finansiering**

Rådmannen vurderer behovet for finansiering og kjem i tilfelle attende til saka i samband med saldering av budsjettet.

#### **Det skjedde i Kommunestyret den 08.12.2009:**

Rådgevar Alf Strand orienterte.

Kommunestyret gav uttrykk for at dette var ein kjempegod ide.

#### **Røysting:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.



## SAKSTILFANG:

| Nr | T | Brevdato   | Avsender/Mottakar | Tittel                                    |
|----|---|------------|-------------------|---|
| 1  | I | 14.03.2007 | Per Rønneberg     | Digitalisering av bygdebok for Masfjorden |

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Bokversjonen av Masfjordboka gards- og ættesoge er utseld, det er heller ikkje aktuelt å trykka opp nye versjonar av kostnadsmessige grunnar. Det er likevel slik at det framleis er etterspurnad og interesse for gards- og ættesoga.

Masfjorden kommune har den digitale utgåva av Masfjordboka tilgjengeleg slik den ligg føre i bokversjonen Masfjordboka Band I og II frå 1995. Tekst og foto ligg i separate filer.

### Fakta

Den digitale versjonen slik den ligg lagra i databasen til kommunen, er tilgjengeleg i Word-filer og med separate og tilhøyrande fotofiler. Den delen som ikkje er digitalisert, er det alfabetiske personregisteret bak i Masfjordboka del II. Ved å skanna desse sidene vil ein relativt enkelt også kunne digitalisera desse sidene i Adobe Prof. sitt OCR tekstrekognoserings-program.

Når Masfjordboka alt er digitalisert, vil det vera ein relativt enkel prosess å konvertera sidene slik at dei kan leggest ut på internett i html-format.

Det som vil krevja ein del arbeid er omredigering av sidene, samt at fotografia og eventuelt nye må leggest inn på nytt.

Tilrettelegging og omredigering for heimesida kan gjerast på følgjande måte:

Det kan opprettast ei hovudsida for Masfjordboka integrert i malen til Masfjorden si heimesida. Her vil ein raskt få opp innhaldsoversikt, med dokumentinndeling etter gardsnummer, om lag 60 lenker eller menyar som ein kan lenke opp frå hovudsida. I tillegg kjem innleiingskapitla og namneregister. Namneregisteret vil da vera ei oversikt over namn ein kan søke på i søkemotoren. I høve til bokversjonen må ein redigere vekk sidetal i både innhaldsregister og namneregistert, da ein ikkje opererer med sidetal i html-dokument.

Det betyr at ein vil kunne lenke opp alle gardsnummer på hovudsida samt etablere ein eigen søkemotor for Masfjordboka som er separert frå dei andre nettsidene til kommunen. I denne søkefunksjonen vil ein kunne søke opp namn og andre opplysningar.

Ein viktig føremun med å gjera Masfjordboka tilgjengeleg på heimesida er at den kan gjerast delvis interaktiv. Publikum eller brukaren får oppgjeve ei e-postadresse der dei kan melde inn feil eller oppdateringar til Masfjordboka. Slik kan brukaren eller publikum sjølv bli ein aktiv bidragsytar til å halda Masfjordboka mest mogeleg oppdatert. Ein fagperson bør da peikast ut til å dobbeltsjekke og kontrollere at opplysningane er korrekte før dei blir publisert av den Web-ansvarlege.

Det vil vera mogeleg å få på publisert ei komplett nettutgåve på 1 – 2 mnd om ein ikkje møter på uføresette vanskar.

### **Vurderingar**

Dersom kommunen vil ta betalt for tilgang til den elektroniske Masfjordboka, er det mogeleg å sperre tilgangen med passord. Det må da opprettast ei introduksjonsside der ein melder inn til ei e-postadresse at ein ynskjer tilgang. Brukaren vil da få oppgjewe eit passord, og vedkomande får fakturert eit mindre gebyr for tilgang til tenesta.

Ein slik funksjon vil krevja noko ekstra administrative ressursar, samstundes som sida vil bli noko meir krevjande å administrera. Eg vil ikkje tilrå ei slik løysing, men det er mogeleg. Ein må også ha i mente at det innsamla materialet etter kvart er 15 år gamalt.

### **Konklusjon**

Masfjordboka blir tilrettelagt og gjort tilgjengleg for heimesida til kommunen som ein integrert del av denne.

Den Web-ansvarlege vert delvis fristilt av rådmannen til å fullføra prosjektet. Ein må også kalkulera eventuelt meirarbeid som følgje av oppdatering og korrigering. Dersom det blir stort påtrykk på dette så må det fortløpande vurderast av rådmannen i høve til stillingsinnhald. Rådmannen peikar også ut den fagansvarlege for oppdatering av innhaldet.

Masfjordboka sitt innhald må vera søkbart både for intern og ekstern søkemotor.

Rådmannen får fullmakt til å ta kontakt med ekstern konsulent for å samle og oppdatere den eksisterande informasjonen i Masfjordboka. Dersom det trengst ekstra midlar til dette, må det godkjennast av formannskapet.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

| SAKSGANG       |            |        |               |
|----------------|------------|--------|---------------|
| Politisk organ | Møtedato   | Saksnr | Sakshands.    |
| Kommunestyret  | 08.12.2009 | 101/09 | Lovisa Midtbø |

|              |                     |
|--------------|---------------------|
| Arkiv: N-022 | Arkivsaknr.: 09/830 |
|--------------|---------------------|

### SAK - VAL AV FUNGERANDE VARAORDFØRAR I ORDFØRAREN SIN SJUKEMELDINGSPERIODE

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram for kommunestyret utan framlegg til vedtak.

#### Finansiering

#### Heimel

#### **KS-101/09 VEDTAK:**

Dina Dyrhovden er valt til ny fungerande varaordfører i perioden som ordfører Håkon Matre er sjukemeldt.

#### **Det skjedde i Kommunestyret den 08.12.2009:**

Fungerande ordfører Kari Skår Sørheim orienterte om at det etter kommunelova må veljast ny fungerande varaordfører i perioden som ordfører Håkon Matre er sjukemeldt. Valet skal vera skriftleg.

Erlend Kvamsdal, FrP, gjorde framlegg om Willy Borge.

Laila Solhaug Reknes, Ap, gjorde framlegg om Dina Dyrhovden.

Oppteljinga synte at Dina Dyrhovden fekk 11 røyster og Willy Borge fekk 5 røyster.

**Dina Dyrhovden er dermed valt som ny fungerande varaordførar i perioden som ordførar Håkon Matre er sjukmeldt.**

Dina Dyrhovden takka for tilliten.

## SAKSTILFANG:

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Ordførar Håkon Matre er sjukmeld og vil vera borte frå vervet sitt ei tid. I denne perioden fungerer varaordførar Kari Sørheim som ordførar.

Formannskapet har drøfta situasjonen og bed kommunestyret om å ta opp saka om val av fungerande varaordførar i denne perioden, jfr § 9 i Kommuneleva.

§9.2: Trer ordføreren .. midlertidig ut av sitt verv, rykker varaordføreren opp som ordfører ...og det velges midlertidig ny varaordfører”.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

| SAKSGANG       |            |        |               |
|----------------|------------|--------|---------------|
| Politisk organ | Møtedato   | Saksnr | Sakshands.    |
| Kommunestyret  | 08.12.2009 | 102/09 | Lovisa Midtbø |

|                |                     |
|----------------|---------------------|
| Arkiv: N-010.1 | Arkivsaknr.: 09/831 |
|----------------|---------------------|

### SAK - LOKALSAMFUNNSUTVIKLING I MASFJORDEN 2010 - 2012 - HANDLINGSPLAN OG BUDSJETT

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommunestyre har handsama prosjektet Lokalsamfunnsutvikling i Masfjorden for perioden 2010-2012. Kommunestyret ynskjer å prioritera dette arbeidet vidare og legg fylgjande føresetnader til grunn for satsinga:

1. Handlingsplan for 2010 vert godkjent.
2. Prioriterte nærings saker for Masfjorden kommune i 2010 er :
  - Etablering av veksthus i Grøn næringspark Matre
  - Forprosjekt areal for kontor/service/barnehage i kombinasjon med evt fleirbrukshall Hosteland
  - Folkehøgskule på Masfjordnes, arbeida mot avklaring
  - GMU
3. Kommunestyret bed om ein eigen rapport om resultat og status for bustader og bustadtomtar etter satsinga i perioden 2006-2009 i samband med årsmeldinga.
4. Budsjett for 2010 vert godkjent slik det ligg føre med desse endringane:
  - Til forprosjekt areal for kontor/service/barnehage i kombinasjon med evt fleirbrukshall Hosteland vert det avsett kr. 300 000, som vert innarbeidd i investeringsbudsjettet for kommunale bygg i samband med salderinga.
5. Prosjekta som ikkje er fullfinansierte innafor kommunalt budsjett, kan ikkje setjast i verk før endeleg finansiering ligg føre.

#### Finansiering

Innafor vedteke budsjett og ved eksterne midlar etter søknad

#### Heimel

Reglement for Masfjorden kommunestyre § 1



## **KS-102/09 VEDTAK:**

**Masfjorden kommunestyre har handsama prosjektet Lokalsamfunnsutvikling i Masfjorden for perioden 2010-2012. Kommunestyret ynskjer å prioritera dette arbeidet vidare og legg fylgjande føresetnader til grunn for satsinga:**

- 1. Handlingsplan for 2010 vert godkjent.**
- 2. Prioriterte nærings saker for Masfjorden kommune i 2010 er :**
  - **Etablering av veksthus i Grøn næringspark Matre**
  - **Forprosjekt areal for kontor/service/barnehage i kombinasjon med evt fleirbrukshall Hosteland**
  - **Folkehøgskule på Masfjordnes, arbeida mot avklaring**
  - **GMU**
- 3. Kommunestyret bed om ein eigen rapport om resultat og status for bustader og bustadtomtar etter satsinga i perioden 2006-2009 i samband med årsmeldinga.**
- 4. Budsjett for 2010 vert godkjent slik det ligg føre med desse endringane:**
  - **Til forprosjekt areal for kontor/service/barnehage i kombinasjon med evt fleirbrukshall Hosteland vert det avsett kr. 300 000, som vert innarbeidd i investeringsbudsjettet for kommunale bygg i samband med salderinga.**
- 5. Prosjekta som ikkje er fullfinansierte innafor kommunalt budsjett, kan ikkje setjast i verk før endeleg finansiering ligg føre.**

### **Finansiering**

Innafor vedteke budsjett og ved eksterne midlar etter søknad

### **Heimel**

Reglement for Masfjorden kommunestyre § 1

### **Det skjedde i Kommunestyret den 08.12.2009:**

Saka vart drøfta.

Frode Langhelle, leiar i styringsgruppa orienterte frå handlingsplanen til lokalsamfunnsutvikling Masfjorden.

**Bjørn Egil Nordland, Ap**, synte til budsjettet for lokalsamfunnsutvikling og spurde om prosjektstillinga er vidareført som prosjektstilling? Dersom det er tilsetting skulle vel kommunestyret gjort det.

Rådmann Lovisa Midtbø svara at dette er ein fagstilling som er knytt opp til prosjektet. For at me skulle behalda same person i stillinga måtte den gjerast om til fast stilling. Etter reglane i arbeidslivet og når oppgåvene fell vekk vil me kunna gjera ei sakleg oppseiing.

**Vigdis Søvik, Sp**, orienterte om arbeidet i gruppa for Hostelandsområdet og sa at arbeidet med å skaffa areal må koma med i kommuneplanen.

**Marit Steinestø, KrF**, spurde korleis framdrifta med Masfjorden folkehøgskule er og kva tid kan ein begynna å tenkja på andre løysingar på den gamle sjukeheimen?

Fungerande ordførar sa at det er sett av 3 år for å prøva å få folkehøgskulen på plass. Ein har ikkje førebels teke stilling til andre ting, men kommunen og partia vil framleis halda eit sterkt trykk oppe for å få dette til.

Rådmann Lovisa Midtbø sa at i løpet av 2010 må saka tilbake til kommunestyret slik at de blir orientert om status i saka.

**Willy Borge, Frp**, spurde om det mangla eit kulepunkt om avsetting av areal på Hostelands Vest.

Rådmannen synte til handlingsplanen s. 16. det det står om arealbehovet for Hostelands som er tenkt innlemma i kommuneplanen.

### Røysting:

**Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke..**

## SAKSTILFANG:

| Nr | T | Brevdato   | Avsendar/Mottakar | Tittel   |
|----|---|------------|-------------------|--|
| 2  | I | 02.12.2009 | Lovisa Midtbø     | Handlingsplan for utviklingstiltak for 2010  |
| 3  | I | 02.12.2009 | Lovisa Midtbø     | Lokalsamfunnsutvikling Masfjorden - revidert handlingsplan og budsjett 2010 - 2013 |

Referat frå styringsgruppa av 30.11.2009

Lokalsamfunnsutvikling i Masfjorden, Framlegg til handlingsplan 2010

Budsjett 2010-2012

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Dei siste tre åra har Masfjorden kommune hatt stort fokus på prosjektet Lokalsamfunnsutvikling i Masfjorden. Ei styringsgruppe nedsett av kommunestyret og leia av Frode Langhelle har hatt ansvaret for prosjektet. Det er arbeidsgrupper i Matre, Leiar Frode Langhelle, på Sandnes, leiar Kari Skår Sørheim og på Hostelands, leiar Liv Oda Dale. Styringsgruppa si tilråding når det gjeld økonomi, satsingsområde og tiltak for arbeidet i 2010 ligg til grunn for saka og rådmannen



## HØYRING/UTTALE

Handlingsplanen for Lokalsamfunnsutvikling i Masfjorden kommune 2010 er drøfta i dei lokale arbeidsgruppene på Matre, Sandnes og Hosteland. Det er gruppene sine prioriteringar for sine område som er innarbeidde i planen. Referat frå styringsgruppa 30.11.2010. Referatet følger her:

### ***Referat frå møte i politisk styringsgruppe Lokalsamfunnsutvikling Masfjorden 30.11.2009***

*Desse møtte:*

*Frode Langhelle (leiar)*

*Kari Skår Sørheim*

*Vigdis Søyvik*

*Liv Oda Dale*

*Willy Borge*

*Leila Torsvik Andvik*

*Lovisa Midtbø*

*Svein Helge Hofslundsengen*

*Alf Strand*

*Anne Kristin Rafoss (skrivar)*

*Kjersti Furnes Soltvedt*

---

#### *Val av nytt medlem i Sandnesgruppa*

*Kari Skår Sørheim går ut som medlem i Sandnes gruppa. Leiar Frode Langehelle stilte framlegg om at Karstein Totland gjekk inn som nytt medlem i gruppa. Dette vart vedteke.*

#### *Lokalsamfunnsutvikling Sandnes*

*Kari Skår Sørheim orienterte om arbeidet i Sandnesgruppa og gjekk gjennom deira prioriteringar i handlingsplanen. Hovudfokus for 2010 vert på område frå Sandneskaien via badevika og rundt neset. Dette er spegla i budsjettframlegget.*

*Rådmannen orienterte om at rekkehusa som er planlagt på Sandnes er budsjettetert.*

*Hovudfokus no er å sikre at dei midlane som er bevilga til forskjellige prosjekt vert utbetalt. Bør vurdere å lage ein søknad som er i tråd med KrD sine stønadsordningar for lokal tettstadutvikling.*

#### *Lokalsamfunnsutvikling Hosteland*

*Hostelandsgruppa har utarbeida ein handlingsplan der hovudfokus for eige arbeid vert på strekninga frå byggefeltet til butikken inkludert torgplass. Gruppa meiner at eit forprosjekt med tanke på fleirbrukshall bør ha første prioritet i 2010. Gruppa har og kome med innspel til kommuneplanen basert på arbeidet frå Norconsult.*

*Rådmannen er samd med gruppa om at ein ganske umiddelbart må starte arbeidet med eit forprosjekt for fleirbrukshall knytt til skule /helsetunområde. Eit forprosjekt vil bidra til å få fram eit godt beslutningsgrunnlag. Styringsgruppa for pilotprosjektet slutta seg til at arbeidet med eit forprosjekt for fleirbrukshallen må kome i gang.*

#### *Lokalsamfunnsutvikling Matre*

*Frode Langhelle orienterte om kva trivseltiltak som burde prioriterast for 2010 som alle er lista som mindre krevjande tiltak i vedteken handlingsplan. Tiltaka er basert på innsats frå bygdelaget og søknad om nærmiljøanlegg.*

*Rådmannen orienterte om at kommunen kan starte arbeidet med å kjøpe areal som er regulert til bustad. Dette må skje etter klarsignal frå politikarane.*

*Det er berre litt ferdigstillingsarbeidet som står att i Grøn næringspark, Matre og arbeidet i gruppa går nå inn i ein ny fase der næring og marknadsføring har hovudfokus. Ein bør og etablera eit eige forprosjekt på dette.*

#### *Prioriterte nærings saker*

*Ein gjekk gjennom lista over prioriterte nærings saker og lista fekk tilslutnings frå styringsgruppa. Lista vert lagt fram for kommunestyret 8.des. Rådmannen utarbeider deretter ein plan med administrative ressursar.*

#### *Prioriterte nærings saker:*

|  |  |
|--|--|
| <i>Veksthus i Matre</i>                          | <i>Samarbeid, GMU, Mongstad nærings hage, eksisterande næringsliv, private investorar. Bør ha forprosjekt.</i>   |
| <i>Folkehøgskule på Sandes</i>                   | <i>Press på denne saka, men bør setja ei frist for kor lenge vi satsar på dette, og startar med andre satsingar.</i>   |
| <i>Forprosjekt kontorareal/service Nordbygda</i> | <i>Forprosjekt, behov og synergieffektar i høve til dei aktørane som no er ute etter lokaler. Samlokalisering med evt fleirbrukshall må utgreiast. Må skje svært hurtig.</i> |
| <i>Industriutvikling / GMU</i>                   | <i>Me må vere målretta og støtta industriutvikling i Sløvåg utan å missa fokus på tiltak som GMU kan og bør kanalisert til Masfjorden</i>                                    |

*Handlingsplan og budsjett vert etter dette lagt fram for kommunestyret.*

## FAKTA/VURDERINGAR

Til grunn for rådmannen si innstilling i saka ligg vedtak frå styringsgruppa, sjå referat frå møtet 30.11.2010. Saksutgreiinga frå rådmannen vil gje utvida faktabakgrunn til nokre av punkta frå styringsgruppa og i tillegg koma med ein del vurderingar.

### **Folketalsutvikling og bustader.**

I perioden 2006-2009 har kommunen hatt ei aktiv satsing på å leggja til rette for bustadbygging. Dette var først eit av satsingsområda i IStatistikken viser vekst i privat bustadbygging i Masfjorden. I tillegg er kommunen i ferd med å etablera fleire utleigebustader både i kommunal regi på Hosteland og Sandnes og i samarbeid med HI, BKK og Statsbygg på Matre. Rådmannen meiner at dette har vore ei vellukka satsing. Men det har kosta mykje, og det er viktig å ha ei god evaluering og resultatvurdering av satsinga, ikkje minst sett i lys av dei økonomiske rammene kommunen får i åra som kjem. For å leggja grunnlaget for eit berekraftig kommunalt engasjement på dette området vidare, vil rådmannen rå kommunestyret til å gjennomføra ei slik vurdering i samband med årsmeldinga for 2009. Rådmannen har derfor gjort framlegg om at kommunestyret vedtar følgjande:

- 5. Kommunestyret bed om ein eigen rapport om resultat og status for bustader og bustadtomtar etter satsinga i perioden 2006-2009 i samband med årsmeldinga.**

### **Nærings saker.**

Erfaringane frå pilotprosjektet viser etter rådmannen si meining at det er viktig å prioritera nærings sakene som kjem opp og så langt råd er få profesjonelle næringsinteresser til å arbeida vidare med desse sakene. Dersom kommunen skal medverka til at Masfjorden næringsforum

skal bli ein utviklingsaktør, bør vi bruka næringsforumet aktivt. Det viktigast er å mobilisera investorar og næringsdrivande som er interessert i å gå inn i gjennomføringa av tiltaket. Det er vanskeleg for arbeidsgrupper samansett av politikarar og bygdefolk å få god framdrift i slike saker, rett og slett fordi ein ikkje kan vedta næringsutvikling og etableringar når det er private som må eiga, driva og dermed ta risikoen ved tiltaket. Økonomisk berekraft vil dermed vera avgjerande for å lukkast.

Arbeidet i dei ulike arbeidsgruppene har hatt ulikt nivå på samarbeidet med næringslivet. Matregruppa utmerkar seg med tett samarbeid med bedriftene på Matre. Dette er mogleg fordi det er store bedrifter lokalisert der. Hostelandsgruppa har etablert kontakt med GMU v/dagleg leiar for å få fagleg hjelp til vidare vurderingar og arbeid. Sandnesgruppa har i utgangspunktet ingen sterke næringsaktørar på staden, men har kome opp med fleire initiativ for å bevare det tilbodet ein har og leggja til rette for nyetableringar. Både på Sandnes og på Hosteland er det viktig å medverka til samarbeid mellom dei næringsdrivande ein har, og areal og planar som gjer det mogleg å etablere bedrifter/servicetilbod. Begge gruppene har kome med innspel til kommuneplanarbeidet.

Masfjorden kommune har underteikna partnerskapsavtale med Hordaland fylkeskommune om næringsarbeid. Ass rådmann Svein Helge Hofslundsengen har gjennomført sertifisering for etablerarrettleggjeing hausten 2009 ved Høgskolen i Bergen, m a saman med dagleg leiar im GMU. Kommunen må leggja vekt på å profesjonalisera arbeidet vårt med næringsutvikling, og søkja eit forpliktande samarbeid med næringsforumet og GMU og private næringsaktørar. Rådmannen har følgjande tilrådingar til organisering av styringsgruppa sine prioriterte næringsaker:

#### **PRIORITERTE NÆRINGSSAKER 2010:**

|  |   |
|--|---|
| <p><b>Veksthus i Matre</b></p>         | <p><b>For å utnytta potensialet for nye næringsetableringar i Grøn næringspark Matre er det viktig å få opp eit veksthus for nyetablerarar og mindre bedrifter. For å realisera eit slikt bygg må kommunen søkja samarbeid med GMU, Mongstad næringshage, Masfjorden næringsforum, eksisterande næringsliv og private investorar. Første steg er å etablere eit forprosjekt. Dette arbeidet vil ha god samanheng med GMU sine prioriteringar i forretningsplanen som kommunestyret også handsamar i dette møtet. Rådmannen meiner det er viktig at Masfjorden kommune sjølv kjører fram saker som ein har på prioriteringslista .</b></p> <p><b>Tilråding: Kommunen tar initiativet til etablering av eit forprosjekt for å klarleggja moglege behov, finansiering og samarbeidspartar. Prosjektleiar frå kommunen eller frå private aktørar, etter avtale med samarbeidspartane.</b></p> |
| <p><b>Folkehøgskule på Sandnes</b></p> | <p><b>Masfjorden kommune må arbeida målretta for folkehøgskulen og for å få ei avklaring på denne saka som gjer at ein eventuelt kan arbeida vidare mot andre løysingar for bygningsmassen.</b></p>   |

|  |   |
|--|---|
|  | <p><b>Tilråding: Ordføreren leier eit politisk arbeid fram til avklaring.</b></p>   |
| <p><b>Forprosjekt kontorareal/service/fleirbrukshall Nordbygda</b></p> | <p><b>Det er no auka arealbehov for fleire kommunale tenester, barnehagen er full og har venteliste og garderobane på skulen treng stor opprusting. Det er ikkje gjort heilskaplege vurderingar for å utvikla samla løysingar. Styringsgruppa ynskjer eit forprosjekt for å kartleggja og kostnadsvurdera ulike løysingar på desse utfordringane. Forprosjektet må avklara behov og synergieffektar i høve til dei aktørane som no er ute etter lokaler. Samlokalisering med evt fleirbrukshall må utgreiast. På grunn av presserande behov for avklaring må dette arbeidet skje svært hurtig.</b></p> <p><b>Tilråding: Forprosjekt blir etablert med kommunal prosjektleiar. Tiltaket krev nært samarbeid med kommunale tenester og brukarar av desse, idrettsaktørane og andre som søker lokale i området ved skulen/ dei offentlege tenestene.</b></p> |
| <p><b>GMU</b></p>  | <p><b>GMU må vera eit prioritert verkemiddel for industri og næringsutvikling. Kommunen må vera målretta og aktiv eigar og støtta industriutvikling i Sløvåg utan å missa fokus på tiltak som GMU kan og bør støtta og kanalisera til Masfjorden</b></p> <p><b>Tilråding: Masfjorden kommunestyre / kraftfondsstyret må vera aktivt interessert og informert om GMU sine utfordringar og prioriteringar. Ein bør årleg innby styreleiar/dagleg leiar til å orientera i kommunestyret og spela inn strategiar og konkrete tiltak frå Masfjorden. Rådmannen vil leggja opp til nært samarbeid om nærings saker med administrasjonen i GMU, slik at gjensidig informasjonsflyt kan betrast.</b></p>  |

### Samferdsle

Samferdslesaker er viktige for lokalsamfunnet i Masfjorden. Lista over tiltak og behov på dette området er lang, bru over Masfjorden, gratisferje, ferdigstilling av E 39 gjennom Masfjorden, gul stripe på R570, veglys, busstopp, fotgjengarfelt og opprusting av vegstrekker. Som ein ser av handlingsplanen styringsgruppa gjer framlegg om, vil arbeidsgruppene sjølv ta opp nokre slike spørsmål med vegvesenet og legg til grunn at kommunen følgjer opp desse sakene. Det er viktig at kommunen prioriterer dette, for det betyr mykje for innbyggjarane.

Det er utarbeidd budsjett for 2010. Budsjett for 2011 og 2012 er ikkje konkret vurdert, men viser at kommunen ynskjer å halda oppe nivået og satsa på lokalsamfunnsutvikling som prosjekt i tre år til.

Budsjettet er sett opp slik at det synleggjer kva vi har intern finansiering på innafor vedtekne rammer og kva finansieringsmanko vi har. Vi har fått høve til å senda ein samla søknad til fylkeskommunen for dei neste tre åra, og har grunn til å rekna med at vi vil få støtte. Vi kan ikkje sei noko om storleiken før søknadene er handsama. Rådmannen meiner at vi no har mange konkrete tiltak på gang, og at vi må intensivera arbeidet med å søkja ekstern finansiering av ulike tiltak. Vi har dei siste åra vore aktive søkjarar på kulturområdet og fått ein del tilskot der.

### **Kommentarar til årsbudsjettet 2010**

**Ungdom og kultur** - ligg på same nivå med intern finansiering.

**Lokalsamfunnsutvikling Matre**- her er det berre satsing på veksthus i Grøn næringspark og marknadsføring av både tomtar og deltaking i veksthuset som ligg inne. Dette er førebels ikkje finansiert, men er eit godt tiltak å søkja ekstern finansiering på.

**Samferdsle Matre** – summen gjeld administrativt arbeid knytt opp til planarbeid og samarbeid med vegvesenet om ferdigstilling E39

**Lokalsamfunnsutvikling Sandnes/Sørsida**- Bygging av utleigebustader er synleggjort her. Det er finansiert. Sandnes har og lagt inn kr 200 000 til gjennomføring av ulike tiltak . Denne summen er ikkje finansiert innafor vedteke budsjett, men det er realistisk å få eksterne tilskot til nærmiljøanlegg/badeplass og kommunen bør også støtta desse opprustingstiltaka. Det er lagt inn kr 500 000 til næringsutvikling Sandnes. Sandnes er den staden i kommunen som over tid har tapt flest arbeidsplassar og har størst behov for at kommunen kjem på banen med aktiv stimulering av næringstiltak. Rådmannen meiner det også her kan utviklast eit prosjekt som eignar seg for ekstern støtte. Det er ynskjeleg at spørsmålet om etablering av folkehøgskule blir avklart før ein arbeider vidare med andre konkrete tiltak.

**Lokalsamfunnsutvikling Nordbygda/Hosteland** – Her ligg det inne kr 300 000 til forprosjekt og kr 100 000 til gjennomføring av tiltak. Vi har ikkje finansiering på dette. Tiltaka som handlingsplanen skiserrer er viktige, og rådmannen meiner det er realistisk å få på plass midlar til dette både frå interne og eksterne kjelder. Rådmannen meiner forprosjektet som styringsgruppa har tilrådd for å få fram eit heilskapleg beslutningsgrunnlag for kontorareal/service/ fleirbrukshall i Nordbygda er så viktig at prosjektet bør finansierast internt i samband med kommunebudsjettet 2010. Rådmannen har derfor følgjande framlegg til vedtak:

#### **4. Budsjett for 2010 vert godkjent slik det ligg føre med desse endringane:**

- **Til forprosjekt areal for kontor/service/barnehage i kombinasjon med evt fleirbrukshall Hosteland vert det avsett kr. 300 000, som vert innarbeidd i investeringsbudsjettet for kommunale bygg i samband med salderinga.**

Oppsettet i dette budsjettet viser at kommunen satsar mykje på prosjektet utvikling av lokalsamfunnet. Rådmannen vil streka under at det er finansieringsmankoen som er grunnlaget for å søkja eksterne tilskot. Budsjettet for prosjektet er såleis ikkje meint å vera eit budsjett i ballanse. For å sikra at det ikkje vert sett i verk tiltak ut over vedteke budsjett, har rådmannen følgjande framlegg til vedtak:

#### **5. Prosjekta som ikkje er fullfinansierte innafor kommunalt budsjett, kan ikkje setjast i verk før endeleg finansiering ligg føre.**

## KONKLUSJON

I tråd med styringsgruppa for lokalsamfunnsutvikling i Masfjorden sine tilrådingar har rådmannen følgjande framlegg til vedtak:

**Masfjorden kommunestyre har handsama prosjektet Lokalsamfunnsutvikling i Masfjorden for perioden 2010-2012. Kommunestyret ynskjer å prioritera dette arbeidet vidare og legg fylgjande føresetnader til grunn for satsinga:**

1. **Handlingsplan for 2010 vert godkjent.**
2. **Prioriterte nærings saker for Masfjorden kommune i 2010 er :**
  - **Etablering av veksthus i Grøn næringspark Matre**
  - **Forprosjekt areal for kontor/service/barnehage i kombinasjon med evt fleirbrukshall Hosteland**
  - **Folkehøgskule på Masfjordnes, arbeida mot avklaring**
  - **GMU**
3. **Kommunestyret bed om ein eigen rapport om resultat og status for bustader og bustadtomtar etter satsinga i perioden 2006-2009 i samband med årsmeldinga.**
4. **Budsjett for 2010 vert godkjent slik det ligg føre med desse endringane:**
  - **Til forprosjekt areal for kontor/service/barnehage i kombinasjon med evt fleirbrukshall Hosteland vert det avsett kr. 300 000, som vert innarbeidd i investeringsbudsjettet for kommunale bygg i samband med salderinga.**
5. **Prosjekta som ikkje er fullfinansierte innafor kommunalt budsjett, kan ikkje setjast i verk før endeleg finansiering ligg føre.**

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

| SAKSGANG         |            |        |                            |
|------------------|------------|--------|----------------------------|
| Politisk organ   | Møtedato   | Saksnr | Sakshands.                 |
| Kraftfondsstyret | 08.09.2009 | 010/09 | Svein Helge Hofslundsengen |
| Kommunestyret    | 17.09.2009 | 066/09 | Svein Helge Hofslundsengen |
| Kommunestyret    | 08.12.2009 | 103/09 | Svein Helge Hofslundsengen |

|                |                     |
|----------------|---------------------|
| Arkiv: N-105.1 | Arkivsaknr.: 09/443 |
|----------------|---------------------|

### SAK - GMU A/S - SØKNAD OM DRIFTSTILSKOT FRÅ KRAFTFONDET - 2. HANDSAMING

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune løyver kr. 250.000 i driftstilskot til GMU A/S.

#### Finansiering

posten "andre næringstiltak" i kraftfondsbudsjettet for 2009

#### Heimel

Budsjett 2009 kraftfondet og vedtektene for kraftfondet

#### **KRFT-010/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

Masfjorden kommune løyver kr. 100.000 i driftstilskot til GMU.

#### **Det skjedde i Kraftfondsstyret den 08.09.2009:**

Ordførar som styremedlem i GMU sa seg inhabil i saka, og fekk støtte frå kraftfondstyret kring det. Varaordførar Kari Skår Sørheim ville ha vurdert sin habilitet som vara til styret i GMU. Ho såg seg ikkje som inhabil, noko kraftfondsstyret slutta seg til.

Saka vart deretter grundig drøfta.

Utgangspunkt for tilrådinga var at tilskotet var indirekte innlagt i kraftfondsbudsjettet som andre næringstiltak og at Masfjorden kommune gjekk inn i det nye selskapet.

Selskapet skal i utgangspunktet finansierast med avkastning på innskotne midlar + driftstilskot.

Kva GMU konkret skal arbeide med er ikkje heilt klarlagt enno, forretningsplan og opplegg elles er ikkje klart enno.

SP starta med å foreslå halvering av sum tilskot. AP og FrP var i utgangspunktet innstilt på å gå i mot støtte til GMU. KrF ville gje ei positiv tilbakemelding til GMU ved å fremje forslag om eit tilskot på 100.000,-. Det vart prøvd å komme fram til ei felles tilråding. Resultatet vart at AP/FrP fremja framlegg om å ikkje gje tilskot, mot KrF/SP som ville gje eit tilskot med kr. 100.000,-. Ingen opprettholdt rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**Ved røysting fekk begge framlegga 2 røyster, og framlegget frå Krf/Sp vart vedteke med ordførar si dobbelrøyst.**



**KS-103/09 VEDTAK:**

1. Masfjorden kommune løyver kr. 250.000 i driftstilskot til GMU A/S.
2. Masfjorden kommune forventar at det vert sett fokus på arbeidet med å få etablert eit "Veksthus" i Grøn Næringspark på Matre.

**Det skjedde i Kommunestyret den 08.12.2009:**

Fungerande ordførar Kari Skår Sørheim ba kommunestyret ta stilling til om ho som fungerande ordførar er ugild i denne saka. Ho grunngav dette med at ordførar som er styremedlem i GMU tidlegare har blitt kjent ugild av kommunestyret i saker som vedkjem GMU.

Sørheim gav no ordet til fungerande varaordførar Dina Dyrhovden.

Høgre v/Frode Langhelle sa at ein må halda på den praksisen ein har starta på og meiner difor at fungerande ordførar Kari Skår Sørheim er ugild.

Fleire gav uttrykk for at dei støtta Langhelle i dette.

**Røysting:**

Det vart samrøystes vedteke at fungerande ordførar Kari Skår Sørheim er ugild i denne saka.

**Saka vart drøfta.**

**Willy Borge, Frp**, gav uttrykk for at når han les dokumenta handlar det mest om Sløvåg og det står lite om næringsliv i Masfjorden.

**Laila S. Reknes, Ap**, sa at det som skjer i Sløvåg gjev ringverknader for Masfjorden.

**Ap** gjer slikt framlegg til nytt pkt 2:

- *Masfjorden kommune forventar at det blir sett fokus på arbeidet med å få etablert eit "veksthus" i Grøn Næringspark på Matre.*

**Vigdis Søvik, Sp**, sa at når ein no har no fått forretningsplan er Sp villig til å gå inn med støtte på kr 250.000, men at ein ser på dette som eit eingongstilskot.

**Frode Langhelle, H**, sa at Høgre er positiv til GMU. Masfjorden næringsforum må prøva å ha eit godt samarbeid med GMU. Det er svært viktig at Masfjorden kommune tilrettelegg for næringsliv. Å setja av næringsareal slik at det er klart dersom det kjem aktørar på bana er viktig.

**Leila T. Andvik, V**, støtta rådmannen sitt framlegg om å løyva 250.000 til GMU.

**Vigdis Søvik, Sp**, sa at Senterpartiet ser på dette som eit eingongstilskot.

Ass.rådmann Svein Helge Hofslundsengen bekrefta at dette tilskotet var for 2009.

**Wenke Ekren, H**, spurde om dei 16 mill. som dei har på bok ikkje skal brukast. Ho kommenterte Budsjettposten der det sto om tilskot 1 år, 2. år og 3 år.

Ass. rådmann Svein Helge Hofslundsengen svara:

Det vert fyrst røysta over rådmannen sitt framlegg.

**Røysting:**

**Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke**

**Ap sitt framlegg til nytt pkt 2. vart samrøstes vedteke.**

**KS-066/09 VEDTAK:**

**Masfjorden kommunestyre ser positivt på Gulen og Masfjorden Utvikling AS (GMU) og intensjonen om å skape næringsutvikling i Masfjorden og Gulen.**

**Kommunestyret ynskjer å få saka tilbake når det er klarlagt kva GMU A/S konkret skal arbeide vidare med og forretningsplan og opplegg for selskapet ligg føre.**

**Det skjedde i Kommunestyret den 17.09.2009:**

Ordførar Håkon Matre orienterte om handsaminga av saka i kraftfondsstyret.

Han sa seg ugild i saka sidan han er styremedlem i styret i GMU AS.  
Kommunestyret slutta seg til dette.

Varaordførar Kari Skår Sørheim er varamedlem til styret i GMU AS og vart ikkje vurdert som ugild av kommunestyret.

John Torsvik, H, spurde om han var ugild sidan han er bror til dagleg leiar i selskapet.

Ordførar sa at det er styret i GMU AS som er søkjar av tilskot og ikkje dagleg leiar.

Det vart røysta over dette og Torsvik vart samrøystes kjent gild.

Høgre ba om gruppemøte før behandling av saka.

Møte vart heva.

Etter gruppemøtet var ferdig vart sett att og Matre forlet møtet.

**Varaordførar Kari Skår Sørheim overtok no som setteordførar.**

Saka vart drøfta grundig.

Kjell Løvik, H, sa det er søkt om støtte til drift. Gulen går tilsvarande inn på Gulen sida. Sløvåg er motor i regionen. Viktig å ha ein funksjon som tek seg av næringslivet sine interesser. Høgre går inn for å gje ei hand til næringslivet i Masfjorden.

**Liv Oda Dale, Ap**, sa at Ap ser positivt på GMU og intensjonen til selskapet om å skapa næringsutvikling.

**Framlegg frå AP:**

*Masfjorden kommunestyre ser positivt på Gulen og Masfjorden Utvikling AS (GMU) og intensjonen om å skape næringsutvikling i Masfjorden og Gulen.*

*Kommunestyret ynskjer å få saka tilbake når det er klarlagt kva GMU konkret skal arbeide vidare med og forretningsplan og opplegg for selskapet som ligg føre.*

**Kjell Løvik, H**, sette fram slikt framlegg frå Høgre:

*Høgre støttar administrasjonen sitt framlegg for Kraftfondsstyret med å løyve Kr. 250.000,- i driftstilskot til GMU AS. Masfjorden kommunestyre får attende ein Handlingsplan for arbeidet med næringsarbeid i Masfjorden, deriblant oppgåver for Masfjorden næringsforum.*

Ingen opprettheld framlegget frå kraftfondsstyret.

### **Røysting:**

Det vart fyrst røysta over Ap sitt framlegg.

**Framlegget frå Ap vart vedteke med 8 røyster. (Ap, Sp, Frp.) mot (H, KrF og V)**

## SAKSTILFANG:

| Nr | T | Brevdato   | Avsendar/Mottakar          | Tittel  |
|----|---|------------|----------------------------|---|
| 1  | I | 12.06.2009 | GMU AS v/Torill Størkersen | GMU AS - Søknad om driftstilskot frå kraftfondet                              |
| 3  | U | 25.09.2009 | GMU AS v/Torill Størkersen | Melding om politisk vedtak - GMU AS - Søknad om driftstilskot frå kraftfondet |
| 4  | I | 02.12.2009 | GMU AS v/Torill Størkersen | Forretningsplan for Gulen og Masfjorden Utvikling AS                          |

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Omstrukturering av GMU sommaren 2008, og viser i denne samanheng til vedtak i Kommunestyresak 59/08 av den 19.6.08 og til formannskapsvedtak i sak 60/08 av den 3.7.08;

### **FS-060/08 VEDTAK :**

- 1. Masfjorden kommune overdrar sine 4443 aksjar i Gulen og Masfjorden Utbyggingsselskap AS for kr. 750,- pr. stk. til Wergeland Holding AS.**
- 2. Kjøpesummen skal nyttast til å teikne aksjar i nytt selskap under etablering: Gulen og Masfjorden Utviklingsselskap AS.**

### **Det skjedde i Formannskapet den 03.07.2008:**

Ordførar Håkon Matre orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Formannskapet gav uttrykk for at det var positivt at det no er danna eit offentleg selskap som skal driva med næringsutvikling i Gulen og Masfjorden og ikkje berre i Sløvåg området.

Det er viktig at Masfjorden kommune vert ein leverandør til selskapet slik at det vert næringsutvikling i vår kommune og.

Det vart og snakka om lokalisering av det nye selskapet og at Masfjorden kommune måtte vera offensive å signalisera at Hosteland var ein aktuell stad.

### Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Masfjorden kommune har ikkje teke endeleg stilling til driftstilskot til GMU for 2009 med kr. 250.000,-, då ein har venta på ein søknad frå GMU.

## Eigarsturkur og kapital i "nye" GMU

| Aksjonær                       | Aksjekapital     | Antall aksjer | Pålydende | Emisjonskurs | Overkurs          | Egenkapital       | Eierandel       |
|--------------------------------|------------------|---------------|-----------|--------------|-------------------|-------------------|-----------------|
| Gulen kommune                  | 1 111 000        | 4 444         | 250       | 750          | 2 222 000         | 3 333 000         | 20,67 %         |
| Masfjorden kommune             | 1 110 750        | 4 443         | 250       | 750          | 2 221 500         | 3 332 250         | 20,67 %         |
| SIVA sf.                       | 1 278 250        | 5 113         | 250       | 750          | 2 556 500         | 3 834 750         | 23,78 %         |
| Hordaland fylkeskommune        | 500 000          | 2 000         | 250       | 750          | 1 000 000         | 1 500 000         | 9,30 %          |
| Sogn og Fjordane fylkeskommune | 500 000          | 2 000         | 250       | 750          | 1 000 000         | 1 500 000         | 9,30 %          |
| Rest tilskudd kai              |                  |               |           |              |                   |                   |                 |
| Sogn og Fjordane Fylkeskommune | 875 000          | 3 500         | 250       | 1 000        | 2 625 000         | 3 500 000         | 16,28 %         |
| <b>Sum</b>                     | <b>5 375 000</b> | <b>21 500</b> |           |              | <b>11 625 000</b> | <b>17 000 000</b> | <b>100,00 %</b> |
| Driftstilskot;                 |                  |               |           |              |                   |                   |                 |
| Gulen Kommune                  |                  |               |           |              |                   | 250 000           |                 |
| Masfjorden kommune             |                  |               |           |              |                   | 250 000           |                 |
| Sogn og Fjordane fylkeskommune |                  |               |           |              |                   | 500 000           |                 |
| <b>Sum totalt</b>              |                  |               |           |              |                   | <b>18 000 000</b> |                 |

Som det framgår av tabellen over, er det lagt til grunn 250.000,- i driftstilskot frå Masfjorden kommune. Det er teke høgde for løyvinga i budsjettet for kraftfondet 2009 under posten ”andre næringstiltak”.

## FAKTA

### Søknad om driftstilskot frå Masfjorden kommune.

Gulen og Masfjorden Utvikling AS søker med dette om driftstilskot for tenester selskapet utfører for Masfjorden kommune i høve arbeid med næringsutvikling i kommunen.

Selskapet har som formål å leggje til rette for auka næringsverksemd i kommunane Gulen og Masfjorden, og skal vere ein aktiv pådrivar og koordinator for private aktørar og medvirke til etablering av lønsame arbeidsplassar i distriktet.

Selskapet skal vere ein koordinator for offentlege midlar til næringsarbeid og vere ein pådrivar for at næringslivet får ei god kunnskaps- og teknologisk utvikling. Selskapet kan òg drive med kjøp/ og sal og ha anna verksemd i samband med dette. I tillegg kan Gulen og Masfjorden Utvikling delta i andre selskap med liknande verksemd. Selskapet skal ha eit nært samarbeid med næringsråda i kommunane.

På bakgrunn av dei nemnde formåla, held selskapet på å utarbeide ein forretningsplan som skal ivareta eksterne interessere i selskapet, slik som tenester for Masfjorden kommune.

Det er halde fellesmøte mellom administrativ leiing i Masfjorden kommune og dagleg leiar i Gulen og Masfjorden Utviklingsselskap 2. juni, for å få etablert ei felles forståing for dei oppgåvene som er tiltenkt lagt til Gulen og Masfjorden Utvikling AS.

### **Prioriterte oppgåver lagt til GMU:**

#### **1. Etablerarvegleiing:**

Dagleg leiar har kompetanse i forretningsutvikling og entreprenørskap og har tidlegare jobba med bedriftsrådgeving og etablerarvegleiing i kommunal og interkommunal regi. Dagleg leiar vil også delta på fagkurs i regi av Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune og Innovasjon Norge hausten 2009 for å få siste oppdatert informasjon i høve kommunane i Hordaland. Oppfølging av etablerarer i kommunen vil vere ei oppgåve som Gulen og Masfjorden Utvikling vil kunne bidra med.

#### **2. Rådgjevar i høve søknader til Kraftfondet.**

Dagleg leiar har fått nødvendig opplæring i regelverket for Kraftfondet og vil kunne vere ein rådgjevar og hjelpar i høve dei som ynskjer å søkje fondet. Dette arbeidet vil kunne avlaste sakshandsamar i kommunen. Dagleg leiar i Gulen og Masfjorden Utvikling vil i slike søknadsprosedyrer også kunne jobbe igjennom forretningsidè og forretningsplanen til søkjaren.

#### **3. Sekretær for Masfjorden Næringsforum.**

Dagleg leiar i Gulen og Masfjorden Utvikling vil kunne stille til rådvelde sekretærtjenester for Masfjorden Næringsforum. Tenesta er allereie godt i gong, og styret i Masfjorden Næringsråd har gjennomført styremøter og aktiviteter i arbeidsgruppe, der ein utvida sekretærfunksjon er tilstades. Økonomioversikt og kasserarrolla er tillagt oppgåva. Dagleg leiar vil også fungere som sekretær for Gulen Næringsråd. Det er utarbeida ein samarbeidsplattform for næringsorganisasjonane som ivaretar forventingane til tenestene levert av Gulen og Masfjorden Utvikling.

### **Omorganisering av Gulen og Masfjorden Utvikling AS ("Nye GMU")**

Som eigar av Gulen og Masfjorden Utvikling er dykk kjende med omorganiseringa frå tidlegare Gulen og Masfjorden Utbyggingselskap. Gulen og Masfjorden Utvikling vil ha i ein heilt ny funksjon i det nye selskapet. Selskapet vil arbeide med generell næringsutvikling i begge kommunane og forvaltar ingen industritomtar. Nedanfor syner ei oversikt over dagens fordeling av aksjonæranne som gjekk inn i selskapet ved ekstraordinær generalforsamling i okt. 2008. I tillegg har Sogn og Fjordane fylkeskommune i møter 10. og 11. juni i år, vedtatt ytterlegare aksjeutviding i Gulen og Masfjorden Utvikling med 2,625 mill.

Gulen og Masfjorden Utvikling AS vart stifta av Wergeland Holding 27. juni 2008 og 16 oktober gjekk 5 offentlege aktørar inn med eigarskap i Gulen og Masfjorden Utvikling AS; Gulen kommune, Masfjorden kommune, Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Hordaland fylkeskommune og SIVA, med følgjande aksjefordeling som vist under.

Representantar frå næringslivet og næringslivsorganisasjonar, sit saman med eigarane i styret. Styret er sett til 8 personar; 4 representantar frå eigarane og 4 representantar frå næringslivet.

| Aksjonær                  | Eigenkapital      | Tal aksjar    | Eigardel     |
|---------------------------|-------------------|---------------|--------------|
| Sogn og Fj. fylkeskommune | 1 500 000         | 2000          | 11,11%       |
| Siva SF                   | 3 834 750         | 5113          | 28,41%       |
| Gulen kommune             | 3 333 000         | 4444          | 24,69%       |
| Masfjorden kommune        | 3 332 250         | 4443          | 24,68%       |
| Hordaland fylkeskommune   | 1 500 000         | 2000          | 11,11%       |
| <b>SUM</b>                | <b>13 500 000</b> | <b>18 000</b> | <b>100 %</b> |

+ utvida eigardel Sogn og Fjordane fylkeskommune med 2,625 mill.kr. slik at samla aksjekapital vert 16.125 mill.kr., og med Sogn og Fjordane fylkeskommune som største eigar.

Håpar Masfjorden kommune ser nytten av å bruke Gulen og Masfjorden Utvikling AS som tenesteleverandør for næringsrelaterte oppgåver i kommunen, som innleiingsvis omtala, og at vi vil kunne utarbeid ein god samarbeidsplattform på bakgrunn av dette.

Sakshandsamar ba den 31.august om ein status over kven som har gitt driftsstøtte til selskapet, og fekk følgjande tilbakemelding (og dermed ikkje noko konkret svar på kven som har gjort vedtak (Gulen innarbeidd i 2009 budsjettet – driftsstøtte med 250.000) og faktisk betalt ut driftsstøtte);

#### NOTAT TILSKOT – DRIFTSMIDLAR TIL GMU

31.08.09

Budsjettmessig er det sett opp eit driftsbudsjett på kr. 1350.000

|                                 |                        |
|---------------------------------|------------------------|
| Gulen kommune:                  | kr. 250.000,-          |
| Masfjorden kommune:             | kr. 250.000,-          |
| Sogn og Fjordane fylkeskommune: | kr. 250.000,-          |
| Hordaland fylkeskommune:        | kr. 250.000,-          |
| <u>SIVA:</u>                    | <u>kr. 350.000,-</u>   |
| <u>SUM:</u>                     | <u>kr. 1.350.000,-</u> |

Driftstilskot frå kommunane Gulen og Masfjorden kommunar, er i hovudsak knyta opp til generelt næringsarbeid i kommunane, fortrinnsvis etablerarvegledning og sekretærfunksjon for næringsforeiningane. For Sogn og Fjordane ligg det inne driftsstøtte for 2009 og 2010, i hovudsak for å jobbe med prosjekta gassbasert industri og næringshage i Sløvåg. Her låg det inne kr. 500.000,-, men vart halvert då for å involvere Hordaland fylkeskommune. For Hordaland er det dei same prosjekta som gjeld, men her vert det søkt om 3-årige prosjektmidlar gjennom RUP-midlane. Søknadene er under utarbeiding. Siva kan gå inn med støtte til forprosjekt i arbeidet med næringshage, og seinare til drift. Kva sum SIVA går inn med her i dei ulike fasane, vil enno vere noko usikkert. Prosjektskisser er under utarbeiding. Aksjekapitalen er pr. juni 2009, på NOK 16.125 mill.

## VURDERING

Ved omdanning av GMU frå Gulen og Masfjorden utbyggingselskap til Gulen og Masfjorden utvikling AS, vart det presentert ei skisse for ny eigarstruktur og kapital i nye "GMU", som innebar 250.000,- i driftstilskot frå m.a. Masfjorden kommune. Tolka som eingongsstøtte. Søknaden frå GMU om driftsstøtte har ingen konkret søknadssum, men ein har lagt til grunn sum i ovannemnde skisse for kapital og eigarstruktur.

I dialog med dagleg leiar GMU ser vel selskapet for seg årleg driftsstøtte på nivå framlagt i skisse for kapital og eigarstruktur.

Det har vore ein gjennomgang av aktuelle oppgåver som GMU kan utføre på vegne av Masfjorden kommune. Rettleiing for næringsaktørar, div. kring kraftfondet og sekretær for næringsforumet er det ein ser for seg som aktuelle oppgåver. Omfanget av dette arbeidet vil nok variere ein del, men i eit normalår vil ikkje omfanget av desse oppgåvene utgjere så alt for mange timars arbeid.

Dersom det skal vere aktuelt med eit årleg driftstilskot på 250.000,-, må ein sjå nærare på arbeidsinnhald og formalisere ein avtale mellom GMU og kommunen. Sakshandsamar har skissert overfor dagleg leiar i GMU at ved eit årleg driftstilskot bør vere basert på ein gitt timepris og i forhold til faktisk utført arbeid for den enkelte aktør – men har tolka det slik at dette kan vere vanskeleg å få gjennomført reint praktisk. Ein meiner at det må vere samanheng mellom driftsstøtte og det ein får att av faktiske tenester. Utan forplikande avtalar mellom ulike aktørar, kan det vere at enkelte får mykje att for driftsstøtte, medan andre aktørar får lite eller tilnærma ingenting att for å tilføre selskapet driftsmidlar. Selskapet er framleis i etableringsfasen, og det er ein del som framleis ikkje er klarert. Ein vonar at dagleg leiar kan avklare ein del overfor Kommunestyret den 17.september kring forretningsplan og korleis selskapet er tenkt drive framover. Dette føreligg ikkje enno, men reknar med at dei er på plass innan kort tid.

Når ein tilrår driftsstøtte til selskapet, er det med bakgrunn i § 4 i vedtektene

### § 4

**Selskapet sitt føremål er å tilretteleggje tilhøva for auka næringsverksemd i kommunane Gulen og Masfjorden, og skal ved å vere ein aktiv pådrivar og koordinator for private aktørar medvirke til etablering av lønsame arbeidsplassar i distriktet. Selskapet skal vidare vere ein koordinator for offentlege midlar til næringsarbeid og vere ein pådrivar for at næringslivet får ei god kunnskaps- og teknologisk utvikling. Selskapet kan drive kjøp/sal og ha anna verksemd i samband med dette. Selskapet kan delta i andre selskap med liknande verksemd. Selskapet skal ha eit nært samarbeid med Gulen/Masfjorden Næringsråd.**

og at ein vonar at selskapet skal bidra positivt for utviklinga i området.

## KONKLUSJON

Masfjorden kommune løyver kr. 250.000 i driftstilskot til GMU, og finansierer løyvinga med posten "andre nærings tiltak" i kraftfonds budsjettet for 2009. Ytterlegare driftsstøtte i åra framover må vere basert på godtgjering i høve til faktisk utførte tenester frå GMU.



# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

| SAKSGANG       |            |        |                  |
|----------------|------------|--------|------------------|
| Politisk organ | Møtedato   | Saksnr | Sakshands.       |
| Kommunestyret  | 08.12.2009 | 104/09 | Ørnulf Lillestøl |

|                       |                     |
|-----------------------|---------------------|
| Arkiv: N-007, N-403.4 | Arkivsaknr.: 09/494 |
|-----------------------|---------------------|

### SAK - UTTALE TIL PLAN FOR TANNHELSETENESTER I HORDALAND 2010 - 2013

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommunestyre gjev fylgjande uttale til høyringsutkast om plan for tannhelsetenester i Hordaland 2010 – 2013:

#### Framlegg til uttale:

Masfjorden kommunestyre meiner Hordaland fylkeskommune har sendt ein lettlest, strukturert og logisk godt oppbygd plan på høyring.

Planen er prega av dilemma mellom sentralisering for å auka stabilitet og etablera breiare fagmiljø på den eine sida og ynskje om å avgrense reiseavstand og oppretthalde lokale klinikkar i tråd med kommunar og pasientar sine ynskje på den andre sida.

Masfjorden kommunestyre ser dette dilemma i ei rekkje planar og tankar om framtidige tenestestrukturar, og meiner denne utviklinga utarmar distrikta og gjer det mindre attraktivt å bu der. Vi meiner at ei sentralisering først må vurderast dersom det over tid ikkje lukkast å få bemanning på distriktsklinikane.

Masfjorden har hatt ei kvalitativt god og stabil teneste over mange år. Både kommunen og brukarane er særst nógde med tenesta. Eit besøk på tannklinikken er innarbeidd som ein rutine i dei fleste masfjordingar sin årsyklus. Flytting av klinikken når tannlegen sluttar, vil verke brutalt sett i høve til flytting av klinikkar som har opplevd rekrutteringsvanskar over tid, med redusert opningstid osv.

Masfjorden kommunestyre ber Hordaland fylkeskommune å strekkje seg langt for å oppretthalde klinikken i Masfjorden, og å gjera eit godt rekrutteringsarbeid for å få på plass ein ny tannlege når dette blir aktuelt. Masfjorden kommune vil gjerne samarbeide med fylkeskommunen og bidra i spørsmål om barnehage, bustad og arbeid til ektefelle/sambuar. Vi trur vi i felleskap kan utarbeide god og rekrutteringsfremjande ordningar.

#### Finansiering

#### Heimel



## **KS-104/09 VEDTAK:**

**Masfjorden kommunestyre gjev fylgjande uttale til høyringsutkast om plan for tannhelsetenester i Hordaland 2010 – 2013:**

**Framlegg til uttale:**

**Masfjorden kommunestyre meiner Hordaland fylkeskommune har sendt ein lettlest, strukturert og logisk godt oppbygd plan på høyring.**

**Planen er prega av dilemma mellom sentralisering for å auka stabilitet og etablera breiare fagmiljø på den eine sida og ynskje om å avgrense reiseavstand og oppretthalde lokale klinikkar i tråd med kommunar og pasientar sine ynskje på den andre sida.**

**Masfjorden kommunestyre ser dette dilemma i ei rekkje planar og tankar om framtidige tenestestrukturar, og meiner denne utviklinga utarmar distrikta og gjer det mindre attraktivt å bu der. Me meiner at ei sentralisering først må vurderast dersom det over tid ikkje lukkast å få bemanning på distriktsklinikane.**

**Masfjorden har hatt ei kvalitativt god og stabil teneste over mange år. Både kommunen og brukarane er særst nøgde med tenesta. Eit besøk på tannklinikken er innarbeidd som ein rutine i dei fleste masfjordingar sin årssyklus. Flytting av klinikken når noverande tannlege går av med pensjon, vil verke drastisk sett i høve til flytting av klinikkar som har opplevd rekrutteringsvanskar over tid, med redusert opningstid osv.**

**Masfjorden kommunestyre forventar at Hordaland fylkeskommune opprettheld klinikken i Masfjorden, og gjer eit godt rekrutteringsarbeid for å få på plass ein ny tannlege når dette blir aktuelt. Masfjorden kommune vil samarbeide med fylkeskommunen om lokale, bustad, barnehage, og evt arbeid til ektefelle/sambuar. Me trur me i fellesskap kan utarbeide rekrutteringsfremjande ordningar.**

### **Det skjedde i Kommunestyret den 08.12.2009:**

**Dina Dyrhovden, Ap**, gjorde framlegg om nokre mindre endringar.

*4. avsnitt 4 setning: Flytting av klinikken når noverande tannlege går av med pensjon, vil verke drastisk...*

*Siste avsnitt:*

*Masfjorden kommunestyre forventar at Hordaland fylkeskommune opprettheld klinikken i Masfjorden, og gjer eit godt rekrutteringsarbeid for å få på plass ein ny tannlege når dette vert aktuelt. Masfjorden kommune samarbeide med fylkeskommunen om lokale, bustad, barnehage, og evt. arbeid til ektefelle/sambuar. Vi trur at me i fellesskap kan utarbeide rekrutteringsfremjande ordningar.*

### **Røysting:**

**Framlegg til vedtak med endringane frå Ap vart samrøystes vedteke.**

## SAKSTILFANG:

| Nr | T | Brevdato   | Avsendar/Mottakar       | Tittel  |
|----|---|------------|-------------------------|---|
| 1  | I | 05.10.2009 | Hordaland fylkeskommune | Høyringsbrev - Plan for tannhelsetenester i Hordaland |
| 3  | I | 03.11.2009 | Hordaland fylkeskommune | Plan for tannhelsetenester i Hordaland                |

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Hordaland fylkeskommune har utarbeidd utkast til plan for tannhelsetenester i Hordaland 2010 – 2013. Frist for uttale er sett til 04.12.09

### FAKTA

#### Aktuell plan

Planen skisserer visjon, mål, utfordringar og tiltak. Som tidlegare er den store utfordringa å sikre rekruttering og stabilitet til tannklinikane i utkantkommunane. For å løysa denne utfordringa legg planen opp til nedlegging og sentralisering til større kontor og sterkare og meir robuste fagmiljø.

I planen er klinikken i Masfjorden planlagt flytta når noverande tannlege sluttar (s.26) Klinikken vert då flytta til Knarvik/Lindås eller evt oppretthalden som ein biklinikk. Det er ikkje spesifisert nærare kva biklinikk i praksis vil innebere.

I handlingsdelen er det presisert at det er viktig å levere likeverdige tenester av høg kvalitet til rett tid til alle prioriterte grupper uavhengig av bustad og sosiale tilhøve.

For å sikre dette er nokre av tiltaka retta mot rekruttering og stabilisering, som tiltak for vurdering av konkurransedyktig løn. Nokre tiltak er knytt til å leggje om struktur (sentralisere) for å sikre kvalitet, og ein meiner at det er viktig ”å få aksept for at eit fagleg godt og likeverdig tilbod til alle krev satsing på færre meir sentraliserte klinikkar.” (s. 24)

### VURDERING

Planen og tiltaka ber preg av dilemma fylkeskommunen står overfor. På den eine sida er kvalitet på denne tenesta knytt til tilgjenge. For gruppene eldre, langtidsjuka, psykisk utviklingshemma, barn og ungdom er reiseavstand ein sær viktig indikator. Samstundes er ingen tent med å ha ein lokal klinikk ståande utan bemanning.

Masfjorden kommune er kjent med denne situasjonen og desse utfordringane frå mange fagfelt. Masfjorden kommune forstår at sentralisering kan sjå ut som ei god løysing for rekruttering, men vil streka under at sentraliseringa lett kan føra med seg nye utfordringar, som at tenesta ikkje når fram til utsette brukargrupper i utkantkommunane.

Eit av rekrutteringstiltaka som er omtala er ”*leggje til rette for bustad/barnehage, jobb for sambuar/ektefelle.*” Planen peikar på kommunane som samarbeidspart i dette arbeidet. På dette området meiner vi at Masfjorden har fortrinn som ein vanskeleg vil finne i bynære strøk. Dette bør vi prøva å utnytta i rekrutteringsarbeidet.

#### **Framlegg til uttale:**

Masfjorden kommunestyre meiner Hordaland fylkeskommune har sendt ein lettlest, strukturert og logisk godt oppbygd plan på høyring.

Planen er prega av dilemma mellom sentralisering for å auka stabilitet og etablera breiare fagmiljø på den eine sida og ynskje om å avgrense reiseavstand og oppretthalde lokale klinikkar i tråd med kommunar og pasientar sine ynskje på den andre sida.

Masfjorden kommunestyre ser dette dilemma i ei rekkje planar og tankar om framtidige tenestestrukturar, og meiner denne utviklinga utarmar distrikta og gjer det mindre attraktivt å bu der. Vi meiner at ei sentralisering først må vurderast dersom det over tid ikkje lukkast å få bemanning på distriktsklinikane.

Masfjorden har hatt ei kvalitativt god og stabil teneste over mange år. Både kommunen og brukarane er særst nógde med tenesta. Eit besøk på tannklinikken er innarbeidd som ein rutine i dei fleste masfjordingar sin årsyklus. Flytting av klinikken når tannlegen sluttar, vil verke brutalt sett i høve til flytting av klinikkar som har opplevd rekrutteringsvanskar over tid, med redusert opningstid osv.

Masfjorden kommunestyre ber Hordaland fylkeskommune å strekkje seg langt for å oppretthalde klinikken i Masfjorden, og å gjera eit godt rekrutteringsarbeid for å få på plass ein ny tannlege når dette blir aktuelt. Masfjorden kommune vil gjerne samarbeide med fylkeskommunen og bidra i spørsmål om barnehage, bustad og arbeid til ektefelle/sambuar. Vi trur vi i felleskap kan utarbeide god og rekrutteringsfremjande ordningar.

## KONKLUSJON

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

| SAKSGANG       |            |        |                            |
|----------------|------------|--------|----------------------------|
| Politisk organ | Møtedato   | Saksnr | Sakshands.                 |
| Kommunestyret  | 08.12.2009 |        | Svein Helge Hofslundsengen |

|              |                     |
|--------------|---------------------|
| Arkiv: N-102 | Arkivsaknr.: 09/820 |
|--------------|---------------------|

### SAK - SØKNADER OM AVSETJING AV UNYTTE MIDLAR 2009 REKNESKAPEN

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- 1 Det vert delegert til rådmannen å ta stilling til søknader om overføring av unytta løyvingar
- 2 Avsetjingane etter pkt. 1 skal ha prioritet etter tidlegare vedtekne avsetjingar frå 2009 rekneskapen (konsesjonskraft og investeringstiltak)
- 3 Det skal gjerast budsjettendringar i tråd med vedtak under pkt.1
- 4 Momskompensasjon som gjeld investeringane skal overførast frå drift til investering fullt ut.
- 5 Meirinntekter utover det som er budsjettert, kan avsetjast til fond, eigenkapital framtidige investeringar – vedtaksmynde delegert til ordførar innan 31.12.09

#### Finansiering

Alle disponeringar har inndekking i form av mindrebruk i høve justert budsjett

#### Heimel

Økonomireglementet (m.a. pkt. 7.2. & 11.1)

#### **KS-105/09 VEDTAK :**

1. Det vert delegert til rådmannen å ta stilling til søknader om overføring av unytta løyvingar.
2. Avsetjingane etter pkt. 1 skal ha prioritet etter tidlegare vedtekne avsetjingar frå 2009 rekneskapen (konsesjonskraft og investeringstiltak).
3. Det skal gjerast budsjettendringar i tråd med vedtak under pkt.1.
4. Momskompensasjon som gjeld investeringane skal overførast frå drift til investering fullt ut.

**5. Meirinntekter utover det som er budsjettet, kan avsetjast til fond, egenkapital framtidige investeringar – vedtaksmynde delegert til ordførar innan 31.12.09.**

**Det skjedde i Kommunestyret den 08.12.2009:**

Saka vart drøfta og det vart stilt spørsmål.

Kommunestyret stilte spørsmål med kvifor det var så mange som hadde midlar til overs og om det var sett tak på kor mykje unytta midlar avdelingane kunne få overført.

Ass. rådmann Svein Helge Hofslundsengen svara:

**Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

**SAKSTILFANG:**

| Nr | T | Brevdato   | Avsendar/Mottakar                                 | Tittel   |
|----|---|------------|---|--|
| 2  | I | 27.11.2009 | Heimeteneste Sør v/Tove Kristin S. Tistel         | Søknad om overføring av unytta midlar frå 2009 til 2010                                  |
| 3  | I | 27.11.2009 | Sandnes skule v/Kjellaug B. Strand                | Søknad om overføring av unytta midlar frå 2009 til 2010                                  |
| 5  | I | 30.11.2009 | Rådgjevar Alf Strand                              | Søknad om overføring av overskot 2009 til fond i 2010 for teneste 30304 og teneste 21301 |
| 6  | I | 30.11.2009 | Matre skule v/Liv Øydis Trædal                    | Søknad om overføring av unytta midlar frå 2009 til 2010                                  |
| 4  | I | 30.11.2009 | Avdeling Nystova v/Aud Berit Sleire               | Søknad om overføring av overskot frå 2009 budsjettet til fond i 2010                     |
| 1  | I | 30.11.2009 | NAV Masfjorden v/Dina Dyrhovden                   | Søknad om overføring av unytta budsjettmidlar for 2009                                   |
| 8  | I | 01.12.2009 | Nordbygda skule v/Berit Lygre                     | Søknad om overføring av midlar frå 2009 budsjettet                                       |
| 9  | I | 01.12.2009 | Heimetenesta i Indrefjorden v/Elin Eikemo         | Søknad om overføring av overskot i 2009 til fond   |
| 7  | I | 01.12.2009 | Masfjorden barnevernteneste v/Leila T. Andvik     | Søknad om overføring av midlar frå 2009 til 2010   |
| 10 | I | 03.12.2009 | Masfjorden sjukeheim avd. pleie v/Helga Ellingsen | Søknad om overføring av midlar - 25300, 25400 og 26501 frå 2009 til 2010 budsjettet      |

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Kommunen har praktisert ei ordning med høve til avsetjing av unytta midlar til fond, for bruk i seinare budsjettår, etter søknad.

### HØYRING

Info. gitt i økonomireglement og sist leiarsamling.

### UTTALE

Jf. innspel og søknader.

### FAKTA

Mindreforbruk innan ei teneste kan avsetjast til fond for bruk i seinare budsjettår, under føresetnad av at heile rammeområdet samla går i pluss. Går ein barnehage i pluss, og samla sett går rammeområdet i pluss, kan deler av mindreforbruket på ei teneste avsetjast til fond. Alternativ om ein barnehage går i pluss, medan samla sett går rammeområdet på eit overforbruk, får ikkje aktuelle barnehage med innsparing i høve budsjett høve til å føreta avsetjing.

Ordninga er heimla i økonomireglementet.

#### **11.1 Hovudregel:**

- Dersom det ved handsaminga av ein årsrekneskap vert avdekkja avvik mellom rammetildeling og faktiske rekneskapstal, skal kommunestyret nytta fylgjande hovudregel ved disponering/dekking av meir- eller mindreforbruk.
- Mindreforbruk på eit rammeområde vert overført til gjeldande rammeområde med inntil 50% av mindreforbruket i eit budsjettår, men likevel avgrensa til kommunen sitt samla mindreforbruk for året.  
Honoreringa skjer som ein hovudregel året etter at resultatet oppstår.
- Meirforbruk skal dekkast av gjeldande rammeområde med 100% av summen – i budsjettåret eller på neste budsjettår
- Før vedtak vert fatta, skal det vera tilstrekkeleg opplyst kva som er årsaka til avviket og kva tiltak som er gjennomført i rekneskapsåret for å unngå avviket.

### VURDERING

Det er i år komme mange søknader om overføring av unytta løyvingar, og handsaming av desse vert gjort i midten av desember – tilrår difor at avgjerd kring desse søknadene vert delegert til rådmann.

Det er allereie i 2009 fatta vedtak om overføring av unytta løyvingar (relatert til konsesjonskraft 2010) og finansiering av investeringstiltak (mva.delen utleigebygg), og desse må sikrast først.

Ein vil elles ha fokus på å frigjere eigenkapital til investeringstiltak 2010 budsjettet, slik at ein kan halde målsetjing om å ikkje føreta større låneopptak enn kva ein betalar ned i avdrag.

Deretter vurderer ein avsetjingar til fond ut i frå unytta løyving for kvar einskild søkjar, kor ein vil vektleggje grunnlaget for mindreforbruket.



## KONKLUSJON

Det vert delegert til rådmannen å ta stilling til søknader om overføring av unyttta løyvingar

Avsetjingane etter pkt. 1 skal ha prioritet etter tidlegare vedtekne avsetjingar frå 2009 rekneskapen (konsesjonskraft og investeringstiltak)

Det skal gjerast budsjettendringar i tråd med vedtak under pkt.1

Momskompensasjon som gjeld investeringane skal overførast frå drift til investering fullt ut.

Meirinntekter utover det som er budsjettert, kan avsetjast til fond, eigenkapital framtidige investeringar – vedtaksmynde delegert til ordførar innan 31.12.09

